



Kristoffer Støylen Refvik

## Påverka av kommentarfeltet?

Ei kvasiekperimentell tilnærming til kommentarfeltets innverknad på persepsjonen av eit nyheitsemne

Masteroppgåve i Sosiologi

Veileder: Toril Aalberg

Trondheim, mai 2016

Kristoffer Støylen Refvik

## Påverka av kommentarfeltet?

Ei kvasieksperimentell tilnærming til  
kommentarfeltets innverknad på  
persepsjonen av eit nyheitsemne

Masteroppgåve i Sosiologi  
Veileder: Toril Aalberg  
Trondheim, mai 2016

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

## Forord

Eg har alltid sett på nettdebatten som ein utmerket arena for meningsutveksling, og synst den har eit kjempepotensial for ein sivildemokratisk diskusjon. Forbi meningsutvekslinga, og det å ytre si eiga subjektive mening, ser eg også ein potensiell arena for å tileigne seg nye perspektiv. Den aktuelle debatten rundt nettdebatten gjer likevel uttrykk for at den ikkje fungera. I staden for å nytte kommentarfelta til å gje konstruktive tilbakemeldingar som følgje av reaksjonar på eit nyheitsemne, samt kritiske poengteringar som kan vise til andre viktige sider ved ein artikkel, verkar det i større grad som at den har blitt ein arena for utblåsingar av uhøflege, destruktive og nedlatande ytringar.

Som følgje av ein blanda følelse av fascinasjon og frustrasjon, har eg nytta den anledninga det er å skrive ei masteroppgåva til å sjå nærmare på kommentarfeltets trekk og eigenskapar. Ved sida av å ha kartlagt eit utvals generelle oppleving av nettdebatten, har eg primært sett på korleis tonen i kommentarfelta kan ha innverknadar på persepsjonen av ein nyheitsartikkel. Den personlege motivasjonen bak har ikkje vore å undersøkje om dei uhøflege ytringane er eit problem berre fordi dei nettopp er uhøflege, men å kartleggje effektane som kjem som følgje av at dei er det.

Eg vil rette ein stor takk til alle som har vore behjelpelege med å skaffe respondentar. Snøballrekrutteringa, som har skjedd gjennom "deling" i sosiale media, har gjett meg tilgang til eit større datamateriale enn eg såg for meg på førehand. Dette har både styrka motivasjonen til å arbeide med oppgåva, samt tyngda i arbeidets analyse. Eg vil takke vegleiaren min Toril Aalberg for konstruktiv vegleiing. Eg vil også takke vener og familie, som ikkje berre har støtta meg i å komme i mål med masteroppgåva, men jamt og trutt gjennom heile studiet.



# Innholdsliste

1 Påverka av kommentarfeltet? .....	1
1.1 Innleiing .....	1
1.2 Aktualisering .....	2
1.2.1 Sosiale medias framvekst .....	2
1.2.2 Kommentarfeltet.....	3
1.3 Samandrag.....	4
2 Teori og tidlegare forskning .....	7
2.1 «Civility»   «Incivility» .....	7
2.1.1 Høfleg   Uhøfleg - Omgrepsavklaring.....	7
2.2 Tidlegare forskning på kommentarfeltets effekt .....	9
2.2.1 Omfanget av uhøflege ytringar.....	9
2.2.2 «Framing» som føresetnad for kommentarfeltets tone .....	11
2.2.3 Dei uhøflege ytringanes effekt .....	12
2.2.4 Den polariserande effekten.....	14
2.4 Det utopiske perspektivet .....	16
2.4.1 Høflege normer for deliberativ debatt .....	17
2.4.2 Det høflege kommentarfeltet: Journalistane, ekspertane og samfunnstoppenes inntog i nettdebatten .....	20
2.5 Det dystopiske perspektivet .....	22
2.5.1 Deliberasjon – Folket eller eliten?.....	22
2.5.2 Det uhøflege kommentarfeltet: Netthets, seksualiserte truslar og diskriminering ..	23
2.5.3 Anonyme aktørar som føresetnad for uhøfleg framferd.....	24
2.5 Påverknad på persepsjon .....	25
2.5.1 Predisposisjon eller mentale snarvegar? .....	26
2.5.2 Risikopersepsjon .....	27
2.6 Forventningar .....	28
3 Metode.....	31
3.1 Forskingsdesign og metodisk tilnærming .....	31
3.1.1 Kvasiekperimentelt design.....	31
3.1.2 Grunngevna for den eksperimentelle tilnærminga.....	32
3.1.3 Bruk av teikn og gruppenamn .....	32
3.2 Spørjeskjema og stimuli .....	33
3.2.1 Spørjeskjema .....	33
3.2.2 Artikkelenens emne.....	33

3.2.3	Kommentarfeltas innhald .....	34
3.3	Utval .....	36
3.3.1	Grunngjevnad av valde respondentar .....	36
3.3.2	Snøballrekruttering .....	36
3.3.3	Randomisering .....	37
3.4	Fordelingar mellom eksperiment- og kontrollgruppe .....	38
3.4.1	Utvalets eigenskapar .....	38
3.4.1	Størrelse, alder og kjønn .....	39
3.4.2	Syssetjing og politisk orientering .....	40
3.4.3	Utvalets kunnskap til artikkelens emne .....	42
3.4.4	Anna nemneverdig kritikk av utvalet .....	43
3.5	Operasjonalisering .....	44
3.5.1	Analyse av gjennomsnitt .....	44
3.5.2	Lineær regresjonsanalyse .....	46
3.6	Verifisering .....	47
3.6.1	Validitet .....	47
3.6.2	Generalisering .....	48
3.6.3	Reliabilitet .....	48
3.7	Refleksjonar .....	49
3.7.1	Metodiske betraktningar i etterkant .....	49
3.7.2	Etiske refleksjonar .....	50
4	Analyse .....	53
4.1	Attgjeving av stimuli .....	53
4.2	Spørsmål i forkant av stimuliane .....	55
4.2.1	Utvalets nyheitskjelder .....	55
4.2.2	Bruk av nyheitsartiklanes kommentarfelt .....	56
4.2.3	Kommentarfelt som seriøs arena for debatt .....	57
4.3	Variansanalyse: Respondentanes respons på artikkelen .....	59
4.3.1	Positiv eller negativ til artikkelens emne? .....	59
4.3.2	Analyse av dei polariserande effektane .....	61
4.3.3	Dårleg eller god kvalitet på artikkelen .....	63
4.4	Variansanalyse: Respondentanes respons på kommentarfeltet .....	65
4.4.1	Kommentarfeltet belyser andre viktige sider .....	65
4.4.2	Opplevd grad av saklegheit .....	66
4.4.3	Einigheit i ytringane .....	67

4.4.4 Utsegna i kommentarfeltet er viktigare enn nyheitsemne .....	68
4.5 Lineære regresjonsanalysar .....	69
5 Drøfting .....	77
5.1 På kva måte kan tonen i kommentarfeltet ha innverknadar på persepsjonen av ein nyheitsartikkel? .....	77
5.1.1 Polarisierende effekt? .....	77
5.1.2 Det utopiske- versus det dystopiske perspektivet .....	79
5.1.3 Kritiserbare aspekt rundt analysens resultat .....	81
5.4 Konkluderande avslutning.....	82
Referanseliste .....	85
Vedlegg - Spørreundersøkelse og stimuli .....	88
Kontrollgruppas stimuli: .....	93
Eksperimentgruppas stimuli:.....	94

# Tabellar

<u>Tabell 1: Visuell framstilling av polarisering</u>	ss. 14
<u>Tabell 2: Frekvensoversikt av aldersfordeling</u>	ss. 39
<u>Tabell 3: Sysselsetjing</u>	ss. 40
<u>Tabell 4: Kva for parti hadde du stemt om stortingsvalet var i morgon?</u>	ss. 41
<u>Tabell 5: Kor venstre- eller høgreorientert er du på ein politisk skala?</u>	ss. 42
<u>Tabell 6: Utvalets kunnskap om artikkelens emne - lærarutdanning</u>	ss. 42
<u>Tabell 7: Hyppigheit i bruk av nyheitskjelder</u>	ss. 55
<u>Tabell 8: Bruk av kommentarfelt – Kor ofte respondentane</u>	ss. 56
<u>Tabell 9: Generell oppleving av kommentarfelt – Usakleg   Sakleg</u>	ss. 58
<u>Tabell 10: Påstandar – Grunnar til å lese kommentarfelt</u>	ss. 59
<u>Tabell 11: Krysstabell - Kor positive respondentane er til nyheitsemne</u>	ss. 60
<u>Tabell 12: Variansanalyse - Kor positive respondentane er til nyheitsemne</u>	ss. 61
<u>Tabell 13: Krysstabell - Polariserande effektar som følge av politisk orientering</u>	ss. 62
<u>Tabell 14: Variansanalyse - Polariserande effektar som følge av politisk orientering</u>	ss. 63
<u>Tabell 15: Opplevd kvalitet på artikkelen:</u>	ss. 64
<u>Tabell 16: Kommentarfeltet belyser andre viktige sider ved lærarutdanninga</u>	ss. 65
<u>Tabell 17: Oppleving av kommentarfeltets saklegheit:</u>	ss. 66
<u>Tabell 18: Einigheit i ytringane</u>	ss. 67
<u>Tabell 19: Argumentet i ytringane - Viktigare enn at lærarutdanninga blir femårig</u>	ss.69
<u>Tabell 20: Regresjonsmodellar som kontrollera forholdet mellom eksperimentgruppa og kor positive ein er til at lærarutdanninga blir femårig</u>	ss. 71
<u>Tabell 21: Regresjonsmodellar som kontrollera for attgjeving</u>	ss. 74



## Summary

This master thesis aims to be a contribution to gain a broader understanding of people's political discussion on the Internet, and primarily the effects it has on those who read the comments. I have therefore taken a closer look at how the online debate can influence the perception of a news article. Previous research has had a particularly strong focus on whether or not these online debates promote or hinder democratic values. This has inspired me to take a closer look at how the comment fields' tone can affect the readers' perception, and whether it can affect the perception of a news topic. The overriding issue therefore sounds as follows:

*In what way can a comment field's degree of incivility affect the readers' perception of a news article?*

In a quasi-experimental design, I exposed 545 respondents divided into two groups for the same news topic, but different comment fields: one with a rude- and one with a polite tone towards the news articles' content, and analyzed how the degree of incivility affects the respondents' perception. The results shows that the respondents has clear opinions of comment fields in general, and seems to perceive online debates as an arena with a low level of seriousness. As far as the effect on the respondents' perception, it still seems like the comment fields' degree of incivility affects the groups' perception of the news articles content differently.



# 1 Påverka av kommentarfeltet?

## 1.1 Innleiing

I ei digitalisert verd, og som følgje av ein informasjonsrevolusjon, har talet på publikumsdeltaking i nettdebattane vore aukande. Dette har gjort at sjølve nettdebatten også har blitt gjenstand for debatt, då nettdebatten er ein potensiell demokratisk arena for folkets politiske diskusjon. For berre eit par tiår tilbake sende folk ytringane sine inn som potensielle bidrag til papiravisene, kor mediehusa valde kva for nokre reaksjonar som skulle inkluderast. Sidan då har ein hurtig framvekst av sosiale media gjort det mogleg for kven som helst å delta, både aktivt og passivt, noko fleire samfunnsforskarar hevdar har skapt eit kunnskapshol. I eit fagfelt som søker å forstå samfunnet på mikro- og makronivå, handlar sosiologi i stor grad om å gje ein samfunnsdiagnose. I ei periode kor sjølve nettdebatten er gjenstand for debatt, ser eg difor på ei djupare forståing av kommentarfeltets effektar som eit nyttig bidrag til denne klargjeringa.

Denne masteroppgåva søker altså å vere eit bidrag til å få ei breiare forståing av folkets politiske diskusjon på nett, og primært effektane den har på dei som les ytringane. I dette studiet har eg difor forska på kommentarfeltets påverknad på persepsjonen av ein nyheitsartikkel. Tidlegare forskning har hatt eit særleg fokus på kor vidt nettdebattane fremmar eller hemmar demokratiske verdiar, særleg med omsyn til høflegheit. Dette har inspirert meg til å sjå nærmare på kommentarfeltets innverknad på persepsjon, og om tonen i kommentarfeltet kan ha innverknad på korleis ein oppfattar eit nyheitsemne. Den overordna problemstillinga lyder difor slik:

**Problemstilling:** *På kva måte kan tonen i kommentarfeltet ha innverknadar på lesaranes persepsjon av ein nyheitsartikkel?*

Oppgåva er oppbygd i fem kapittel. Kapittel 1 er eit innleiande kapittel som fyrst presentera oppgåvas problemstilling, aktualisering av emne, samt eit samandrag av tidlegare forskning, analysens resultat og konklusjon. Kapittel 2 gjer greie for oppgåvas bruk av teori, samt resultat frå tidlegare forskingsartiklar som har studert same emne. Kapittel 3 gjer greie for metodiske val og betraktningar, medan eg presentera sjølve resultatata frå analysen i kapittel 4.

Kapittel 5 er eit avsluttande drøftingskapittel, kor heile oppgåva blir diskutert fram mot ei konkluderande avslutning.

## 1.2 Aktualisering

### 1.2.1 Sosiale medias framvekst

Til tross for at den verkeleg utbreidde bruken av sosiale media ikkje har eksistert i meir enn knapt eit tiår, har den raskt vore med på å forme fleire aspekt. Det som i starten var ein sosial plattform for interaksjon mellom relasjonar har blitt ein arena som i større grad er med å sette dagsorden, og som er nytta under utdanning, i arbeidslivet, for å invitere til hendingar og knytt til nyheitsformidling. Forfattarane Bernard Enjolras, Rune Karlsen, Kari Steen-Johnsen og Dag Wollebæk har gjort greie for samfunnsengasjement, mobilisering, debatt, politisk kommunikasjon og meir i boka «Liker – Liker ikke» (Enjolras et al. 2013: 7). Temaet for boka er konsekvensane av sosiale medias framvekst for samfunnsengasjement, demokratisk deltaking og offentlegheit.

Dei har både studert aktivitetar som går føre seg i sosiale mediar, slik som nyhendeformidling og *kommentarverksemd*, òg koplinga mellom deltaking i sosiale mediar og deltaking i andre typar samfunnsretta aktivitet. Fleire av trekka dei har påvist, tyder på demokratisering av sivil og politisk deltaking. For det fyrste har dei vist at tilgang til Facebook er tilnærma allemannseige i Noreg, noko som understrekar at alle har moglegheita for å delta i politiske debattar og dialogar på nettet. For det andre har dei vist at bruk av Facebook til politisk diskusjon og nyhendeformidling riktig nok gjeld ei mindre gruppe, men at denne gruppa ikkje kan karakteriserast som ei elite ut frå tradisjonelle statuskjenneteikn.

Sjølv om studiet i denne boka (Enjolras et al. 2013) viser at det er ei mindre gruppe som er aktive, så vil eg poengtere at gruppa som *les* kommentarane truleg ikkje er tatt med i betraktning, og at dette potensielt kan handle om ein langt større del av befolkninga. Målet med denne masteroppgåva er ikkje å sjå nærmare på den mindre gruppa, men påverknadar frå ein arena som truleg langt fleire har eit forhold til. Det at gruppa som les kommentarfelt dreier seg om ei langt større del av befolkninga er difor eit sentralt poeng. Det kan likevel nemnast at forskarane (Enjolras et al. 2013) understrekar at dei som ikkje berre er passive, men aktivt ytrar seg, ikkje skil seg ut ved å ha høgare utdanning eller høgare inntekt enn resten av befolkninga.

Den viktigaste faktoren som spelar inn, er kor vidt dei er interessert i politikk. Dette indikera at nettbaserte plattformer som Facebook er ein arena for debatt om nyhende og politikk på tvers av befolkningsgrupper. I tillegg er det eit sentralt poeng at ungdom er overrepresentert i debattar på nettet, på tvers av ulike medieplattformer, men spesielt på Facebook, Twitter og i diskusjonsfora.

### **1.2.2 Kommentarfeltet**

Som nemnd i innleiinga har talet på publikumsdeltaking i nettdebattane vore aukande, og sjølv nettdebatten har også blitt gjenstand for debatt. Til tross for at nettdebatten er eit dagsaktuelt tema, og at dei fleste har kunnskapar om korleis denne arenaen fungera, ser eg det likevel som praktisk å gjere greie for nokre av plattformens eigenskapar. Kommentarfelt kjenner vi gjerne som ein arena kor lesarar har moglegheita til å skrive eit innlegg under ein artikkel som reaksjon på nyheitsemne. På denne måten ytrar ein seg for alle som er interesserte i ein sivil diskusjon av den aktuelle saka, noko som gjer at nettdebatten blir ein aktuell arena for ytringsfridom og demokratisk deltaking.

Kommentarane kan både starte og inngå i ein diskusjonstråd, og diskusjonane er gjerne knytt til den gitte artikkelens emne. Med nye digitale plattformer har publikums deltaking i media endra seg, og den tradisjonelle praksisen lar seg ikkje enkelt overføre til nettmediet. I tillegg vitnar nettavisers diskusjonsfora og kommentarfelt om eit omfattande engasjement frå brukarane (Enjolras 2008). I motsetning til dei få utvalde ytringane ein kan lese på ei side i ei papiravis, har digitale debattarenaer opna for alle som har tilgang til Internett, samt eit minimum av datakunnskapar. På denne måten skjønner ein at dei fleste nettaviser gjer lesarane gode moglegheiter til å reagere på informasjonen dei vert eksponert for, både gjennom sosiale media og på sjølv nettavisene.

Fleire av dei store mediehusa som Aftenposten, Dagbladet, NRK og VG har lagt til rette for å kommentere artiklar på nettet. Nettavisene operera innanfor eit etablert rammeverk av etikk, redaktøransvar og kontroll. I følge Enjolras (2008) er talet på deltakarar i nettdebattane aukande, noko som både kan skyldast ein lav terskel for deltaking, samt at desse arenaene er opne for alle. Det at denne nettbruken involvera debatt og publikumsdeltaking, er kanskje den viktigaste årsaka til at sjølv meiningsutvekslinga har blitt gjenstand for debatt. Internett spelar ei stadig viktigare rolle i samfunnet. Vi bruka meir tid på nettet, valmoglegheitene vi har på

nettet aukar stadig og tilgangen til informasjon har aldri vore større. Den er berre eit tastetrykk unna, og som vi skal sjå seinare, hevdar fleire at Internett no er ein av dei viktigaste kanalane for offentleg debatt. I tillegg til at alle nettaviser har egne diskusjonsfora, har også både politikarar og kommentatorar fått seg egne profilar i sosiale media som Twitter og Facebook. Nokre har også egne bloggar, og debattane på nettet dreier seg særst ofte om dagsaktuelle spørsmål. Det at det er fritt fram for alle å delta førar til at nye grupper i samfunnet, ikkje minst yngre menneske, blir med i debattane. Dette skapar grobottn for å seie at politikk meir enn før handlar om kommunikasjon.

Kommunikasjon mellom menneske har også blitt den viktigaste drivkrafta i utviklinga på nettet. Der flyten av informasjon tidlegere gjekk frå éin til mange, har den no potensiale til å gå frå alle til alle. Det betyr at vi i noko mindre grad enn tidlegere opplev at nokon på førehand har bestemt kva slags nyhende og liknande som er verdt å formidle, sjølv om det fortsatt er dei store mediehusa som i hovudsak styrer denne funksjonen. Dei aller fleste bruka no sosiale mediar som til dømes Facebook, Twitter, YouTube og forskjellige bloggplattforma. Ved sida av å bruke denne typen media til å dele personlege bilete og oppdateringar, nyttar vi dei også til å kommentere nyhende, og endringane i mediebruken vår påverkar journalistikken. Tidlegare forskning har samtidig stressa at nettdebatten er hardt prega av uhøflege utsegn, og at dette er eit alvorleg problem. Dette har inspirert meg til å skrive ei masteroppgåve om korleis tonen i kommentarfelta kan påverke persepsjonen av eit nyheitsemne.

### 1.3 Samandrag

I eit kvasiekperimentelt design har eg gjennom ei spørjeundersøking eksponert 545 respondentar fordelt i to grupper for same artikkel, men forskjellige kommentarfelt, kor det eine har ein uhøfleg- medan det andre har ein høfleg tone. På denne måten har eg skapt eit grunnlag for å sjå etter tendensar og forskjellar, med omsyn til kor vidt grada av høflegheit i kommentarfelta kan affektare persepsjonen til respondentane. I forkant av stimuliane har respondentane også svart på ein del spørsmål knytt til korleis dei ser på nettdebatten, med omsyn til kor vidt dei opplev den som ein seriøs arena for konstruktiv debatt. Eg har spurd desse spørsmåla for å få eit bilete av korleis utvalet opplev nettdebatten generelt, og knytt resultata frå desse spørsmåla opp mot effekten av tonen i kommentarfelta. I teorikapittelet har eg satt opp det eg kallar for det utopiske- og det dystopiske perspektivet, kor det eine ser på positive-

og det andre på negative sider ved nettdebatten. I drøftingskapittelet har eg kartlagt studiets funn mellom kontrastane til desse perspektiva.

Før eg presentera forskingas funn, vil eg påpeike at nokre av dei tidlegare forskingsartiklane som er nemnde i teorikapittelet har hatt andre kontekstuelle rammar for respondentane. Medan nokre har studert korleis dei aktive aktørane i nettdebatten har påverka kvarandre, har eg studert korleis dei passive aktørane som les ytringane vert påverka. Målet med å replikere desse studiane er å sjå om dei konstaterte effektane til kommentarfeltet også gjeld for dei passive aktørane, og eventuelt kva som gjer at effektane ikkje er til stades. Som nemnd innleiingsvis synst eg tilnærminga til dei passive aktørane rundt kommentarfelt er interessant, med grunnlag i at dei som *les* kommentarfelt truleg handlar om ei langt større gruppe enn dei som skriv. Resultata frå analysen ser også ut til å bekrefte denne hevdinga.

Nokre av forskingsartiklane eg har referert til i teorikapittelet har blant anna hevda at eit uhøfleg kommentarfelt kan polarisere lesarane, i form av at utvalet blir meir ueinige enn kva dei var i utgangspunktet. Dei har også hevda at eit uhøfleg kommentarfelt gjer at respondentane raskt bestemmer seg for at artikkelen er av lav kvalitet, og at innhaldet umogleg kan vere sant. I samanheng med dette vil eg peike på eit anna rammevilkår i denne masteroppgåva som ógså skil seg frå tidlegare forskning, nemleg nyheitsemne eg har valt å eksponere utvalet for. Nyheitsartikkelens emne omhandlar at lærarutdanninga blir omgjort frå å vere treårig bachelor til å bli ein femårig master. Nokre av dei tidlegare forskingsartiklane har nytta stimuli i form av nyheitsartiklar som i større grad har eit sensitivt emne, eller eit nyheitsemne som inkludera ein potensiell risiko for lesarane. Eg har valt eit meir nøytralt artikkeltema og analysert om tonen i kommentarfelta fortsatt har dei same effektane.

Resultata frå mi eiga forskning viser for det fyrste at respondentane gjer uttrykk for at dei opplev nettdebatten som ein lite seriøs arena for konstruktive diskusjonar. Resultata viser også at respondentane har eit bevisst forhold til kommentarfelt generelt. Dei målte gruppene har tydelege kontrastar med omsyn til korleis dei opplevde at tonen i kommentarfelta var med på å belyse andre viktige sider ved saka. Gruppa som vart eksponert for eit uhøfleg kommentarfelt ga til dømes også tydeleg uttrykk for at dei ikkje syntes at ytringane var lagt fram på ein sakleg måte. Når dette er sagt, såg tonen i kommentarfelta likevel ut til å ha innverknadar på gruppene,

avhengig av ytringanes høflegheitsgrad. Gruppa som vart eksponert for eit uhøfleg kommentarfelt hadde nemleg ein tendens til å vere meir negativ til artikkelen. Årsaken bak ser ut til å vere at knytt til politisk orientering, noko som kan ha grunnlag i at forslaget i artikkelen har utspring frå Høyre og Frps regjeringsplattform.

Hevdingane om uhøflege kommentarfelt sine polariserande effektar, kor aktørane vert meir ueinige enn kva dei var i utgangspunktet, såg i mindre grad ut til å vere til stades. Sjølv om dei venstreorienterte respondentane i eksperimentgruppa i større grad vart negative, såg ikkje dei høgreorienterte respondentane til å bli meir positive i eksperimentgruppa enn i kontrollgruppa. Fråveret av den polariserande effekten forklarar eg blant anna med at respondentane i mitt eige studie ikkje sjølv blir fornærma av kommentarane, og at inndelinga mellom dei høgre- og venstreorienterte respondentane er noko uheldig. Tidlegare forskning understreka også at polariseringa helst skjedde dersom respondentane følte at si eiga side vart angrepet. Med omsyn til at nyheitsemne ikkje handlar om ei konkret hjertesak som er politisk orientert, er dette også eit aspekt som kan forklare fråveret av dei polariserande effektane.

Hevdingane om at lesarane raskt bestemmer seg for at artikkelen er av dårleg kvalitet ser heller ikkje ut til å ha vore til stades. Dette kan vere som følgje av at artikkelen i mitt eige studie var relativt kort, og at mange av respondentane difor stilte seg relativt nøytrale til kor vidt dei syntes kvaliteten på artikkelen var god eller dårleg. Det kan også ha med at nyheitsartikkelen ikkje har anlegg for å legge til rette for ein styrka risikopersepsjon, noko som tidlegare forskarar på emne har understreka som ein viktig variabel. Eg konkludera difor, med omsyn til masteroppgåva som ein replikasjon av tidlegare eksperiment, at nokre av effektane frå eit uhøfleg kommentarfelt er avhengig av kontekstuelle rammevilkår. Dette studiet kan likevel konfirmere at dei uhøflege kommentarane ser ut til å gjere at lesarane i større grad vert negative til innhaldet i nyheitsartikkelen. Respondentane som vart eksponert for eit høfleg kommentarfelt ser også ut til å reagere positivt på at normene for ein høfleg debatt ikkje vert brotne. Dei gjer uttrykk for å oppleve ytringane i kommentarfelta som saklege, og at ytringane belyser andre viktige sider ved artikkelen på ein god måte.



## 2 Teori og tidlegare forskning

I dette teorikapittelet skal eg vise til teori og tidlegare forskning på emnet, og diskutere dei opp mot problemstillinga. Dette inneber ei forståing av forskjellen på høflege og uhøflege formar for argumentasjon på nettet, og korleis ulike perspektiv på demokrati legg føringar for både korleis ein skal forstå bruken av kommentarfelt, samt analysen av nettdebattens påverknadskraft. Dei sistnemnde perspektiva har eg delt opp i det utopiske- og det dystopiske perspektivet, som ser på dei positive og negative sidene ved kommentarfelt generelt. Gjennom desse vil eg vise korleis problemstillinga er aktuell med omsyn til korleis uhøfleg retorikk kan verke diskriminerande og hemmande på demokratiske verdiar, og korleis høfleg retorikk kan verke styrkande. Til slutt går eg inn på teoretiske forankringar rundt dei mentale føringane for individuell persepsjon, og korleis faktorar som subjektiv predisposisjon er viktig for å forstå kvifor vi eventuelt ikkje blir påverka av andre instansar.

### 2.1 «Civility» | «Incivility»

Tidlegare forskingsartiklar som har forska på kommentarfelts påverknad på persepsjonen av ein gitt artikkel, har vore flittige til å brukt omgrepa «civility» og «incivility». Før vi går inn på forskingsartiklanes resultat, ser eg det som avgjerande å forklare dei ulike forståingane for desse omgrepa, og korleis eg har tenkt å nytte dei i mitt eige studie. Eg vil også understreke at eg kjem til å nytte skildringane *høfleg* og *uhøfleg* når eg sjølv skal beskrive mine eigne stimuli, som er i form av to manipulerte kommentarfelt. Eg nyttar desse omgrepa fordi eg ser dei som betre norske beskrivingar enn det som direkte overført frå engels blir «sivile» og «usivile» ytringar. «Civility» er eit omgrep som omhandlar eit viktig prinsipp for det offentlege liv, og kan forståast som ein konstruktiv, sakleg og høfleg måte å diskutere på (Herbst 2010: 3). Når eg rettar merksemda mot høflege ytringar, siktar eg difor til omgrepet «civility» som eit verktøy for å beskrive kommentarar med ein heldig, oppløftande og høfleg tone. Når eg rettar merksemda mot uhøflege ytringar, siktar eg til omgrepet «incivility» som eit omgrepsleg verktøy for å beskrive kommentarar med ein uheldig og unødvendig nedlatande tone.

#### 2.1.1 Høfleg | Uhøfleg - Omgrepsavklaring

Sjølv om dei nemnde omgrepa er flittig brukte i fleire forskingsartiklar, er forståinga av dei og måten dei har vore brukte på vore annleis frå éin forskingsartikkel til den andre. Når eg sjølv skal bruke desse omgrepa i mitt eige studie, blir det difor viktig å ha ein tydeleg

omgrepsavklaring. «Incivility» er på fleire måtar eit notorisk vanskeleg omgrep å definere, fordi det som slår ein person som uhøfleg og usakleg kan av ein anna person forståast som heilt på sin plass. Herbst (2010) forklarar at grensa mellom kva som er høfleg og kva som er uhøfleg kjem veldig mykje an på auge som ser (Herbst 2010: 3). Ho forklarar at det blant anna er dette som gjer at forskarar som studera nettdebattar har ulike forståingar av omgrepa.

Papacharissi (2004: 267) har understreka kor viktig det er å sette eit skilje mellom «incivility» og det som berre er oppheta debattar. Han beskriv «incivility» heller som formidling av ein unødvendig nedlatande tone. Papacharissi (2004: 259) sett også eit skilje mellom det som er «civility» og det som berre er rein høflegheit. Fyrstnemnde er meir fokusert på *‘normer som fremmar kollektive godar’*, medan sistnemnde fokusera meir på *‘individuell oppførsel som utvekslar idear utan å true eins publikum, påstandane i artikkelen eller den ein diskutera med’*. Andre forskarar, til dømes Uslander (1993: 1), har omgrepet «civility» under same forståinga av «comity», som beskrivast som *‘tilslutninga til eit sett av normer som fremmar høflegheit og gjensidighet’*. Utan ei spesifikk omgrepsavklaring kan resultata i forskinga mi verke forvirrande, og i verste tilfelle verke mot si hensikt. Som Pacharissi understreka, kan jo oppheta og aggressive debattar fortsatt vere høflege sjølv om dei er negative til påstandane i den gitte artikkelen. Eg har difor valt å gje ei konkret forståing av omgrepa, og understreker at når eg referera til ordet høfleg eller uhøfleg, meina eg spesifikt:

Høfleg (Civility): *Formidling av kommentarar med ein heldig, oppløftande og høfleg tone som fremmar gjensidig respekt til kommentarfeltet, kommentarfeltets deltakarar, kommentarfeltets emne og som mål har å fremme fellesskapets beste.*

Uhøfleg (Incivility): *Formidling av kommentarar med ein uheldig og unødvendig nedlatande tone som hemmar gjensidig respekt til kommentarfeltet, kommentarfeltets deltakarar, kommentarfeltets emne og som resultat hemmar fellesskapets beste.*

Med desse definisjonane kan kommentarar som er negative til påstandane i ein artikkel fortsatt gå under omgrepet «civility», så lenge hensikta til utsegna er høflege og ikkje er unødig nedlatande. Heile poenget med eit kommentarfelt og diskusjonsforum må jo vere ytring og meningsutveksling. Å definere «incivility» som noko så enkelt som å vere negativ til påstandane i ein artikkel, vil sette kjeppar i hjula på det som er hensikta med problemstillinga mi. Når eg vidare i oppgåva siktar til høflege og uhøflege ytringar, siktar eg altså til omgrepsavklaringa over dette avsnittet.

## 2.2 Tidlegare forskning på kommentarfeltets effekt

### 2.2.1 Omfanget av uhøflege ytringar

Konstruktive og respektfulle utvekslingar av idear har blitt sett på som eit demokratisk ideal heilt tilbake til dei gamle athenske diskusjonsfora, og fram til dagens medierte politiske debatter i moderne tid. Dette betyr førebels ikkje at ideale fungera sånn i praksis. Den offentlege diskursen har alltid hatt sin del av uhøfleg framferd, og ifølgje Coe, Kenski og Rains (2015) er ikkje den noverande epoke eit unntak. Kva som likevel ér annleis no, er at dagens store interaktive mediemiljø har skapt større moglegheiter for offentlig debatt, og at uhøflege kommentarar i nettdebattar no spreiaast raskare enn nokon gong før. Dette har gjort at «incivility» har blitt ei sentral bekymring for borgarar og forskarar.

Til dømes viste ei undersøking frå 2010 at meir enn 8 av 10 amerikanarar ser på mangel på sivile eller respektfulle diskursar i det politiske systemet som ‘*noko alvorleg*’ eller eit ‘*særs alvorleg*’ problem (Public Religion Research Institute 2010). Over heile USA har ulike organisasjonar blitt skapt dei siste åra som følgje av desse bekymringane. Døme på desse er National Institute for Civil Discourse ved University of Arizona og Center for Civil Discourse ved University of Massachusetts i Boston. Formåla er å studere og fremme ein konstruktiv og høfleg diskurs. The National Communication Association har til og med hatt «civility» som fokus i ei spesialutgåve av magasinet «Spectra» i løpet av 2011 (Coe, Kenski og Rains 2015: 659). Dette viser at emnet blir tatt på høgt alvor, særleg i USA, kor mykje av den tidlegare forskinga eg viser til kjem frå.

Coe (et al. 2015) har gjort ein analyse av elektroniske diskusjonar i forskingsartikkelen «Online and Uncivil? Patterns and Determinants of Incivility in Newspaper Website Comments». Studien undersøkte artiklar og kommentarar som var posta på ei lokal heimeside over ei periode på tre veke, noko som utgjorde meir enn 300 artikler og 6400 kommentarer. Forskarane strukturerte spørsmåla i undersøkinga rundt emnet «incivility», og avgrensa dei til fire sentrale spørsmål. Det fyrste var eit spørsmål rundt kor mykje «incivility» som eksistera, eller rettare sagt, kor stor del av det materiale dei analyserte som var uhøflege. Dette er eit enkelt, men likevel viktig spørsmål, gitt at mange av dei normative bekymringane rundt «incivility» er basert på ei føresetnad om den betydelege bruken av uhøfleg framferd i den offentlege debatten.

Resultata frå innhaldsanalysen viser at «incivility» oppstår hyppig, og dei fann at opp mot 55,5 % av kommentarfelta inneheldt ei form for uhøfleg framferd (Coe, Kenski og Rains 2015: 658).

I det andre spørsmålet ved bruken av «incivility» såg dei på omgrepet ved å ikkje berre vurdere det som ein uavhengig variabel i forskinga, men heller som ein avhengig variabel. Her såg dei nærmare på eigenskapane til dei enkelte deltakarane. Her prøvde forskarane å finne ut om «incivility» fyrst og fremst er vanleg, altså om den alltid er til stades uavhengig av ytre faktorar, eller kontekstuell og assosiert med spesifikke ytre påverknadar. Spørsmålet låg altså i om uhøfleg framferd i kommentarfelta var knytta til kva type artikkel det var, til dømes om det var snakk om eit sensitivt emne. Dei fant ut at det gjerne er assosiert med kontekstuelle faktorar, som til dømes temaet i artikkelen. Eg kjem nærmare inn på dette gjennom forståinga av omgrepet «framing».

Det tredje spørsmålet i forskingsartikkelen var med omsyn til kor vidt «incivility» var populært eller upopulært i kommentarfelta, og kva reaksjonar dei fekk. Her viser forskarane både til utsagn om at det er fleire som ser på «incivility» som eit problem, og til undersøkingar som bekreftar at publikum føler at politisk diskurs i særdelesheit er driven av ein altfor uhøfleg tone. Med utgangspunkt i desse utsegna ville forskarane sjå om folk som deltok i dei nettbaserte diskusjonane mislikte dei kommentarane som var «uncivil». Forskingas resultat viste at dei uhøflege ytringane skapte misnøye, og at dei hindra konstruktive dialogar. Dette skapar grobotn for å seie at uhøflege ytringar hindrar det demokratiske potensialet i kommentarfeltet, noko som understrekar nytta av å forske meir på eigenskapane ved nettdebatten.

I det fjerde og siste spørsmålet spør forskarane om bruken av «incivility» skadar kvaliteten på dei nettbaserte diskusjonane dei analyserte. Forskarane ser på dette som den viktigaste normative bekymringa rundt «incivility», fordi det er her den kan ha skadelege effektar for det demokratiske samfunnet (Coe, Kenski og Rains 2015: 658). Analysen av dei elektroniske diskusjonane viste at meir enn ein av fem kommentarar var uhøflege. Dei fann også, i motsetning til populære oppfatningar, at dei hyppigaste kommentatorane var høflegare enn dei som sjeldan kommenterte (Coe, Kenski og Rains 2015: 659).

### 2.2.2 «Framing» som føresetnad for kommentarfeltets tone

Som nemnd i eit av dei førre avsnitta, var uhøfleg framferd i kommentarfeltet assosiert med kontekstuelle faktorar, som til dømes temaet i artikkelen. I dei neste avsnitta skal eg difor gjere greie for omgrepet «framing», fordi eg ser det som ein viktig føresetnad for å forstå debatten på nett. Omgrepet er brukt i mediesosiologien for å forklare korleis mediehusa rammar inn artiklane, og er eit omgrepsleg reiskap vi brukar for å forstå og forklare korleis artiklar kan ha ulike framstillingar (McQuail 1994: 326). Det handlar altså om korleis ein retorikk har evne til å framkalle ei særleg forståingsramme som farga og definera dei sakene vi diskuterar.

I følge McQuail (1994) er desse effektane avgjerande for å forstå medias påverknad på samfunnet. Han er forfattaren bak «The entire study of mass communication» og omtalar sjølv at den er basert på eit premiss om at media har betydelege innverknadar (McQuail 1994: 327). I beskrivinga av forholdet mellom media og mottakarane finn ein element av både sterke og avgrensa effektar frå massemedia. På den eine sida ser ein at massemedia i stor grad har føresetnadar for å påverke ved å byggje den sosiale røynda, eller som "innramma bileter av verda". På ein anna side, meina han at medieeffektane er eit resultat av eit avgrensa samspel mellom massemedia og mottakarane. McQuail beskriv det slik:

*“Media discourse is part of the process by which individuals construct meaning, and public opinion is part of the process by which journalists develop and crystallize meaning in public discourse.”* (McQuail 1994: 331).

I forskingsartikkelen «Positive versus negative framing affects justice judgements» har Gamliel og Peer gjort studiar på korleis innramminga av ein artikkel affektera lesaren (Gamliel og Peer 2006: 320). Dei fann ut at når ei tildeling av eit stimuli hadde positiv innramming, blei artikkelen bedømt "meir rettferdig" enn når same stimuli blei ramma inn negativt. Forskarane meina at desse rammeeffektane illustrera folks evne til å dømme ein artikkel, fordi forskjellige beskrivingar av nøyaktig same situasjon var avgjerande for korleis informantane dømte eit stimuli dei vart eksponert for. I den komplekse medieverda som har vokse fram, kor mangfaldet av mediekanalar kjempar om merksemd, kan konkurransen om flest lesarar også fort føre til innrammingar som er så provoserande som mogleg. «Framing» er sånn sett relevant i denne oppgåva for å forstå framveksten av folk sine tidvis sterke negative og uhøflege reaksjonar i kommentarfelta, som følge av overdrivne overskrifter.

Fokuset på mi masteroppgåve er likevel på *kommentarfeltas* påverknad på persepsjonen av ein artikkel, og ikkje påverknaden av artikkelens *innramming*. «Framing» er likevel ein relevant variabel for å forstå kva som påverkar aktørane i kommentarfeltet. For det fyrste for å drøfte kva som gjer at lesarane er negative eller positive, og med omsyn til kva som gjer at dei er høflege eller uhøflege. I eit utopisk perspektiv tar redaktørane «framing» på alvor, og fordrar journalistane til å ramme inn artiklane på ein så balansert måte som mogleg. På denne måten legg dei opp til ein konstruktiv nettdebatt som diskuterer fleire sider av same sak. Eg kjem nærmare inn på utopiske og dystopiske skildringar rundt nettdebatten seinare i kapittelet.

### 2.2.3 Dei uhøflege ytringanes effekt

Sidan McQuail sitt sitat frå 1994 har det skjedd mykje, og det som tidlegare var eit avgrensa samspel har i større grad bevegde seg mot eit interaktivt forhold mellom sendar og mottakar. Mottakarar har fått moglegheita til å ytre sin subjektive tolking av innramminga av ein artikkel, og fordi nettdebatten kan ha eit høgt tempo, blir det ofte presentert uredigerte og ureflekterte meiningar om temaet som blir debattert. I følge Nesvold, Sjurseike og Wadel (2014) gjer dette at vi gjerne brukar argument vi ikkje ville valt om vi hadde hatt betre tid til å tenke oss om. Slike spontane utsegn opplevast ofte som meir "ekte" og ærlige enn planlagde utsegn (Nesvold, Sjurseike og Wadel 2014: 110). Samtidig viste Coe, Kenski og Rains at desse ofte var nedlatande og uhøflege. Spørsmålet er likevel om den nedlatande tonen har noko å seie, og om det har ein effekt på dei som vert eksponerte for dei. I følge forskarane i neste avsnitt kan det sjå sånn ut.

Ved hjelp av eit eksperiment gitt til eit representativt utval for den amerikanske befolkninga, viser forskingsartikkelen «The “Nasty Effect”: Online Incivility and Risk Perceptions of Emerging Technologies» kva for effektar dei uhøflege kommentarfelta kan ha på oppfatningane til lesarane. Til forskinga valde dei kommentarfelt under artiklar som omhandla ein ny teknologi, nanoteknologi. Dei fann blant anna ut at eksponering for uhøflege bloggkommentarar kan polarisere lesarane og gjere dei meir ueinige, og i nokre tilfelle hadde dei faktisk så stor påverknadskraft at lesaranes oppfatningar om nanoteknologi kunne sidestilla langs linjene av religiøsitet. Forskingas resultat hevdar altså at persepsjonen av eit nyheitsemne kan endrast avhengig av om kommentarfeltet har ein høfleg eller uhøfleg tone (Anderson, Brossard, Scheufele, Xenos og Ladwig 2013: 373).

Deltakarane i studiet vart bedt om å fullføre ei undersøking på førehand, kor dei vart spurde om vanar ved eigen mediebruk, kunnskapsnivå rundt emne som vitskap og vitskapens effekt, støtte og tankar rundt nanoteknologi og andre relevante variablar. Eksperimentet hadde eit mellomfagleg design, og besto av eit nøytralt blogginnlegg frå ei kanadisk avis som både gjorde greie for risiko- og nytteinformasjon rundt konsekvensane av nanoteknologi. Spesielt diskuterte blogginnlegget nanosølv med omsyn til forureining av vatn, og samanlikna denne risiken med fordelar, som til dømes antibakterielle eigenskapar (Anderson et al. 2013: 374).

Kvar deltakar fekk ein av åtte manipulasjonar, eller med andre ord ein av åtte brukarkommentarar under blogginnlegget. Forskarane valde å bruke bloggkommentarane som ein arena for diskusjon, fordi dei såg på dette som ein standard og stabil plattform som blir brukt på dei fleste blogg- og nyhendenettstadar. Dermed er konseptet med kommentarfelt under blogginnlegg og liknande nettstadar kjende for dei fleste internettbrukarar. Dette, medan andre diskusjonsplattformer som diskusjonsfora, forskjellige forum og liknande nettstadar ikkje er like mykje brukt, og har hamna i skuggen av framveksten til sosiale media og liknande arenaer som nyttar kommentarfelt.


Manipulasjonane (eller stimuliane) som bringa særleg interesse for forskarane, var «civil vs. uncivil», eller høfleg- vs. uhøfleg online framferd i kommentarfeltet. Dei uhøflege kommentarane starta gjerne med *“Om du ikkje ser fordelane med å bruke nanoteknologi i desse produkta, er du ein idiot”*. Dei høflege kommentarane argumenterte for det same som sine uhøflege kollegaer, men til kontrast brukte dei eit høfleg språk og anerkjente andre brukarar ved å bruke namn framfor kraftuttrykk. Etter å ha lest stimuliane, blei respondentane bedt om å fullføre ein undersøking i etterkant. Her vart respondentane spurde spørsmål rundt bloggen og kommentarane, risiko- og nytteoppfatningar med omsyn til nanoteknologi, demografisk informasjon og eit par andre variablar (Anderson et al. 2013: 377). Forskingsartikkelen viser at dei som les aggressive kommentarfelt raskt bestemmer seg for at kronikken er av lav kvalitet, og at artikkelens innhald umogleg kan vere sant. Konklusjonen var basert på at dei informantane som vart eksponert for eit aggressivt og uhøfleg kommentarfelt endra meining om teksten i større grad enn dei som las eit godt formulert kommentarfelt (Anderson et al. 2013: 385).

Både Anderson (et al 2013) og Coe (et al. 2015) oppmuntrar framtidig forskning til å utforske vidare på spørsmåla rundt kommentarfelts påverknad, noko eg håpar å vere eit mindre bidrag til. Dei understrekar kor viktig det er å få ei betre forståing av danninga av risikooppfatningar for kontroversielle politiske eller faglege emne i samanheng med brukarskapte nettkommentarar (Anderson et al. 2013). Særleg forskarane bak studien «The Nasty Effect» meina at diskusjonar på Internett kan ta uheldige vendingar, særleg med uhøflege kommentarar, fordi dei kan hindre det demokratiske idealet om sunne og konstruktive diskusjonar.

## 2.2.4 Den polariserande effekten

Som nemnd i samanheng med omgrepa «civility» og «incivility», har det sistnemnde omgrepet eit rykte på seg for å ha polariserande eigenskapar. Med *polariserande* meina ein at lesarane i større grad blir ueinige framfor å komme fram til ei felles løysing i dialog. Tidlegare forskingsartiklar har i hovudsak sett at dei uhøflege ytringane i kommentarfeltet polarisera dei aktive aktørane i kommentarfeltet. I denne masteroppgåva skal eg nytte teorien for å sjå om uhøflege ytringar også kan ha desse polariserande effektane når aktørane er passive. I ein haldningsvariabelen som målar kor positive respondentane er til artikkelens emne vil eg difor ikkje berre sjå om eksperimentgruppa i større grad er negativ til artikkelens emne. Eg vil også sjå om respondentane som vert eksponert for det uhøflege kommentarfeltet i større grad også er i kvar sin ende av haldningsvariabelen. For å vere konkret på kva eg meina med omgrepet *polarisering* har eg valt å framstille det visuelt:

**Tabell 1: Visuell framstilling av polarisering:**



Eksempelet viser retninga til den polariserande eigenskapen, kor oppslutninga har ein tendens til å gå i kvar sin pol framfor å gå i ein retning, eller framfor å vere midtstilt. Forskaren Bryan T. Gervais (2015) har hatt eit særleg fokus på den polariserande eigenskapen i forskingsartikkelen «Incivility Online: Affective and Behavioral Reactions to Uncivil Political Posts in a Web-based Experiment». På lik linje med andre forskarar på feltet, opplev også Gervais at ei massiv digital samhandling mellom framande er blitt ein del av kvardagen til fleire



og fleire, og at samhandlingane er bundne av visse normer. Også han hevdar at utbreiinga av uhøflege kommentarar i den politiske kommunikasjonen på nettet hemmar det deliberative potensialet av desse interaksjonane (Gervais 2015: 167). For å teste hypotesen om at uhøflege ytringar polarisera aktørane, eksponerte han informantane sine for ein politisk diskurs i eit online diskusjonsforum som var prega av forskjellige gradar av høflegheit.

For å teste hypotesane sine, nytta han eit eksperimentelt design kor tre grupper vart utsatt for forskjellige stimuli i form av eit politisk innlegg på eit online diskusjonsforum . Han laga tre forskjellige manipulasjonar, som kvar for seg inneheldt ei oppslagstavle med kvar sin versjon av ein kommentar. Meldinga som vart presentert for kontrollgruppa hadde ein negativ tone, men mangla element av uhøfleg framferd. Den versjonen som vart presentert til ei av dei eksperimentelle gruppene inkluderte ein "mild" form for «incivility», i samsvar med den omgrepsavklaringa eg presenterte tidlegare i kapitlet. Versjonen i den andre eksperimentelle gruppa var også prega av «incivility», men med ein sterkare og meir dramatisert form for uhøfleg ytring (Gervais 2015: 174). Det einaste elementet som skilde dei tre forskjellige kommentarane på diskusjonsforumet var altså fråveret av høflegheit.

For det fyrste viste undersøkinga at når informantane vart eksponerte for uhøflege politiske kommentarar ein var ueinig i, vekka det følelsar av sinne og avsky, noko som også gjorde at informantane ikkje var tilfredse med diskursen i kommentarfeltet. Forskingsresultata viste også at eksponering av likesinna «incivility», altså uhøflege ytringar som informantane fann seg einige i, auka bruken av same åtferd. Desse effektane var hovudsakleg til stades når dei spelte på emosjonar, til dømes til eit gitt emne som vekka sterke kjensler. Gervais viser til det han kallar «incivility line», som ein kan forstå som ei slags linje for høflegheit. Dersom nokon kryssa denne linja, kunne det verke som at informantane såg på det som ein slags lisens til å svare med same mynt (Gervais 2015: 180).

Eit anna soleklart funn ved eksponering av uhøflege ytringar var at desse kommentarane fornærma og provoserte respondentane når det var "deira side" som var målet. Med dette meina Gervais (2015) at dersom ein republikanar hadde ein nedlatande tone om ein demokrat, var den polariserande effekten større. I desse tilfella, når ei "side" vart fornærma, såg han også at potensialet for å drive ein konstruktiv debatt minka betydeleg. Samtidig viste funna at

respondentane som vart eksponert for «incivility» ikkje alltid førte til at dei som vart fornærma svarte med same mynt, som forklart i førre avsnitt. Han meina at dette enten betyr at dei som vart fornærma ikkje anerkjende tonen i debatten og såg på den som uakseptabel, eller at dei rett og slett ikkje var villige til å bruke ein retorikk av same type (Gervais 2015: 181).

I forskingsartikkelens avslutning hevdast det viktigaste funnet av studien å vere at uhøflege framtoningar ser ut til å vere spesielt effektive når det kjem til å indusere reaksjonar. Verknaden av den "milde" forma for uhøfleg framferd var begrensa og nærmast fråverande, medan effekten på den gruppa som vart eksponert for den mest nedlatande og uhøflege tonen hadde mykje større effekt. Dette viste at berre nokre små endringar og dramatisering av ord mellom dei to stimuliane i dei eksperimentelle gruppene førte til signifikante og store forskjellar med omsyn til kor polariserande effekt dei hadde på respondentane.

Gervais (2015) presisera at når ein bryt normene på korleis ein skal ha ein sakleg debatt, er dette ein taktikk som kan vere veldig irriterande, spesielt når man neppe er einige med den gitte artikkelens emne til å begynne med. Han meina også at dette seier noko om korleis uhøflege ytringar har ein spesiell evne til å få merksemd. På same måte som det å rope, er uhøflege tekstbaserte utsegn ein like sikker måte å få merksemda til den du debattera med. Forskingsartikkelen konkludera med at dette forklarar den auka frekvensen av uhøfleg åtferd i trådar som kommentarfelt og diskusjonsforum (Gervais 2015: 181). Forskingsresultata viser korleis uhøfleg framferd i kommentarfeltet kan hemme dei deliberative potensiala; ein ender opp med å vere meir ueinige enn ein var i utgangspunktet, i staden for å vere nærmare ei felles løysing. Dette viser at mangelen på folkeskikk og høfleg tone i nettdebatten er problematisk for å få til fornuftige diskusjonar.

## 2.4 Det utopiske perspektivet

Debatten om nettdebatten kan delast opp i eit utopisk- og eit dystopisk perspektiv. Eg har valt å legge fram teoriane i desse perspektiva for å forklare potensialet nokre politiske teoretikarar ser i kommentarfeltet, men også dei uheldige sidene skeptikarane ser. Kontrastane i perspektiva er aktuelle for denne masteroppgåva både for å gje eit bilete på kvifor debatten om nettdebatten bør takast på alvor, og kvifor forskning på effektane av høfleg- og uhøflege ytringar er aktuelt og viktig. I dei kommande avsnitta skal eg legge fram teoriane frå det utopiske perspektivet, og

vise korleis det å lese og vere aktiv i nettdebattar kan ha positive påverknadar både på enkeltmenneske og samfunnet. Seinare skal eg legge fram det dystopiske perspektivet, og legge fram realitetar som netthets og diskriminering i kommentarfelta, samt kor uheldig det er dersom dei uhøflege ytringane i kommentarfelta vinn over dei høflege.

Med ordet *utopi* viser eg til ideen om eit idealsamfunn, og i eit *utopisk perspektiv* gjer eg greie for korleis Internett kan fungere i idealsamfunnet. Her viser eg til korleis dei teknologiske føresetnadane for eit meir direkte demokrati er til stades. Samfunnsborgarar har for fyrste gong moglegheita til å ta del i ein politisk sfære i nettbaserte fora, og framveksten av sosiale media har gjort det lettare for den gjengse borgar å delta i kommentarfelt under gitte artiklar. Det utopiske perspektivet på den politiske debatten i det sosiale media lenar mot offentlegheitsideale som vaks fram på 1700-tallet. Målet på den tida var ein borgarleg-kritisk offentlegheit, og idealet vaks fram som ein dynamisk sfære for det ekspanderande borgarskapet (Holm 2006).

Denne typen offentlegheit er ikkje orientert mot å vere representativ, men mot ein type debatt som er prega av opplysningstidas ideal der den fornuftige løysinga er målet. Forståelsen om at det finnast noko som er felles, noko som er større, betre og ærligare enn enkeltmenneskets interesse skapte grobott for det moderne demokratiet, og ein slik borgarleg-kritisk offentlegheit medierar mellom den private sfære og samfunnets politiske overbyggande institusjonar. Den mykje omtalte og siterte sosiologen Jürgen Habermas si framstilling av den «klassiske» borgarlege offentlegheita legger sterk vekt på rasjonaliteten i den offentlege samtalen, og at argumentasjon skal føre til konsensus (Habermas 1985).

### **2.4.1 Høflege normer for deliberativ debatt**

Habermas er ein av dei moderne tenkjarane som talar varmast om det deliberative demokratiet, og meina at samfunnet må byggje på idealet om styring gjennom den offentlege bruken av fornuft. Det deliberative demokratiet skal ta slutningar som rettferdiggerast ovanfor dei affekterte partane, og slutningane skal takast etter ein omfattande offentleg debatt. Habermas meina at for å få til eit deliberativt demokrati, bør moralske spørsmål eller interessekonfliktar løysast gjennom diskusjon kor borgarane bruka rasjonelle argument og er villige til å oppnå ei gjensidig forståing (Enjolras 2008: 28). Kommentarfelt i sosiale media kan ut frå dette perspektivet oppfattast som moglege arenaer for diskusjon og deliberasjon. Han stressar likevel

at det er avhengig av at ein følgjer normer for gjensidig forståing, og at debatten er prega av normer som søkjer ein sakleg tone.

I denne oppgåva ser eg på korleis retorikk kan påverke persepsjonen, noko som ikkje går på sjølve substansen av argumentet. Utvala, som er delt i to grupper, blir i hovudsak eksponert for same argument, medan den eine retorikken er høfleg og den andre uhøfleg. I resultata frå forskinga skal eg sjå korleis respondentane i undersøkinga reagera når dei høflege normene for ein sakleg debatt blir brotne. I ei vurdering av det deliberative potensialet i kommentarfeltet, tenkjer eg ut frå Habermas sine ideal at det er fleire føresetnadar som må vere på plass. Dei involverte, både dei som ytrar og dei les, må sjå på kommentarfeltet som ein seriøs arena kor dei beste, høflege og mest fornuftige argumenta vinn diskusjonen. I etterkant av stimuliane i spørjeundersøkinga vert respondentane frå mitt eige datamateriale difor spurde om korleis ytringane i kommentarfeltet er med på å belyse andre viktige sider ved artikkelen. Sjølv om ytringane i kommentarfelta i utgangspunktet har same argument, blir det interessant å sjå korleis utvalet i eksperimentgruppa reagera når normene for ein sakleg debatt blir brotne.

Dersom resultata frå undersøkinga mi viser at respondentane i kontrollgruppa reagera positivt på at ytringane ikkje bryt normene, men har ein høfleg tone, kan det også bidra til å skape ei meir balansert vurdering av nettdebatten. Marte Winsvold har gjort greie for korleis ein kan forstå deliberasjon, deltaking og konkurranse med omsyn til kommentarfelt i artikkelen «Deliberation, Competition, or Practice?: the Online Debate as an Arena for Political Participation» (Winsvold: 2013). Ho forklarar at målet med å undersøkje fleire demokratiske potensial er å gje ein meir balansert vurdering av nettdebatters demokratiske verdi, identifisere dens meritter, og ikkje berre dens manglar (Winsvold 2013: 4). I analysen skal eg difor ikkje berre drøfte konsekvensane av eit uhøfleg kommentarfelt, men også konsekvensane av det høflege.

I artikkelen skriv ho at man lenge har brukt det deliberative idealet som den dominerande målestokken for kvaliteten på- og verdien av nettdebattar. I nokre tilfelle har man utvida diskusjonen til å også inkludere konfliktbaserte diskusjonar, men i desse tilfella er deliberasjon fortsatt standarden for ein «god diskusjon». Winsvold (2013) tar utgangspunkt i kritikken mot Internett som arena for debatt når ho presentera dei to alternative demokratiske potensiala

konkurransen (competition) og deltaking (practice). Kritikken basera seg ofte på undersøkingar av nettdebatten kor deliberasjon er målet for dei offentlege diskusjonane. Winsvold hevdar at vi risikera å oversjå andre verdiar ved nettdebatten når vi berre fokusera på deliberasjon. I analysen skal eg difor ikkje berre sjå på hovudproblemstillinga, som handlar om korleis tonen i kommentarfelta påverkar kor positive respondentane er til ein nyheitsartikkel. Eg skal også sjå på korleis utvalet i dei forskjellige gruppene opplev utsegna som saklege, og kor vidt dei opplev at ytringane belyser andre viktige sider ved nyheitsemnet.

Winsvold poengtera at politisk diskusjon er hovudforma for politisk deltaking i det deliberative idealet, kor meiningane våre skal formast og endrast gjennom offentlig diskusjon. Samfunnsborgarane skal revidere meiningane i respons på betre argument og ha eit kritisk blick på eigne og andre sine argument. Offentleg diskusjon vil, gjennom denne sirkulære bevegelsen, lede oss til ei felles forståing (Winsvold 2013: 4-5). Winsvold skriv at det som i hovudsak skil deliberativ argumentasjon frå ikkje-deliberativ argumentasjon er at deltakarane er opne for å høyre kvarandre sine argument, at dei arbeidar mot ei felles forståing og endrar meiningane når dei møter overbevisande argument. Eg stressar samtidig at retorikken i utsegna kan vere ein viktig faktor ved denne meiningsutvekslinga, ikkje berre mellom dei som aktivt driv meiningsutveksling, men også for dei som les ytringane.

I kontrastane mellom uhøfleg og høfleg retorikk kan ein ha same argument, og denne oppgåva ser på korleis effektane av argumenta svekkast eller styrkast med omsyn til korleis ein legg dei fram. Med argumentasjon meina man ein type tale kor deltakarane sett ord på ueinigheit om gyldigheitskrav, kor deltakarane prøvar å forsvare eller kritisere gyldigheitskrava ved bruk av eigne argument. Jamfør Habermas (1985: 18) inneheld eit argument grunnar som på systematisk vis er knytt til gyldigheitskravet til ei problematisk ytring. Ein kan sjå eit viktig reiskap i kommentarfeltet og den digitale debatten om argumenta blir lagt fram på ein måte som ikkje bryt med desse gyldigheitskrava. I denne masteroppgåva skal eg difor også analysere effektane ved å bryte normene for høfleg framferd i nettdebatten, ved å sjå om det affektera kor einige respondentane er i argumenta.

Med omsyn til å forsterke medborgaranes aktive deltaking i sivilsamfunnet og i politikken, ser ein altså ein gylden moglegheit ved å nytte nettdebatten som ein arena. For å realisere eit

dynamisk offentlig rom og for å generere nye former for sivil aktivisme, krevjast det likevel ytterligere kunnskap om korleis ein skal legge føringar for å få til ein slik debattarena. Medan Winsvold (2013) har sett på ideala *konkurranse* og *deltaking* i tillegg til deliberasjon, ser eg på effekten av *retorikken* i sjølve meningsutvekslinga, i kontrastane mellom høfleg og uhøfleg framferd.

## **2.4.2 Det høflege kommentarfeltet: Journalistane, ekspertane og samfunnstoppans inntog i nettdebatten**

Forskarane Stroud, Jomini, Scacco, Muddiman og Curry (2014) har gjort greie for korleis journalistar kan vere med på å gjere kommentarfelta deliberative i forskingsartikkelen «Changing deliberative norms on news organizations facebook sites». Motivasjonen bak forskinga var at kommentarar som vert posta som svar på nyhende, enten på ei Facebook-side eller i eit kommentarfelt under ein artikkel, ikkje alltid lev opp til dei deliberative ideala til teoretikarar som Habermas. I motsetning til tilfelle av gjennomtenkte kommentarar og diskursar, viser dei til Coe, Kenski, og Rains (2014) sine resultat som viste at kommentarar ofte er irrelevante, uhøflege og misvisande. Dei rettar også merksemda mot forskingsartikkelen «The Nasty Effect» som viser at kommentarar som går under «incivility» kan føre til uheldige polariseringar (Anderson et al. 2014).

Forskarane (Stroud et al. 2014) poengtera at dagens kommentarfelt legg opp til at det er dei som les nyhende som bestemmer korleis nettdebatten skal gå føre seg, og ikkje dei som produsera nyhende. Dette blir eit alvorleg problem når uhøflege kommentarar vinn over den høflege debatten. Forskingsartikkelen viser til korleis nokre aviser, som til dømes «Popular Science», har eliminert kommentarfelta som følgje av dette. Samtidig har andre aviser, som til dømes «New York Times», lagt til rette for nye måtar å engasjere kommentarar på. Hensikta bak studiet var å utforske korleis ein betre kan administrere kommentarfelta og fostre deliberative normer i nettdebattane. Med inspirasjon frå liknande forskning simulerte dei at ein journalist eller representant frå den gitte nettavisa deltok i kommentarfeltet.

Resultata av studiet viste at ein enkeltperson kunne påverke dei deliberative føringane i kommentarfelta. Ved å ha ein identifisert journalist som engasjerte seg i kommentarane, påverka journalisten den deliberative tonen til dei brukarstyrte kommentarane. Engasjementet

til journalisten var relatert til lågare nivå av «incivility» og auka bruken av kjeldebruk i kommentarfelta (Stroud et al. 2014). Forskarane var samtidig audmjuke med omsyn til nokre av resultatane, og sikta blant anna til at artikkelens emne kunne spele ei rolle i nokre av funna, jamfør det eg tidlegare nemnde i samanheng med omgrepet «framing». Eit anna hol i forskingens validitet er at forskinga berre var gjort på kommentarfeltet til éin nyhendestasjonens Facebook-side. Dei viser likevel til andre studiar som lenar mot dei same resultatane; at éin person kan endre dei deliberative føringane i eit kommentarfelt, og at sannsynet aukar dersom det er ein reporter eller journalist. Med omsyn til mitt eige studie, ser ein korleis desse kan bidra til å skape ein høfleg debatt. I det utopiske perspektivet må ein derfor sjå føre seg at representantar frå dei store mediehusa deltek i nettdebattane.

Då Internett-bølgja skylde inn over Noreg mot slutten av 1990-åra, trudde mange at Internett skulle gje alle borgarar ei større stemme i samfunnsutviklinga, og at det skulle utviklast nye og kreative demokratiformer. Harald Baldersheim er professor ved Universitetet i Oslo, og meina desse forventningane var svært overdrivne. Baldersheim er statsvitar og ein av landets fremste ekspertar på kommunar, og har leidd forskingsprosjektet «Makten på nettet, makten i nettet» som var ein del av programmet «Kommunikasjon, IKT og medier» (KIM) i Forskningsrådet. Formålet var å analysere kva IKT har å seie for makt og demokrati i samfunnet (Saglie, Baldersheim, Krogstad, Karlsen, Øgård, Allern og Segard 2008).

I eit intervju med omsyn til denne forskinga, har Baldersheim gjett uttrykk for at det ikkje er lett å skape eit aktivt debattdemokrati med breitt engasjement, men understrekar også at det slett ikkje er umogleg. I forskinga deira har Baldersheim døme på fleire kommunar som har prøvd å skape eit debattdemokrati, men fått negative erfaringar. Samtidig har forskinga vist tydelege kjenneteikn for grunnlaget til eit aktivt og fungerande debattfora. I studiane av kommunesektoren har han og dei andre forskarane nemleg funne fleire kommunar som har klart å skape eit aktivt debattdemokrati via sine eigne heimesider. Det forskarane (Saglie et al. 2008) meina skal til for å lykkast med å skape eit ordentleg debattdemokrati på nettet, er at både kommunane og politikarane må vere aktive (Røsjø 2008). I eit utopisk perspektiv skjønner ein altså at ein av føresetnadane for eit fungerande debattdemokrati er at samfunnstoppene ógså er aktive i kommentarfeltet, ikkje berre samfunnsborgarane.

## 2.5 Det dystopiske perspektivet

Med ordet *dystopi* viser eg til ideen om eit uheldig samfunn, og i eit *dystopisk perspektiv* skal eg vise korleis kommentarfelta kan fungere mot si hensikt med omsyn til demokratiet. Her rettar eg blant anna merksemda mot netthets og diskriminering i kommentarfelta, samt kor uheldig det er dersom dei uhøflege ytringane i kommentarfelta vinn over dei høflege. Det dystopiske perspektivet ser på dei virtuelle fellesskapa som fattigare enn verkelege fellesskap, som svake og upersonlege, og ser ikkje at desse kan vere i stand til å erstatte det tapte (Enjolras 2008).

### 2.5.1 Deliberasjon – Folket eller eliten?

Habermas sine ideal for den offentlege debatten er blitt kritisert for å undervurdere viktigheita av konflikt og meningsbryting (Enjolras et al. 2013: 115). Med dette meina ein at sjølv om ein har føresetnadane for ein digital offentleg dialog, betyr ikkje det at folket nødvendigvis vil bruke den på ein harmonisk måte. Ein som kan seiast å vere Habermas sin motpol er Schumpeter (1976), som meina at demokrati og politisk engasjement kan skape eit betre samfunn gjennom dei mest *fornuftige* borgarane i samfunnet. Han ser ikkje det deliberative potensialet, og er pådrivar for den klassiske demokratidoktrinen. Denne framhevar demokratiet som ei institusjonell ordning for å oppnå politiske slutningar basert på det felles beste, ved at folket stemmer på individ som vidarebring folkets vilje (Schumpeter 1976: 250). Schumpeter stiller spørsmål ved om det finst noko ”felles beste”, kva dette eventuelt består av, og om den gjengse samfunnsborgar har nok politisk innsikt til å innsjå kva som er politisk rasjonelt. Schumpeter (1976) meina altså at folkets oppgåve i demokratiet er å produsere ei regjering ved hjelp av stemmegjevna, men at det ikkje er mogleg å oppnå ei felles samfunnsmessig interesse gjennom diskusjon.

Ifølgje denne tankegangen meina Schumpeter at det til og med kan vere *skadeleg* for demokratiet om politikarane lar seg presse frå ulike hald etter at dei er blitt tildelt makt gjennom val. Han ser ikkje noko anna konsekvens enn at det kan føre til demokratisk ustabilitet. Elitane skal ha myndighet til å deliberere for folket, og ein demokratisk debatt skal bestå av politikarar som diskuterer seg imellom, ikkje folket. Med utgangspunkt i Schumpeter sitt perspektiv på demokratiet, vil det seie at den gjengse samfunnsborgars ytring på nettet ikkje burde spele ei rolle i demokratiske slutningar. Perspektivet blir i direkte strid med Habermas sine idear om det deliberative demokratiet, som byggjer på idealet om styring gjennom den offentlege bruken av



fornuft. I eit dystopisk perspektiv kan kontrastane mellom Habermas og Schumpeter brukast til å drøfte kor matnyttig det er med debattar på nettet i det heile tatt, uavhengig av om dei er uhøflege eller høflege. Som vi skal sjå i dei neste avsnitta, er det heller ikkje berre samfunnsborgaranes tilstrekkelige politiske innsikt som treng drøfting, då nettdebattane også blir brukte på dei verst tenkelege måtar.

## **2.5.2 Det uhøflege kommentarfeltet: Netthets, seksualiserte truslar og diskriminering**

Personangrep, eller *ad hominen* er tilfelle når ein søkjer å tilbakevise eit argument ved å gå til angrep på den personen eller organisasjonen som framsett argumentet. Dette, i staden for å tilbakevise sjølve argumentet (Govier 1983: 13). På folkemunne kallas det å «ta mannen i staden for ballen» eller «angripe person i staden for sak», og dukkar ofte opp i oppheta debattar. I nokre kommentarfelt har ein dessverre sett tilfelle av denne typen retorikk som ikkje berre er skadeleg for kommentarfeltets deliberative diskusjonar, men skadelege for meiningsberaren sjølv. Omgrepet er eit godt omgrepsverktøy i dette studiet fordi den forklarar noko av grunnlaget for konflikt og meiningsbryting i kommentarfelta, og kor uheldig det er om det er denne typen argumentasjon som påverkar persepsjonen til dei som les kommentarfelt. Dette har blant anna inspirert fram ein av ytringane i dette studiets uhøflege kommentarfelt, kor utsegne startar med ‘*..Dette er så typisk Høyre!*’, framfor å kritisere sjølve forslaget i nyheitsemne.

Aina Landsverk Hagen er forskar ved Arbeidsforskningsinstituttet (AFI). Ho er aktuell med ei ny bok om netthets og ytringsfridom, «Meningers mot – netthat og ytrings-frihet i Norge», basert på ein studie med intervju og spørjeundersøking blant norske journalistar og redaktørar. Eg har inkludert forskinga hennar i dette teorikapittelet for å vise kor alvorleg konsekvensane av dei uhøflege ytringane kan vere. Eg har gjort dette både som ei aktualisering for denne masteroppgåva, og for å gje eit bilete av kor langt over det Gervais (2015) kalla «incivility line» nokre aktørar tillat seg å gå. Forskinga hennar viser blant anna at netthets rammar menn og kvinner forskjellig, kor kvinner får langt meir seksualisert hets enn menn. Resultata viser også at nær halvparten av norske journalistar og redaktørar har opplevd sjikane i løpet av dei siste fem åra, kor ein finn nesten like mange menn som kvinner. Ein fjerdedel har blitt truga, og blant desse er mennene i fleirtal. Det er også tydelege kjønnsforskjellar i netthetsen. Kvinner får det i ein seksualisert versjon. I følgje Hagen blir kvinner til dømes kalla for «hore» i staden for «idiot», noko som ofte glir over i truslar om valdtekt (Hagen 2015:19).

Informantane hennar fortel at seksualiserte truslar går særleg inn på dei. Dei gjer uttrykk for at det ikkje nødvendigvis er hetsen i seg sjølv som er problemet, men når dei opplev at hetsen ikkje har noko å gjere med meiningsytringane deira som samfunnsdebattant. Dette er ikkje berre eit kroneksempel på ytringar som går under uhøflege ytringar, men forbi det å ha ein ‘‘unødig nedlatande tone’’ ser man ein kommunikasjonsstruktur som kan gjere konstruktive stemmer stumme. Hagen utdjupar at det handlar om makt, og at kjønna trakassering heller ikkje alltid er frå menn til kvinner. Det handlar om ei gruppe som opplev at dei mistar status i forhold til ei anna gruppe. Ho forklarar at det å trakassere nokon på ein seksualisert måte er ein veldig god hersketeknikk, fordi ein skal vere ganske tjukkhuda for å ikkje bry seg om det.

I boka om netthets og ytringsfridom blir truslar om valdtekt forklart som eit uttrykk for endringar i statusforskjellen mellom kjønna. Kvinner har fått høgare status i offentlegheita som meiningsberarar, og Hagen meina at det finst menn som openbert har eit problem med det (Hagen 2015: 11). I eit dystopisk perspektiv ser ein korleis uhøflege kommentarar ikkje berre hemmar demokratiske verdiar, men kan gå djupt inn på enkeltpersonar. Samtidig verkar det ikkje som at desse ytringane er særleg utbredde andre plassar i offentlegheita. Er det noko med kommentarfelt som gjer at vi ytrar oss annleis enn når vi diskuterar med nokon ansikt til ansikt? I følgje dei neste avsnitta, er anonymitet ein avgjerande variabel.

### **2.5.3 Anonyme aktørar som føresetnad for uhøfleg framferd**

I søken på effekten av uhøfleg framferd på nettdebatten, ser eg det som relevant for denne masteroppgåva å forstå framveksten av dei uhøflege ytringane. Som tidlegare nemnd brukar fleire tidlegare forskingsartiklar omgrepet «incivility» for å beskrive den uhøflege framferda i nettdebatten. Fleire av dei nemnde forskarane meina at omgrepet sett ord på det største problemet med å få til ein konstruktiv diskusjon på nettet. I følgje Santana (2013) har både journalistar og mange av mediebransjens observatørar peika på ein tilsynelatande enkel grunn for uhøfleg framferd på nettet: anonymitet. I mangelen på empiriske bevis på at anonymitet har denne effekten på aktørane i kommentarfeltet, har forskaren Arthur Santana gjort ei undersøking på feltet (Santana 2013). Forskinga har gått ut på å analysere kommentarfelt i nettaviser som *tillatar* anonymitet og kommentarfelt i nettaviser som *ikkje* gjer det, kor han har samanlikna nivået av høflege og uhøflege ytringar. Forskinga er relevant for å skjønne kva for føresetnadar som auka bruken av uhøfleg retorikk, og kva som auka bruken av ein høfleg.

Kommentarfeltas emne omhandla innvandring, eit emne som har vore godt utbredt i nettavisene dei siste åra, og som har vore spesielt utsatt for debatt.

Ein kort samanfatning av forskingsartikkelens resultat kan summerast slik: i målinga av høgleg framferd i nettavisers kommentarfelt ser ein at anonymitet er avgjerande. Måten folk uttrykk seg på nettet er betydeleg avhengig av om deira sanne identitet er tilgjengeleg, noko som ikkje berre tyder på samanheng mellom anonymitet og uhøflege ytringar, men også kausalitet. Dette betyr at kommentarfelt i nettaviser som ikkje tillatar anonymitet har ein nettdebatt som er prega av meir høglegheit enn dei som tillatar det. Santana (2013) meina at desse funna bør vere av interesse for dei nettavisene som tillatar anonymitet, og som har uttrykt frustrasjon med uhøfleg framferd og ad hominem-angrep i kommentarfelta sine, spesielt dei debattane som kjem som følgje av sensitive nyhende (Santana 2013: 29).

Når eg skal analysere korleis dei uhøflege ytringane kan påverke lesaranes persepsjon av ein nyheitsartikkel, vil drøftinga av kor vidt lesarane bør få behalde retten til å vere anonym vere relevant. Særleg dersom effektane ser ut til å vere dramatiske. Problemet med anonymitet og uhøflege ytringar er tross alt ikkje eit fenomen ein berre slit med utanriks, men noko dei fleste norske nettaviser har tatt på alvor over lengre tid. VG Nett stengde moglegheitene for å vere anonyme i kommentarfeltet i 2011, og sidan den gong har fleire nettaviser gjort det same. I ein artikkel vart dåverande redaksjonssjef René Svendsen intervjuet som følgje av at aktørar i VGs kommentarfelt no måtte logge seg inn gjennom Facebook for å delta i nettdebatten (Midtsjø 2011). Han gjorde greie for at det er vanskeleg å få kommentarfelt 100 % frie for anonyme profilar, og understreka at ein ikkje kan hindre at folk loggar seg inn med falske profilar. Sjølv om eg ikkje ser på korleis uhøflege kommentarar kan såre enkeltpersonar i denne oppgåva, finn eg det likevel relevant for å gje eit klårare bilete av det dystopiske perspektivet på nettdebatten.

## 2.5 Påverknad på persepsjon

I dei neste avsnitta skal eg gjere greie for ein del sentrale trekk ved persepsjon. Respondentane som deltek i dette studiet skal bli eksponert for to forskjellige stimuli i form av kommentarfelt, kor eg skal sjå etter forskjellige tendensar og påverknadar. Samtidig må menneskets komplekse individuelle kognitive eigenskapar takast i betraktning, kor variablar som predisposisjon og mentale snarvegar er sentrale.

## 2.5.1 Predisposisjon eller mentale snarvegar?

I denne masteroppgåva blir respondentane mine eksponert for ein artikkel som handlar om at lærarutdanninga skal bli femårig framfor å vere treårig. Når eg skal sjå på korleis respondentane blir påverka av kommentarfeltet, kan kunnskap om artikkelens emne tenkjast avgrense effektane. Ifølgje Popkin (1991) er dette fordi den gjeldande persepsjonen til ein enkeltperson på eit emne i nokre tilfelle vanskeleg underleggjast av nye synspunkt. Samtidig er folk avhengige av mentale snarvegar i informasjonsbehandling for å gjere sosiale dommar, særleg rundt komplekse politiske spørsmål. Popkin (1991) si forskning på kognitive eigenskapar viser at ei lita mengde med ny informasjon vanlegvis blir gitt meir vekt enn ei stor mengde med gammal informasjon. Dette er førebels berre når den nye informasjonen er personleg og den gamle informasjonen er abstrakt, eller at den vanskeleg passar inn i forståelsen av eit emne.

Popkins forskning foreslår også at ei lita mengde med gamle opplysningar kan få meir vekt enn ei stor mengde ny informasjon. Dette gjeld i minst tre situasjonar: når gammal informasjon blir viktigare i ein ny samanheng, visst den gamle persepsjonen er lettare å innlemme, eller når den gamle informasjonen er lettare å bruke når ein skal samanlikne forskjellige standpunkt (Popkin 1991: 73). Gjennom Popkin (1991) forstår ein at eit kommentarfelts påverknad på persepsjonen av denne artikkelen kan vere både låg og ikkje-eksisterande dersom ein har sterke meininga om det gitte emnet frå før. Dette lagar grunnlag for å bli viktige variablar i dei metodiske vala mine, og løysast ved at respondentane blir spurde om kunnskap til artikkelens emne, samt politisk orientering.

I samanheng med eit ukjent emne, finnast det også teoriar som hevdar at folk vil stole på kognitive snarvegar, ellers kjend som heuristikk, for å danne persepsjonar av eit emne dei ikkje har kjennskap om frå før (Scheufele og Lewenstein 2005). I følgje Anderson (et al. 2013) sine forskingsresultat såg det ut til at desse mentale snarvegane vart nytta i større grad når respondentane vart eksponert for ein uhøflig online diskusjon. Dei meina dette lagar eit grunnlag for å seie at eit fiendtleg språk kan føre til at enkeltpersonar blir mindre mottakeleg for ny informasjon. Når andre snakkar ned emnet med ein nedlatande tone i kommentarfeltet, ser det altså ut som at dei som les kommentarfeltet blir mindre mottakeleg for det som står i artikkelen. På grunnlag av ein kombinasjon av desse teoriane og forskingsresultata vil eg sjå kva for grupper som vert mindre mottakelege. Med omsyn til at forslaget i nyheitsemne er ein

del av Høyre og Frps regjeringsplattform, vil eg ha eit ekstra skråblikk på respondentane som er politisk venstreorienterte.

Gervais (2015) sine forskingsresultat, som viste at uhøfleg framferd frå ein part provoserte fram uhøfleg framferd frå ein anna, tok utgangspunkt i meiningsutveksling mellom demokratar og republikanarar. Desse gruppene er særst polariserte i utgangspunktet, og som eg så vidt har nemnd, kan oppheta debattar fort føre til uhøflege argument. I drøftinga av analysens resultat kan eg nytte dei teoretiske kontrastane mellom heuristikk og predisposisjon. Gjennom forståinga av heuristikk kan eg drøfte om respondentanes haldning til nyheitsemne er ein konsekvens av at dei har nytta mentale snarvegane som følgje av at det er eit ukjend emne. Gjennom forståinga av predisposisjon kan eg drøfte om respondentanes haldning til nyheitsemne er ein konsekvens av at dei har predisponerte haldningar om emne.

## 2.5.2 Risikopersepsjon

Sidan eg har valt eit emne som ikkje inkludera noko særleg grad for auka risiko for respondentane, kan eg sjå om eit uhøfleg kommentarfelt fortsatt har dei same effektane. I følgje Anderson (et al. 2013) er oppheta debattar ofte ein konsekvens av at emosjonar vinn over fornuft, og retorikken blir gjerne styrt av frykt, sinne og tankar om ein uønskt tilstand. Uttrykket *risiko* seier noko om moglegheitene for at ein uønskt tilstand av verkelegheita, altså reale skadeverknadar, kan oppstå som følgje av naturlege hendingar eller menneskelege aktivitetar. Frå eit filosofisk ståsted viser sjølve ordet til ein metafysisk status, som ein eigenskap eller kvalitet i den fysiske verden (Krimsky Sheldon og Golding 1992: 461). Krimsky (et al.1992) spør om risikoen for noko er eit objektivt mål på noko spesielt, eller om det er ein slags subjektiv persepsjon som variera med omsyn til kontekst. Dei konkludera med at opplevinga av risiko er ein uunngåelig gjenstand for sosiale prosessar. Gjennom denne konklusjonen kan ein forstå omgrepet *risiko* som eit omgrepsleg verktøy vi brukar for å tolke og handtere farar og usemje i livet, som til dømes moglegheitene for fysisk skade eller tap av ressursar, ein subjektiv oppfatning av risiko.

Bjørg-Elin Moen (2008) frå NTNU har skreve om risikopersepsjon i samanheng med transport. Ho meina at meir kunnskap om korleis menneske oppfattar og tolkar risiko kan gje eit viktig bidrag til korleis vi som individ handtera risiko, prioritera sikkerheit, og sett større krav til risikoreduserande tiltak (Moen 2008: 7). Sidan folk er forskjellige og reagera forskjellig på

forskjellige hendingar, ligg utfordringa i å finne kva som er delt blant desse personane, og trekke nokre konklusjonar om den subjektive verkelegheita til folk flest.

I den vitskapelege artikkelen «The Nasty Effect», omtalar Anderson (et al. 2013) omgrepet *risikopersepsjon* som ein viktig variabel i forskinga på korleis dei som les kommentarfelt oppfattar risikoane ved nanoteknologi. I deira kontekst handlar det om korleis eit kommentarfelt som er prega av uhøflege ytringar er med på å forme risikopersepsjonen med omsyn til kor farleg det er å forske på nyvinningar innan nanoteknologi, blant anna med sikte på farlege avfall som kvikksølv. I eit anna emne, som til dømes i innvandringsdebatten, ville ein sett på korleis kommentarfeltet påverkar risikopersepsjonen til respondentane med omsyn til eventuelle risikoar ved innvandring som går utover respondentane. I analysen kan eg sjå om det uhøflege kommentarfeltet fortsatt gjer at respondentane vert negativt påverka, til tross for at nyheitsemne ikkje inkluderer ein styrka risikopersepsjon.

## 2.6 Forventningar

I følge tidlegare teori, skal resultata frå eksperimentet lene mot at dei målte gruppene skal ha forskjellig oppslutning med omsyn til kor positive dei er til nyheitsemne, avhengig av kommentarfeltets tone. Sidan det eine kommentarfeltet har ein uhøfleg framferd mot nyheitsartikkelens innhald, medan det andre har ein høfleg, kan eg forvente at den gruppa som vert eksponert for det fyrstnemnde i større grad skal vere negativ til innhaldet i artikkelen. For det andre hevdar tidlegare forskning at den uhøflege tonen også kan affektare lesaren ved at han eller ho raskt bestemmer seg for at artikkelen er av lav kvalitet. Den uhøflege tonen skal også ha polariserande effektar, i form av at lesarane vert meir ueinige enn kva dei var i utgangspunktet.

Målet med eksperimentet vert å sjå etter desse tendensane, men kvifor er det viktig? Som tidlegare nemnd viste den amerikanske undersøkinga frå 2010 at meir enn 8 av 10 amerikanarar ser på mangel på høflege eller respektfulle diskursar i det politiske systemet som ‘‘*noko alvorleg*’’ eller eit ‘‘*særs alvorleg*’’ problem (Public Religion Research Institute 2010). Eg stiller meg einig med dette fleirtalet, fordi ytringar som hemmar deliberative diskusjonar også hemmar demokratiske verdiar. Dersom påverknaden frå kommentarfeltet eventuelt ikkje er ser ut til å vere til stades må eg drøfte kva eg har gjort annleis enn dei forskingsartiklane som er

nemnde i dette kapitlet. Her rettar eg merksemd på korleis eg har målt resultat, og kva for nokre kontekstuelle rammevilkår som er annleis.

Gervais (2015) poengterte til dømes at ein viktig variabel for dei polariserande effektane er at aktørane i kommentarfeltet føler at dei sjølve vert angripne. Ein anna viktig variabel er hevda å vere emne til den gitte nyheitsartikkelen. I eit eksperiment som tar utgangspunkt i eit mindre sensitivt emne kan eg sjå om påverknadane frå høflege og uhøflege kommentarar affektera lesarane på same måte. Dette kán gjere at ein får andre resultat enn dei nemnde forskingsartiklane, samtidig som at forskinga frå «The Nasty Effect», som hadde eit relativt nøytralt emne (nanoteknologi) også fann at kommentarar som var uhøflege hadde meir påverknad enn dei som var høflege. Eg ser likevel på det faktum at den nemnde artikkelen inneheld ein potensielt styrka risikopersepsjon som viktig. Forskarane seier også sjølve at artikkelen dei nytta i forskinga blant anna omhandla nanoteknologiens farlege avfall som kvikksølv. Dette såg dei som ein avgjerande faktor for kor vidt dei uhøflege og gjerne "hysteriske" kommentarane hadde ein effekt på lesarane eller ikkje.

For å summere forventningane, trur eg for det fyrste at gruppa som vert eksponert for dei uhøflege ytringane er mindre positive til innhaldet i artikkelen enn den andre gruppa. For det andre reknar eg med å finne at årsaken kan vere på grunnlag av ein predisposisjon, som til dømes politisk orientering. For det tredje forventar eg at gruppa som vert eksponert for dei uhøflege ytringane opplev at den gitte nyheitsartikkelen er av dårlegare kvalitet. For det fjerde reknar eg med at dei målte gruppene i mitt eige studie opplev kommentarfelta forskjellig med omsyn til kor vidt dei opplev at kommentarfelta er ytra på ein sakleg måte. Dette inneber også ei forventning om at gruppa som vert eksponert for eit høfleg kommentarfelt reagera positivt på at normene for ein høfleg debatt vert heldt, og motsatt.





# 3 Metode

## 3.1 Forskingsdesign og metodisk tilnærming

### 3.1.1 Kvasieksperimentelt design

Til denne oppgåva har eg valt eit eksperimentelt design. Sidan eg som forskar ikkje har den same kontrollen som forskarar ved eit laboratorium, går mitt eige design i større grad under labellet kvasieksperiment. Eksperimenter nyttast gjerne oftare i medisinsk forskning og nokre gongar i pedagogikk og psykologi, og er eit heller sjeldan design å finne innanfor sosiologi og statsvitskap (Ringdal 2013: 105). Samtidig ser ein at andre forskarar som har studert same felt har nytta dette forskingsdesign. Her rettar eg merksemda til Gervais (2015), som nytta eit eksperimentelt design kor tre grupper vart utsatt for eit stimuli i form av eit politisk innlegg på eit online diskusjonsforum (Gervais 2015: 174). I kontrast til forskingsdesign hans, kor han valde å nytte tre forskjellige manipulasjonar som vart presentert for tre forskjellige grupper, har eg ved ei vurdering konkludert med at det held med to forskjellige grupper – ei eksperiment- og ei kontrollgruppe.

Dette valet er basert på at effektane på den eksperimentgruppa som vart eksponert for ein "mild" form for uhøfleg framferd var karakterisert som liten eller nærmast fråverande. Eg har difor valt å ikkje ha denne "mellomgruppa" i mitt eige studie, men heller to grupper som blir eksponert for kommentarfelt med eit klårare skilje mellom uhøflege og høflege ytringar. Meldinga som vart presentert for kontrollgruppa til Gervais hadde dei same utsegna som dei eksperimentelle gruppene, men mangla element av «incivility». Med andre ord vart kontrollgruppa til Gervais eksponert for eit høfleg kommentarfelt, medan eksperimentgruppene vart eksponert for uhøflege stimuli. Eg har gjort det på same måte, ved å ha fire manipulerte kommentarar i to forskjellige kommentarfelt. Desse ytrar i utgangspunktet same argument, medan forskjellen på dei er at det eine kommentarfeltet er prega av ein uhøfleg- medan det andre er prega av ein høfleg tone.

For å teste effektane har eg laga ei spørjeundersøking, kor respondentane blir eksponert for eit av kommentarfelta undervegs. Utvalet blir fyrst spurde om å ta stilling til ei rekkje innleiande spørsmål før dei blir eksponerte for manipulasjonane. Fyrst eit stimuli i form av ein kort

artikkel, deretter eit stimuli i form av ein av dei nemnde kommentarfelta. Målet har vore å få ei fordeling kor 50 % av respondentane er eksponerte for det høflege-, medan dei resterande 50 % av respondentane er eksponert for eit kommentarfelt med ein nedlatande tone. I etterkant av stimuliane har dei vorte spurde ein del oppfølgingsspørsmål. Med denne metodiske tilnærminga har eg sett om dei forskjellige ytringane frå nettdebatten har avla opp forskjellige persepsjonar av nyheitsartikkelen dei las i forkant av kommentarfeltet.

### **3.1.2 Grunnjevna for den kvasiekperimentelle tilnærminga**

Gjennomføring av eit eksperiment er kjend som det klassiske designe for å undersøkje årsakssamanhengar (Ringdal 2013: 105). Når ein ynskjer eit velgrunna svar på spørsmålet om kor vidt X førårskarar Y, har man både i følgje Ringdal (2013) og Skog (2013) ikkje noko val: man må gjennomføre eit eksperiment. Sjølv om eksperimentelle design gjerne møter på vanskelege utfordringar og difor ikkje alltid kan gje heilt klåre svar, forhindrar ikkje dette at dei vil kunne bidra med verdifull og nokre gongar avgjerande tilleggskunnskap (Skog 2013: 80). Som ein replikasjon på tidlegare forskning, vil denne masteroppgåva vere med som eit bidrag for å sjå korleis effektane av kommentarfeltets tone er avhengig av kontekstuelle rammevilkår. Det er også eit sentralt poeng at den forskinga eg har referert til i førre kapittel i hovudsak er amerikansk, og at det sånn sett er interessant å replikere forskinga i Noreg.

Ei anna viktig grunngeving på val av eksperimentell forskingsdesign er at også dei tidlegare nemnde forskingsartiklane under same emnegrein har hatt liknande kvasiekperimentelle design. Med omsyn til at det allereie har vore gjennomførte liknande eksperiment på same emne, er det viktig å teste validiteten til tidlegare forskingsartiklar ved å replikere eksperiment i andre settingar. Som nemnd har eg gjort nokre tvistar, blant anna med tanke på val av nyheitsartikkel, slik at faktorar som risikopersepsjon og graden av sensitivitet er annleis. I tillegg er debatten rundt nettdebatten og forskinga på kommentarfelt relativt ny, og med ei type problemstilling kor ein ser etter diskursive effektar og retorisk påverknad, føreligg det heller ikkje eit særleg utval av datamateriale som kunne vore nytta i eit anna design.

### **3.1.3 Bruk av teikn og gruppenamn**

I oppgåva er det nytta eit kvasiekperimentelt design med to grupper, noko som gjer at eg i utgangspunktet har to eksperimentgrupper. Når eg omtalar "eksperimentgruppa", rettar eg likevel merksemd til respondentane som er utsatt for eit stimuli prega av uhøfleg framferd. Når

eg omtalar "kontrollgruppa" rettar eg altså merksemd til respondentane som er utsatt for eit stimuli prega av høfleg framferd. Eg har også nytta punktum (.) framfor komma (,) når eg har presentert resultatata frå varians- og regresjonsanalysen.

## 3.2 Spørjeskjema og stimuli

### 3.2.1 Spørjeskjema

Spørsmåla i artikkelen vil innleiingsvis bestå av relativt enkle personlege spørsmål. Dette inneber blant anna alder og kjønn. Innleiingsvis vil respondentane også bli spurde om politisk plassering, slik at ein kan analysere om haldninga til den gitte artikkelen er farga av politisk orientering framfor kommentarfeltas påverknad. Deretter vil innleiingss spørsmåla konsentrere seg om generelle haldningar rundt nettdebattar og kommentarfelt, samt haldningar rundt artikkelens emne. Desse omhandlar i kva grad dei deltek i kommentarfelt, i kva grad dei les kommentarfelt og i kva grad desse eventuelt er med på å endre meiningar og haldningar rundt ein artikkels emne.

Etter innleiingss spørsmåla vert respondentane eksponert for artikkelen, og deretter for éin av to kommentarfelt; enten det uhøflege *eller* det høflege. I etterkant av artikkelen og kommentarfeltet kjem oppfølgingsspørsmåla, som handlar om persepsjonen på den gitte artikkelen, men også korleis dei opplevde innhaldet i kommentarfelta. Dette inneber til dømes i kva grad dei opplev kommentarfelta som saklege, og i kva grad dei opplevde at kommentarfeltet var med på å belyse andre viktige sider ved artikkelen. Ein kan sjå nærmare på desse spørsmåla frå spørjeundersøkinga i oppgåvas vedlegg.

### 3.2.2 Artikkelens emne

Valet av artikkelens emne er vald med omhug, og refleksjonane rundt valet er som nemnd basert på at dette studiet skal replikere tidlegare forskning ved å endre nokre av dei kontekstuelle rammevilkåra. I valet av artikkel var det meint at respondentane skulle ha forskjellig kunnskap om nyheitsemne, men at det samtidig er eit emne dei aller fleste kan relatere seg til. Med utgangspunkt i desse og dei tidlegare refleksjonane har eg difor søkt å finne eit emne som ikkje er særleg sensitivt og som ikkje inneheld noko særleg grad av risiko for lesarane. Valet av artikkel er også gjort med omsyn til å få moglegheita til å både kartleggje effektane på dei respondentane med ein sterk predisposisjon, samt effektane på dei som i større grad er opne

for persepsjonsendring undervegs. Val av artikkelens emne landa difor på debatten rundt lærarutdanning, og at denne utdanninga skal gå frå å vere ein treårig bachelor til å bli ein femårig master innan 2017. Det er nok nokre av respondentane som har sterkare meiningar enn andre, og emnet kan reknast som mindre sensitivt, samt noko alle kan relatere seg til. Artikkelen er relativt kort, noko som er meint for å motivere respondentane til å fullføre spørjeundersøkinga. Kor vidt det at den er kort kan spele inn på respondentanes oppleving av nyheitsartikkelen vil bli drøfta undervegs.

I artikkelen er det fokus på at kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen innfrir regjeringas lærarløft, og at dei altså gjer om lærarutdanninga til ein femårig master. Ifølgje Isaksen blir det femårige løpet ei forskingsbasert utdanning der studentane skal skrive masteroppgåve. Han fortset med å forklare at lærarutdanningane og læraryrket i Noreg i enda større grad må kjenneteiknast av god innsikt, forskning og utviklingsarbeid. For å nå dette målet meina han at masterutdanning er vegen å gå. Som ferdige masterstudentar meina han at framtidige lærarar vil få meir kunnskap om korleis forskingsbasert kunnskap kan finnast og nyttast. Med ei utdanning som legg vekt på forskingsbasert kunnskap, meina han at lærarane vil stå betre rusta til å betre undervisninga. Løftet om ein femårig lærarutdanning var nedfelt i Høyre og Frps regjeringsplattform (Brønmo 2014).

Med omsyn til refleksjonar rundt mine subjektive innspel i sjølve stimuliane, har eg for det fyrste valt ein artikkel som eg sjølv ikkje har nokre særlege formeiningar om. Under forventningane som er presentert i teorikapittelet, har eg reflektert over korleis eit sensitivt emne kunne påverke resultatet i eksperimentet. På same måte er det heller ikkje utenkeleg at dersom eg valte eit artikkellemne som eg hadde sterke formeiningar om, kunne dette til dømes føre til at eg spurde førande spørsmål i eksperimentet og liknande. Skulle meiningane mine rundt det valde artikkellemne lene mot noko, så syntes eg kanskje at det at lærarutdanninga går frå å vere treårig til femårig "ikkje høyres så dumt ut". Utover dette har eg lite kunnskap rundt artikkelens emne, i alle fall i forkant av oppgåva.

### **3.2.3 Kommentarfeltas innhald**

Som tidlegare nemnd har eg laga to manipulasjonar i form av kommentarfelt, kor det eine er meint å vere uhøfleg medan det andre er meint å vere høfleg. Her har eg tatt utgangspunkt i mi eiga konkrete omgrepsavklaring av omgrepa «civility» og «incivility». Jamfør byrjinga av

teorikapittelet, inneber dette spesifikke skildringar. **Høflege** kommentarfelt er jamfør omgrepsavklaringa ‘..formidling av kommentarar med ein heldig, oppløftande og høfleg tone som fremmar gjensidig respekt til kommentarfeltet, kommentarfeltets deltakarar, kommentarfeltets emne og som mål har å fremme fellesskapets beste.’ Kommentarfeltet til kontrollgruppa er altså basert på desse beskrivingane. Kommentaran i det høflege kommentarfeltet har difor ein retorikk som fremmar dialog framfor ein polarisert debatt, kor aktørane i kommentarfeltet gjerne anerkjenner utsegna til både artikkelen og dei andre i kommentarfeltet. For å gje eit døme, lyd eit av utsegna frå det høfleg manipulerde kommentarfeltet: ‘..*Jeg tror at man også må legge opp selve utdanningskabalen bedre. Mange lærerstudenter klager over at kommunikasjonen mellom høgskolen og praksisplassene må bli bedre, og disse stemmene må høres! Sikter til denne artikkelen: <http://universitas.no/nyheter/57059/problemer-i-praksis>’.*

**Uhflege** kommentarfelt er jamfør omgrepsavklaringa ‘..formidling av kommentarar med ein uheldig og unødvendig nedlatande tone som hemmar gjensidig respekt til kommentarfeltet, kommentarfeltets deltakarar, kommentarfeltets emne og som resultat hemmar fellesskapets beste.’ Kommentarfeltet til eksperimentgruppa er på same måte som det førre basert på desse beskrivingane. Kommentaran i det uhøflege kommentarfeltet skulle i kontrast til det i førre avsnitt vere formidling av destruktive kommentarar med ein unødvendig nedlatande tone mot kommentarfeltet, kommentarfeltets deltakarar, kommentarfeltets emne og som resultat hemmar fellesskapets beste. Kommentaran i det destruktive kommentarfeltet har difor ein retorikk som hemmar dialog og legg i større grad føringar for ein debatt med polariserte meiningar, kor aktørane i kommentarfeltet verken anerkjenner utsegna til artikkelen eller dei andre i kommentarfeltet. For å gje eit døme, lyd eit av utsegna frå det uhøfleg manipulerde kommentarfeltet: ‘..*Jeg tror ikke Regjeringen har peiling på hva som faktisk funker!! Skjønner de ikke at det er snakk om et pedagogisk problem!?!? Lærerne trenger mer praksis og mindre teori, de som mener noe annet vet ikke hva de snakker om!*’.

Som ein kan sjå i ytringane, er poenget i begge kommentarane i hovudsak dei same, men retorikken og framferda er annleis. Når ytringane i begge kommentarfelta i botn og grunn er dei same, berre fremma på forskjellige måtar, kan påverknaden bli lettare å måle. Både det høflege og det uhøflege kommentarfeltet har også ytringane i same rekkjefølgje, noko som er meint for å gjere det lettare å analysere resultatata. Ytringane som er presenterte i dei

manipulerte kommentarfelta er bygd på mine egne "stereotypiske førestillingar" om kva for nokre utsegn som potensielt kunne funne sted i eit reall kommentarfelt, og representera ikkje mine personlege meiningar. Meiningane som vert presenterte i dei manipulerte kommentarfelta er altså ikkje mine subjektive meiningar, men er heller eit uttrykk for kva for nokre utsegn eg ser for meg kunne funne sted under den gitte artikkelen. Begge kommentarfelta hadde utsegn som belyste fire andre sider ved artikkelen: (1) respekten til lærarane må tilbake, (2) lærarstudentane treng ein betre praksis, (3) ein må ha strengare krav til kven som skal bli lærarar og (4) studielånet til lærarstudentane bør ikkje bli høgare. Ein kan sjå nærmare på dei forskjellige ytringane i oppgåvas vedlegg.

## 3.3 Utval

### 3.3.1 Grunnjevna av valde respondentar

I boka «Liker - Liker Ikke» blir det gjort greie for at målgruppa som aktivt brukar kommentarfelt er dei yngre målgruppene (Enjolras et al. 2013). Samtidig har eg allereie poengtert at gruppa som *les* kommentarane truleg ikkje er tatt med i betraktning, og at dette potensielt kan handle om ein langt større del av befolkninga. Eg har difor ikkje vore på utkikk etter respondentar innanfor ei viss aldersgruppe. Dei same forfattarane nemner også politisk interesse som den viktigaste faktoren for aktiv deltaking. Å rekruttere eit utval ut frå dette kriteriet ville gjort det vanskelegare og snevrare å finne respondentar, og eg vil igjen påpeike at dette ikkje nødvendigvis gjeld dei passive deltakarane i kommentarfeltet. Samtidig er respondentane spurde om å plassere sin politisk interesse på ein skala frå 1-9 i innleiinga av spørjeundersøkinga, og denne variabelen vil bli inkludert som ein kontrollvariabel i etterkant av oppgåvas analysedel.

### 3.3.2 Snøballrekruttering

Rekrutteringa har i hovudsak skjedd gjennom sosiale media. Målet på omfanget i dette studiet var satt til rundt 300 respondentar, med grunnlag i kva eg såg som realistisk å få til ved denne typen rekruttering. Dersom oppslutninga av denne rekrutteringa ikkje tilfredstilte målet på volumet av respondentar, var det planlagt å rekruttere gjennom å låne studentar frå studieretningar ved NTNU. Det var også planlagt rekruttering i områder som kantiner og liknande på ved forskjellige campus i Trondheim. Etter plana skulle dette innebære å ha med egne eller/og lånte digitale reiskap ein kan utstyre respondentane med.

Rekrutteringa gjennom sosiale media ende likevel med tilstrekkelege "delingar", då snøballrekrutteringa førte til ei oppslutning på at 545 respondentar fullførte spørjeundersøkinga. Rekrutteringa gjennom sosiale media føregjekk ved å dele ein invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga i sosiale media på den digitale arenaen Facebook. I invitasjonen vart det gitt så lite informasjon om hensikta bak spørjeundersøkinga som mogleg, anna enn at studiets emne er innanfor media, nyhendeartiklar og kommentarfelt, og nedanfor invitasjonen var det lagt ved ei internettlenke til den eine spørjeundersøkinga. Etter at kontrollgruppa hadde fått tilstrekkeleg med respondentar, redigerte eg internettlenka slik at dei neste respondentane hamna i eksperimentgruppa.

### **3.3.3 Randomisering**

Randomisering vil seie å fordele forsøkspersonane tilfeldig på eksperiment- og kontrollgruppe. Informantane er ikkje strategisk valde for nokon av dei to ulike stimuliane, noko som gjer at eg i større grad kontrollera for andre utanforståande variablar, samtidig som den ytre validiteten ikkje settast i fare (Ringdal 2013: 127). På denne måten skal det berre vere tilfeldige forskjellar mellom dei som er utsatt for eit kommentarfelt prega av uhøflege utsegn og dei som er utsatt for eit kommentarfelt prega av høfleg framferd ved eksperimentets start.

I invitasjonen som har blitt delt i dei sosiale media har spørjeundersøkingane vore tilgjengelege avhengig av kva for gruppe som har hatt størst oppslutning. Det faktum at det er tilfeldig kor vidt det har vore kontrollgruppa eller eksperimentgruppa som har hatt for mange respondentar gjer at eg ikkje ser på dette som eit problem med omsyn til randomisering. På denne måten har det vore tilfeldige grunnlag for kor vidt den enkelte respondenten hamnar i eksperiment- eller kontrollgruppa. Med andre ord er det stort sannsyn for at desse gruppene er ekvivalente. Samtidig har eg ikkje hatt full kontroll over kven som er i kva for gruppe, og designe er difor i større grad kvaseksperimentelt. På grunnlag av dette har eg også sett nærmare på fordelingane mellom dei observerte gruppene.

## 3.4 Fordelingar mellom eksperiment- og kontrollgruppe

### 3.4.1 Utvalets eigenskapar

Sjølv om respondentane er relativt tilfeldig fordelte på eksperiment- og kontrollgruppe, kan det fortsatt førekomme uheldige skeivfordelingar mellom gruppene. Eg har difor valt å leggje fram desse forskjellane i dette metodekapittelet, og drøfte korleis dei eventuelle skeivfordelingane mellom gruppene kan affektare resultatane i analysen. Her rettar eg merksemda til variablar som kjønn, politisk orientering, alder og sysselsetjing. Utvalet er også spurde om kva form for nyheitskjelde dei nyttar, og kor hyppig dei bruka dei forskjellige mediekanalane. Dette handlar om kor hyppig respondentane får med seg nyhende gjennom bruken av TV, papiraviser, nettaviser, gjennom vener eller gjennom sosiale media.

Utvalet blir også spurde om spørsmål rundt bruken av kommentarfelt, og kor vidt dei held seg aktive eller passive til dei kommentarfelta ein finn under nyheitsartiklar. Dette går til dømes på om dei skriv kommentarar sjølve, om dei "likar" kommentarar og om dei i heile tatt les kommentarane. Respondentane blir også spurde om å ta stilling til ei rekke påstandar som angår kommentarfelt. I fyrste omgang handlar spørsmåla rundt utvalets eigenskapar om å forsikre seg om at det er tilnærma lik fordeling i eigenskapane mellom eksperiment- og kontrollgruppa. Spørsmåla rundt bruken og oppfatninga av kommentarfelt er likevel også relevante for å forstå korleis respondentane oppfattar kommentarfeltet som ein arena for diskusjon, dialog og debatt.

For det fyrste er det veldig likt volum på begge gruppene, med 273 i den eine og 272 i den andre. Denne heldige fordelinga er ikkje heilt tilfeldig, då eg henta ut datamaterialet når fordelinga var så lik som overhovud mogleg. Ei fordeling som ikkje har vore fullt så heldig er fordelinga mellom kjønn. Kvinner er tydeleg overrepresenterte, ei skeivfordeling som har gjort det vanskeleg å analysere signifikante forskjellar mellom menn og kvinner utan å utelukke store delar av datamaterialet. Med utgangspunkt i tidlegare forskning, hevdar eg likevel at studiar på kommentarfeltets påverknad ikkje har hatt forskjellar mellom kjønn som eit utprega fokus. Det som likevel er heldig er at skeivfordelinga mellom menn og kvinner er relativt like i begge gruppene. Med omsyn til at rekrutteringa i hovudsak har skjedd gjennom at spørjeundersøkinga har vorte delt i sosiale media, er fordelinga mellom gruppene generelt relativt heldig. Den



største skeivfordelingane ved sidan av kjønn har vore alder, men også her har spreinga mellom dei målte gruppene vore tilnærma like.

### 3.4.1 Størrelse, alder og kjønn

Nokre interne forskjellar er større enn andre, men i grove trekk er altså skeivfordelingane tilnærma like mellom gruppene, i alle fall i den grad ein kan forvente. Eg har valt å presentere desse forskjellane i tabellar nedover for å gje ei visuell framstilling av frekvensfordelingane. Etter å ha fjerna dei respondentane som ikkje hadde fullført spørjeundersøkinga, satt eg att med 545 respondentar totalt. Med omsyn til utvalets alder har eg eit datamateriale med eit stort aldersspenn, frå 18- og opp til heile 73 år. Fordelingane er lagt fram i tabell 2:

**Tabell 2: Frekvensoversikt av aldersfordeling:**

	18 år og under	19-28 år	29-45 år	46-59 år	60 år og eldre
<b>Eksperimentgruppe</b>	6	116	65	65	11
<b>Kontrollgruppe</b>	5	151	66	41	4
<b>N</b>	11	267	131	106	15

Som ein kan sjå i tabellen over, er dei fleste respondentane av det totale utvalet mellom 19 og 28 år. Dette kan sjåast som ein positiv eigenskap ved utvalet, med omsyn til at utsegna jamfør Enjolras (et al. 2013), som hevda at det er denne målgruppa som er mest aktive i nettdebattane. Denne aldersvariasjonen er likevel ikkje heilt lik mellom eksperiment- og kontrollgruppa, då det er 116 mellom 19-28 år i eksperimentgruppa kor det er 151 i kontrollgruppa. Som ein kan sjå i tabellen over gjer eksperimentgruppa opp for dette ved å ha fleire mellom 46-59 år. Eg vil igjen argumentere for at dei som les kommentarfelt ikkje nødvendigvis gjeld ein spesifikk aldersmålgruppe, og at effekten av tonen i kommentarfeltet sann sett ikkje treng å vere avhengig av respondentanes alder. Eg tolkar difor skeivfordelingane mellom og innan gruppene som mindre betydelege.

Når det gjeld kjønn er kvinner tydeleg overrepresenterte i begge gruppene. I gruppa som er

eksponert for uhøflig kommentarfelt er det 94 menn og 176 kvinner (2 stk. valde annen oppfatning av kjønn), medan gruppa som er eksponert for eit høflig kommentarfelt har ei oppslutning på 84 menn og 189 kvinner. Med omsyn til at tidlegare forskning ikkje har hatt forskjellar mellom kjønn som eit særleg fokus i dette forskingsemnet, kjem heller ikkje eg til å sjå etter desse forskjellane i denne masteroppgåva. Samtidig er eg likevel heldig med at skeivfordelinga er såpass lik i begge gruppene. Om det så er ein forskjell på korleis menn og kvinner blir affektert av tonen i kommentarfeltet, har dei målte gruppene uansett tilnærma likt utgangspunkt.

### 3.4.2 Sysselsetjing og politisk orientering

Med sysselsetjing meina eg kva respondentane har som sin dagelege primære aktivitet, og kor vidt dei jobbar, studera, er arbeidssøkande eller er i ein anna situasjon (til dømes sjukmeldt). I den neste tabellen har eg lagt fram respondentanes daglege primæraktivitet:

**Tabell 3: Sysselsetjing:**

	Arbeidstakerar	Studentar	Arbeidssøkande	Andre
<b>Eksperimentgruppe</b>	154	88	10	14
<b>Kontrollgruppe</b>	151	96	10	15
<b>N</b>	305	184	20	29

I datamaterialet er det langt fleire som jobbar enn som studera, noko som blant anna bekreftar at respondentane ikkje er henta frå mitt eige studiemiljø. Det kan bli vanskeleg å bruke denne statistikken som ein uavhengig variabel med omsyn til skeivfordeling innanfor variabelens verdiar, utan å ekskludere store delar av utvalet. Den beskrivande statistikken er likevel framsynt for å vise den heldige fordelinga mellom eksperiment- og kontrollgruppa, som relativt sett er tilnærma like. I den neste tabellen har eg lagt fram resultatet av at respondentane vart spurde kva for politisk parti dei hadde stemt på om stortingsvalet var i morgon:

**Tabell 4: Kva for parti hadde du stemt om stortingsvalet var i morgon?:**

	<b>Eksperimentgruppe</b>	<b>Kontrollgruppe</b>
<b>Arbeiderpartiet</b>	69	83
<b>Fremskrittspartiet</b>	13	14
<b>Høyre</b>	38	37
<b>Kristelig Folkeparti</b>	9	4
<b>Miljøpartiet De Grønne</b>	17	9
<b>Rødt</b>	19	19
<b>Senterpartiet</b>	10	8
<b>Sosialistisk Venstreparti</b>	30	35
<b>Venstre</b>	16	24
<b>Vil ikke stemme.</b>	7	2
<b>Vet ikke.</b>	43	38
<b>N</b>	271	373

Den beskrivande statistikken viser at fordelinga mellom eksperiment- og kontrollgruppa også i dette tilfellet er tilnærma likt. På denne måten har eg større grunnlag for å hevde at dei målte forskjellane mellom gruppene ikkje er på grunnlag av kva for politiske parti respondentane hadde valt. Det at fordelinga mellom partia er så skeive gjer det likevel vanskeleg å bruke desse når eg skal sjå etter dei polariserande effektane, med omsyn til at artikkelens emne er eit forslag frå Høyre og Frp sin regjeringsplattform. I tabell 5 ser ein resultata av at respondentane vart bedde om å plassere seg på ein politisk venstre-høgre skala, og denne fordelinga kan vere lettare bruke enn den førre:

**Tabell 5: Kor venstre- eller høgreorientert er du på ein politisk skala?**

	Venstre	3	2	1	0	1	2	3	Høyre
<b>Eksperimentgruppe</b>	14	51	62	24	49	29	25	11	5
<b>Kontrollgruppe</b>	21	42	54	41	50	28	24	2	9
<b>N</b>	35	93	116	65	99	57	49	13	14

Her er fordelinga litt jamnare, og på same måte som i dei førre tabellane er det også her små forskjellar mellom gruppene. Medan datamaterialet lenar mot å vere venstreorientert, er det likevel jamn oppslutning langs heile den politiske skalaen, noko som gjer at datamaterialet har ei brei politisk orientering. På den venstre sida av orienteringa ser ein under verdien 1 at eksperimentgruppa har ei oppslutning på 41 mot eksperiment sine 24. Bortsett frå desse er fordelinga av den politiske orienteringa mellom gruppene veldig like. Når eg seinare skal sjå etter dei polariserande effekten i analysen, vel eg difor å nytte denne variabelen framfor tala frå førre tabell.

### 3.4.3 Utvalets kunnskap til artikkelens emne

I teorikapittelet nemnde eg teorien om mentale snarvegar, jamfør omgrepet heuristikk, som seier at ein er svakare for dei polariserande effektane av uhøflege ytringar i samanheng med eit emne har lite kunnskap om frå før. Eg har difor valt å presentere tala frå spørjeundersøkinga med omsyn til kunnskap til artikkelens emne, både for å vise eventuelle skeivfordelingar mellom eksperiment- og kontrollgruppa, men også for å danne eit grunnlag for å diskutere forholdet mellom mentale snarvegar og predisposisjon i drøftingskapittelet:

**Tabell 6: Utvalets kunnskap om artikkelens emne - lærarutdanning:**

	Ingen kunnskap	Litt kunnskap	Noko kunnskap	Grei kunnskap	Mykje kunnskap
<b>Eksperimentgruppe</b>	44	90	65	45	28
<b>Kontrollgruppe</b>	40	102	58	47	26
<b>Totalt</b>	84	192	123	92	54

For det fyrste ser ein at forskjellen mellom dei målte gruppene er tilnærma like. Dette er heldig med omsyn til utfallet i dei seinare analysemodellane, og skapar grunnlag for å drøfte predisposisjonen til artikkelens emne. I valet av artikkel var det meint at samlege av respondentane ikkje skulle ha ein altfor sterk predisposisjon, men at det likevel er eit emne som alle kan relatere seg til. Den største oppslutninga hamna på *litt kunnskap*, men det var jamt over ei brei fordeling av kunnskapsgrad. Med omsyn til teoriane om predisposisjon og mentale snarvegar, konkludera eg med at valet av nyheitsemne har vore ideelt.

### **3.4.4 Anna nemneverdig kritikk av utvalet**

Ved sidan av størrelsen og interne variasjonar mellom utvalets grupper, er det visse eigenskapar ved utvalet som er kritikkverdig. Det at respondentane er henta gjennom sosiale media med utgangspunkt i mitt eige sosiale nettverk er problematisk av fleire årsakar. Eg vil likevel poengtere at den største delen av utvalet har blitt rekruttert gjennom "delingar" i sosiale media, og at dei aller færreste truleg er nære kjenningar av meg sjølv. Dette kjem også fram gjennom at utvalet har eit breitt aldersspenn, og at dei fleste respondentane er arbeidstakarar framfor å vere studentar, og at dei sånn sett ikkje er henta frå mitt eige studiemiljø. Dette er blant anna viktig fordi at det i eksperimenter gjerne er ynskjeleg at både eksperiment- og kontrollgruppa skal vere uavhengige av betingelsane i eksperimentet. I denne konteksten er det difor også uheldig om respondentane har særlege kunnskapar frå faggreiner som mediesosiologi, men også frå lærarutdanning. Her vil eg for det fyrste argumentere for at dei fordelingane mellom arbeidstakarar og studentar i tabell 3 viser at store delar av utvalet er arbeidstakarar. Eg kan likevel ikkje utelukke at nokre av desse er tidlegare lærarstudentar.

Eg kan heller ikkje utelukke kva for målgruppe som bevisst har unnlata å svare, til dømes respondentar som ikkje er tilbøyelege for å ta spørjeundersøkingar på generell basis. Eit anna kritikkverdig grunnlag er at personar via sosiale media i mitt eige nettverk kan ha kunnskap om hensikta bak spørjeundersøkinga, nettopp fordi det er personar som gjerne har kjennskap til meg og kva eg driv med. Nettopp med grunnlag i denne problemstillinga har eg difor vore diskre og subtil når det kjem til å dele detaljar rundt forskinga mi i forkant av gjennomføringa. Dei nærmaste rundt meg som har kjennskap til studiets bakgrunn har sjølv sagt også fått beskjed om å ikkje gjennomføre spørjeundersøkinga. Det at mange av respondentane kjem frå andre sine nettverk, ved at lenkene til spørjeundersøkinga har blitt delt via andre enn meg sjølv, gjer

at personar som ikkje ein gong har kjennskap til meg blir inkludert i utvalet. Det er helst denne funksjonen ved rekruttering i sosiale media, det at den gjer fleire potensielle respondentar lett tilgjengelege, som gjer at eg såg på Facebook som eit nyttig medium ved rekruttering av utvalet. Det er også eit sentralt poeng at respondentar som er aktive i sosiale media også gjerne har kjennskap til kommentarfelt, og kva desse nettdebattane inneber.

Når eg seinare skal vurdere verifiseringar som generalisering og validitet, er det likevel nokre punkt ved den nemnde kritikken som gjer at dette studiet primært seier noko om det observerte utvalet. Studiets funn og resultat seier altså noko om tendensane for respondentane i studiet, og hensikta bak studiet blir i større grad å gje ein peikepinn på korleis tonen i kommentarfelta har påverka *deira* persepsjon av ein artikkel. Som ein kan sjå i den djupare vurderinga av allmenngjering seinare i dette metodekapittelet, konkludera eg med at ein skal vere forsiktig med å hevde at studiets funn kan seiast å gjelde utover det observerte datamaterialet. Når desse refleksjonane er ytra hevdar eg likevel at studiets funn bør vurderast som eit interessant bidrag til studiets emne, og at utvalet ikkje har mange kritikkverdige eigenskapar utover dei som er nemnd.

## 3.5 Operasjonalisering

### 3.5.1 Analyse av gjennomsnitt

Jamfør Ringdal (2013: 367) er gjennomsnittsanalyse ein måte å studere forskjellar mellom grupper på. Gjennomsnittsanalyser kan svare på to typar spørsmål: (1) Kor stor(e) er forskjellane mellom gruppene? (2) Gjelder forskjellane også for populasjonen? Det fyrste spørsmålet går på styrken i samanhengen mellom X og Y, medan det andre spørsmålet går på statistisk generalisering. Statistisk generalisering føresett at utvalet av analyseiningar er trekt ut på tilfeldige vilkår, noko eg kjem nærmare inn på under drøftinga av studiets verifisering.

I analysen av gjennomsnitt ser eg på forskjellen mellom eksperiment- og kontrollgruppa, kor eg ser etter forskjellar med omsyn til kor positive dei forskjellige gruppene er til artikkelens emne gjennom ein haldningsvariabel. Det som utgjer den viktigaste avhengige variabelen i spørjeundersøkinga er dermed: *''Kor positiv er du til at lærarutdanninga blir femårig?''*. Spørsmålet har fem verdiar, kor 1 er *svært negativ* og 5 er *svært positiv*. Dette utgjer den avhengige variabelen (test variable) i analysen av gjennomsnitt, medan ein eigen variabel for

eksperiment- og kontrollgruppa utgjer den uavhengige variabelen (grouping variable). I byrjinga av denne delen av analysen er fordelinga fyrst satt opp i ein krysstabell for å tolke dei intuitive kontrastane ein ser ved fyrste augekast. Denne er presentert for å gje lesaren ei intuitiv oversikt over den beskrivande statistikken. Vidare er resultata frå testane presenterte i ulike tabellar frå dei gjennomførte variansanalysane.

For å analysere om dei uhøflege ytringane har hatt dei polariserande effektane som vart beskrivne i teorikapittelet, har eg på same måte testa dette gjennom ein variansanalyse, kor eg også har inkludert respondentanes politiske ståsted. Gervais (2015) hevda at den polariserande effekten gjerne skjedde som grunnlag av at dei uhøflege ytringane gjorde at respondentar som var ueinige i utgangspunktet, i hans tilfelle demokratar og republikanarar, vart meir ueinige. Med omsyn til at forslaget om at lærarutdanninga skal bli femårig er ein del av Høyre og Frp sin regjeringsplattform, hevdar eg difor at det lagar mening å ikkje berre undersøkje forskjellen mellom eksperiment- og kontrollgruppa, men også med utgangspunkt i politisk orientering. Ved å samanlikne snittverdiane for kor positive respondentane er til nyheitsemne med omsyn til den politiske orienteringa i tillegg, kan eg analysere om dei venstre- og høgreorienterte respondentane innanfor gruppene har vorte meir polariserte i eksperimentgruppa enn i kontrollgruppa.

Eg kunne gjort dette på fleire måtar, til dømes ved å køyre ein regresjonsanalyse og inkludere ein variabel kor Høyre og Frp hadde verdien 1 og tradisjonelt venstreorienterte parti hadde verdien 0. Dette ville likevel ekskludert store delar av utvalet, med omsyn til skeivfordelinga mellom dei politiske partia i tabell 4. Eg har difor valt å dummy-kode den politiske orienteringa som er presentert i modell 5 til to verdier. Denne variabelen hadde også ei skeivfordeling i form av at den lente mot venstre, men med omsyn til at den har 9 verdier, har dei fire fyrste verdiane blitt koda som venstre og resten til høgre.

Vidare i variansanalysen vil eg også nytte variablar som kan gje ein peikepinn på korleis gruppene har oppfatta stimuliane i form av kommentarfelta annleis. Dette går blant anna på korleis respondentane opplev at kommentarfelta er lagt fram på ein sakleg måte, og i kva grad dei synst at kommentarfelta er med på å belyse andre viktige sider ved artikkelen. I etterkant av desse er det framsynt variansanalyser som ser på snittverdiane av kor einige dei er i utsegna. På

denne måten får eg ikkje berre eit grunnlag for å samanlikne korleis respondentane synst at argumenta er lagt fram, men også om tonen i kommentarfelta gjer at dei er meir eller mindre einig i ytringane.

### 3.5.2 Lineær regresjonsanalyse

Jamfør Ringdal (2013: 390) kan lineære regresjonsanalyser nyttast både til å analysere eksperimentelle og ikkje-eksperimentelle data. Regresjonsanalysen kan sjåast som ein generalisering av variansanalysen. Medan gruppegjennomsnitta for den avhengige variabelen i variansanalysen kan anta eit kvart mønster, føresett regresjon i utgangspunktet ein lineær samanheng mellom ein avhengig og ein uavhengig variabel. Det vil seie at gruppegjennomsnitta ligg på ei rett linje. Ein lineær samanheng kan presenterast på tre måtar: i ein tabell, i ei likning og i eit diagram. Eg har valt å presentere resultatata i tabellar, kor eg også samanliknar resultatata frå tre forskjellige modellar.

For å tolke resultatata frå den lineære regresjonen, vil eg blant anna nytte regresjonskoeffisienten til dei uavhengige variablane (Ringdal 2013: 395). Regresjonskoeffisienten kan i teorien variere mellom minus og pluss i det uendelige. Koeffisientens talverdi er avhengig av samanhengens styrke, og av målestokken på den avhengige og den uavhengige variabelen. I dette studiets tilfelle har den avhengige variabelen fem verdier (1=negativ, 5=positiv (til artikkelens emne)), medan den viktigaste uavhengige har to verdier (1=eksperimentgruppe, 0=kontrollgruppe). Fortegnet i regresjonskoeffisienten fortel samanhengens retning, og om den er positiv eller negativ. Dersom eksperimentgruppa vel verdien 1, er det jamfør teorikapittelet forventa at regresjonskoeffisienten har eit negativt forteikn.

I regresjonsanalysen vil eg også tolke verdien til korrelasjonskoeffisienten  $R^2$ . Denne er også omtalt som forklaringsgraden, fordi den er eit tal på proporsjonen den uavhengige variabelen forklarar variansen i den avhengige variabelen. Verdien variera frå 0 til 1. Regresjonsanalysen vil bli presentert gjennom tre modellar, kor variabelen som beskriv eksperimentgruppa vil bli kontrollert for andre variablar. Jamfør Ringdal (2013:408) bør analysen byggast på eit teoretisk fundament rundt ei klar problemstilling. Teknisk sett bør regresjonsmodellen difor byggast opp frå botn, kor kvar enkelt teoretiske relevante variabel skal behandlast før dei nyttast i regresjonsanalysen. Av kontrollvariablar har eg difor inkludert dei variablane som kan påverke studiets viktigaste uavhengige variabel, med utgangspunkt i teoriane frå førre kapittel. Eg har



også køyrt ein lineær regresjonsanalyse kor eg har kontrollert for dei respondentane som tilsynelatande ikkje har tatt spørjeundersøkinga seriøst. Her rettar eg merksemd til dei som skåra dårleg på attgjevinga av spørjeundersøkingas stimuli.

## 3.6 Verifisering

### 3.6.1 Validitet

Validitet går på om ein faktisk måler det ein ynskjer å måle (Ringdal 2013: 504). Når ein ser på validiteten til eksperimentelle design, ser ein både på den interne og den eksterne validiteten. I følge Tufte (2013) overgår eksperimentelle design mange andre design når det kjem til moglegheiter til å påvise årsakssamanhengar. Når dette er sagt, er det viktig å understreke at sjølv om eksperimentet generelt skårar høgt på intern validitet, kan det skorte på den eksterne validiteten (Tufte 2013: 102). Forsøk på å gjere eksperimenta meir realistiske, som ved felteksperimentar og naturlege eksperiment, betrar den eksterne validitet, men dette går gjerne utover den interne validiteten igjen. Til tross for potensielt høg intern validitet kan eksperimentet berre gje ei avgrensa innsikt i korleis årsaken påverkar effekten og dei kontekstuelle vilkåra for effekten. På denne måten kan årsaksprosessen stå igjen som ein svart boks (Shadish, Cook og Campbell 2002: 9).

Ved refleksjonar for den indre validiteten i dette studiet har eg difor sett på kva grunnlag eksperimentet har for å seie at mine funn kan forklarast gjennom hypotesen rundt effektane til det uhøflege kommentarfeltet. Høg indre validitet føreset at man har god kontroll over moglege bias. Undervegs i prosjektet har eg difor vurdert moglege feilgrep, både på grunnlag av feil eller unøyaktigheiter ved utval av respondentar, val av undersøkingsmetode og mi eiga vurdering av resultatane etter beste evne. I grunnleggjendane av dei valde respondentane er det også vesentleg at respondentane er valt av ein rekke praktiske årsakar, til dømes at respondentane helst er lett tilgjengelege. Dette er noko som må takast i betraktning, og at gjennomføring av eit studie med fleire ressursar og større omfang både kan gje eit betre og meir utfyllande bilete av korleis tonen i kommentarfelta påverkar persepsjonen av ein nyheitsartikkel.

Eit anna kritisk spørsmål til indre validitet er utforminga av spørsmål og stimuli, og korleis heldige og uheldige formuleringar gjer at respondentane svarar på den måten dei har gjort. Spørsmåla er blant anna utprøvde av testpersonar på førehand med førespurnad om kritiske

tilbakemeldingar om korleis dei forstår dei individuelle spørsmåla. Ved utforminga av spørjeundersøkinga har eg også rådført meg med ansatte ved IT-seksjonen på Fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse ved NTNU, samt rådført meg med vegleiaren for masteroppgåva. Dette gjer at måleegenskapane og definisjonsspørsmåla rundt undersøkinga har ein høgare validitet enn om eg hadde utforma desse på eige hand. Utforminga av stimuli er nærmare drøfta lenger nede i kapitlet under refleksjonane for dei metodiske betraktningane eg har hatt i etterkant. Andre aspekt, som spuriøsitet og liknande mekanismar vil drøftast i analysekapitlet, men forutan dei nemnde refleksjonane hevdar eg at studiet har god validitet.

### **3.6.2 Generalisering**

Med ytre validitet viser ein til det at resultata frå eit studie av eit avgrensa omfang kan generaliserast, og dermed reknast å gjelde for ein større mengde data enn det studien undersøkte, eller med andre ord, ein større del av befolkninga. Med omsyn til at det allereie har vore gjennomførte liknande eksperiment på same emne, skjer den ytre valideringa ved å samanlikne min eigen replikasjon av tidlegare forskingsartiklar, kor eg gjennomfører eit liknande eksperiment i andre settingar. Gjennom replikasjonen vil samanlikninga av resultata styrke den ytre validiteten.

Eg prøvar samtidig ikkje å undergrave det komplekse menneske, og jamfør Shadish (et al. 2002: 21) kan eg ikkje avvise at der finnast individuelle nivå av samhandling, sosiale normer og kulturelle førestillingar, for å nemne nokre, som er vanskelege å måle ved denne typen eksperiment. Samtidig vil eg understreke at utvalet har eit stort spenn av målgrupper, både med omsyn til kjønn, alder og sysselsetjing. Eg vil likevel konkludere med at ein skal vere forsiktig med å bruke dette datamaterialet til å seie noko om ei større del om befolkninga, men heller sjå på det som tendensar ved ei utvalt målgruppe. I staden for å bruke omgrepet generalisering, er resultata frå eksperimentet i større grad ein tilleggskunnskap til studiets emne.

### **3.6.3 Reliabilitet**

Reliabilitet handlar i større grad om å stole på den indre validiteten ved studiet, og at gjentekne målingar med same instrument vil gje same resultat (Ringdal 2013: 500). Målingar med same instrument, same formulering av spørsmål og same stimuli i undersøkinga, men med annleis resultat, ser eg ikkje kan handle om anna enn studiets utval, gjennomføring av analyse og tolking av resultat. Med omsyn til utval har eg allereie gjort greie for nokre av dei kritikkverdige

aspekta. Nokre av desse er også prøvd ut etter evne ved kontrollvariablar. Her siktar eg til dømes til tabellen som viser kor mykje kunnskap respondentane har om den gitte artikkelen. I byrjinga av neste kapittel skal eg også vise kor aktive respondentane er i sosiale media, og kor stor oppslutning resultatene frå attgjevinga av stimuliane hadde.

Med omsyn til gjennomføring av analyse og tolking av resultat vil eg for det fyrste understreke at eg ikkje har vore ute etter spesifikke resultat i forskinga, og at eg heller ikkje har bygd opp teorikapittelet i lys av forventningar til eit spesifikt utfall ved studiets funn. Eg ser det som like interessant kor vidt studiets funn står i stil eller ikkje med tidlegare forskning. Dette fordi det enten bekrefta at kommentarfeltas tone har effekt på persepsjonen av ein nyheitsartikkel, eller potensielt kan vise tendensar til kva for kontekstuelle vilkår som gjer at desse effektane ikkje oppstår. Respondentanes attgjeving av stimuliane er som nemnd også med på å sikre kor stor del av utvalet som har tatt spørjeundersøkinga seriøst, noko som styrkar reliabiliteten. Forutan dei kritikkverdige aspekta som allereie er nemnd, hevdar eg at studiets reliabilitet er god.

## 3.7 Refleksjonar

### 3.7.1 Metodiske betraktningar i etterkant

I etterkant av den gjennomførte spørjeundersøkinga har eg blant anna angra over at eg ikkje fekk respondentane til å ta stilling til fleire påstandar rundt kvifor og eventuelt kvifor dei ikkje deltek i kommentarfelta sjølve. Ein tilleggspåstand kunne til dømes vere *“Eg deltek ikkje i kommentarfelt fordi diskusjonane stort sett er usaklege.”* og liknande. Dette kunne vore konstruktive tilskot til kvifor enkelte av respondentane eventuelt held seg passive til kommentarfelta, og ikkje tar eit aktivt inngrep i nettdebattane. Samtidig har respondentane blant anna blitt spurde om å ta stilling til påstandar rundt kvifor dei eventuelt *les* kommentarfelt, noko som ein i dette studiets tilfelle gjerne har større interesse av å kartleggje.

Ein anna metodisk betraktning er at eg i større grad kunne haldt negativiteten i kommentarfelta konstant. Medan begge kommentarfelta gjer kritikk til at lærarutdanninga blir femårig, lenar det høfleg manipulerte kommentarfeltet i litt større grad mot å vere positiv til forslaget i nyheitsartikkelen. Dersom det høflege kommentarfeltet var like negativ til at lærarutdanninga vert femårig, kunne eg i større grad vere heilt sikker på at det berre er sjølve tonen som har hatt ein effekt. Samtidig tok eg utgangspunkt i omgrepsavklaringa til «civility» når eg konstruerte

det høflege kommentarfeltet, som blant anna inneber å fremme gjensidig respekt til artikkelens emne. Eit utdrag frå ein av ytringane til kontrollgruppa lyder difor til dømes “...*jeg tror at man også må legge opp selve utdanningskabalens bedre*”, eller “...*flott at regjeringen holder dette kunnskapsløftet! Men bør man ikke også ha strengere krav til hvem som skal bli lærere?*”. Et forslag til å vere høfleg, men samtidig holde nivået av negativitet konstant, kunne til dømes vere “...*med all respekt tror jeg ikke dette er veien å gå, da tidligere forskning viser at det er (årsak) som er problemet*” eller liknande.

Eg må samtidig argumentere for at ytringane i det høfleg manipulerede kommentarfeltet likevel ikkje er "overbegeistra" for forslaget. I analysen vil eg også sjå på forskjellane mellom eksperiment- og kontrollgruppa med omsyn til korleis det opplevde at ytringane var med på å belyse andre sider av saken, og om utvala opplevde utsegna som saklege. Dersom resultatene frå desse spørsmåla viser at ytringane har blitt opplevd slik intensjonen var, vil eg konkludere med at dei metodiske slutningane mine er gjort på konstruktive grunnlag, samtidig som eg i etterkant ser at det hadde vore rom for nokre forbetringar. For å samanlikne samlege av ytringane kan ein sjå nærmare på dei i oppgåvas vedlegg.

### 3.7.2 Ethiske refleksjonar

Skog (2013: 80) har nokre avsnitt om sosiale eksperiment, og kva for etiske refleksjonar ein bør gjere på førehand av eit eksperiment. Sidan eksperiment ofte krev eit aktivt inngrep i sosialt liv på ein heilt anna måte enn ikkje-eksperimentelle metodar vanlegvis gjer, oppstår det ofte spesielle forskingsetiske problemstillingar i tilknytning til eksperimentelle design. Det er opplagte grenser for kva forskarar kan tillate seg å utsette andre menneske for i forskingens namn. Ein grunnregel er at ein skal innhente informert samtykke frå den som skal delta i eit forsøk. Sidan dette studiet nyttar eit kvasi-eksperimentelt design utan at respondentane veit det, har dei etiske problemstillingane ved gjennomføringa av mi eiga forskning handla om å reflektere over nettopp dette.

Eg har konkludert med at det ikkje er store etiske problemstillingar knytt til denne forskingens tilfelle. Respondentane får også den tilstrekkelige informasjonen på den fyrste sida av spørjeundersøkinga som trengs for å gjennomføre den, og med omsyn til at studiets emne ikkje er særleg sensitivt er det lite sannsynleg at respondentane føler seg lurde. Informasjonen på fyrste side av spørjeundersøkinga inkluderer ein kortfattedeleg innføring i formålet utan at den

avslører hensikta bak. Den informera også om at deltakinga er frivillig, at alle svara vil bli behandla konfidensielt og at datamaterialet vil bli anonymisert ved prosjektslutt. Respondentane blir også informert om at dei samtykker ved å svare på spørsmåla og sende dei inn ved å klikke på «ferdig» på spørjeundersøkingas siste side.

Når det gjeld stimuliane, har eg tidlegare omtalt desse som "manipulerte kommentarfelt", men her vil eg understreke at eg ikkje har henta originale kommentarfelt og redigert dei. Dei to stimuliane som er i form av kommentarfelt er konstruerte frå grunn, noko som inkludera påfunne namn og påfunne utsegn. Dei fire forskjellige profilbileta som er brukte er tildelt frå vener som har tildelt meg munnleg og skriftleg samtykke. På denne måten har eg ikkje møtt på etiske refleksjonar rundt desse stimuliane, men i følgje «Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora» så:

*«..kan forskarar som hovudregel fritt nytte materiale frå opne fora utan å innhente samtykke frå dei opplysningane det gjeld (punkt 8). Samtidig må dette alltid avvegast mot kravet om respekt for individs privatliv og nære relasjonar (punkt 13). Skilje mellom privat og offentleg sfære kan vere vanskelig å trekke når det gjeld informasjon og åtferd som formidlast og lagrast på Internett.» (NESH 2014: 4).*

I dette prosjektet er det likevel ikkje snakk om å bruke eit "ekte" kommentarfelt som datamateriale, og analysen går på å tolke effekten av eksponering for manipulerte kommentarfelt, ikkje innhaldet av eit orginalt. Sidan den gitte artikkelen ikkje er innanfor eit sensitivt emne, er det heller ikkje kommentarar som kan verke støtande eller sårande på respondentane. I verste fall kan nokre av ytringane frå det uhøflege kommentarfeltet verke provoserande, noko eg i større grad ser på som ein potensiell effekt enn som ei påkjenning på respondentane. Ei anna etisk problemstilling er refleksjonar rundt at respondentane blir "lurt", i den forstand at dei ikkje veit at dei er med i eit eksperiment, då respondentane berre blir spurde om å delta i ei spørjeundersøking. Sidan masteroppgåva er godkjend av NSD, har eg konkludert med at det i dette tilfellet ikkje har vore eit stort behov for debriefing av respondentane i etterkant.



## 4 Analyse

I dette kapitlet skal eg hovudsakleg sjå på forskjellar mellom eksperiment- og kontrollgruppa, kor eg har oppgåvas overordna problemstilling i sentrum: På kva måte kan kommentarfeltets tone ha innverknadar på persepsjonen av ein nyheitsartikkel? I forkant av varians- og regresjonsanalysane har eg presentert oppslutninga av respondentanes attgjeving av stimuli. Dette har eg gjort for å gje eit bilete av i kva grad respondentane har tatt spørjeundersøkinga seriøst, med omsyn til kor vidt dei har fått med seg stimulianes innhald. Eg ser også på utvalets nyheitskjelder, bruk av kommentarfelt i sosiale media og korleis dei svara på forskjellige påstandar rundt kommentarfelt. Dette har eg gjort for å gje eit bilete av respondentanes forhold til nyheitskjelder og kommentarfelt generelt, noko som kan vere med på å forklare nokre av funna i variansanalysen. Drøfting av analysanes funn skjer fortløpande under resultatata. Ei heildekkjande drøfting og den avsluttande konklusjonen er presentert i oppgåvas siste kapittel.

### 4.1 Attgjeving av stimuli

For å sikre at respondentane faktisk hadde fått med seg stimuliane i spørjeundersøkinga, fekk dei nokre spørsmål knytt til det som vart lagt fram i artikkelen og i kommentarfelta. Eg startar analysekapitlet med å presentere denne oppslutninga for å gje eit bilete av om respondentane tok spørjeundersøkinga seriøst. Det var mogleg for respondentane å gå tilbake i spørjeundersøkinga for å sjå dei forskjellige utsegna, men resultatata frå attgjevinga er likevel vesentlege for å konstatere at resultatata frå spørjeundersøkinga ikkje er tilfeldige. Mykje av attgjevinga hadde rimelige resultat, men vil likevel bli testa i ein regresjonsanalyse. I attgjevinga av artikkelen vart respondentane blant anna spurde om bakgrunnen for at regjeringa ville gjere lærarutdanninga til ein femårig master. Det korrekte svaret var at framtidige lærarar vil få meir kunnskap om kor forskingsbasert kunnskap kan finnast og brukast. Av fire alternativ svarte 87 % av utvalet riktig, medan det resterande utvalet, med unntak av nokre få, svarte at framtidige lærarar vil få meir pedagogisk kompetanse og praksis.

Det andre spørsmålet med omsyn til artikkelen var: *‘‘Løftet om ein femårig lærarutdanning er nedfelt i ein regjeringsplattform. Kven sin?’’*. Det korrekte svaret var Frp og Høyre. Dette tenkjast å vere eit viktig attgjevingsspørsmål med omsyn til variablane som gjekk på politisk orientering, fordi det kan tenkjast at det kunne affektere haldninga til artikkelens emne. Av fire alternativ svarta 90 % korrekt, medan dei resterande svarte Arbeiderpartiet og Venstre. Sjølv

om oppslutninga gjerne skulle vore høgare, tolkar eg dette førebels som ein tilstrekkeleg føresetnad for at analysen ikkje har gått glipp av potensielle samspel mellom haldninga til nyheitsemne og politisk orientering. Som nemnd vil eg likevel sjå nærmare på dette i ein regresjonsanalyse

I attgjevinga av kommentarfeltet vart respondentane presenterte for 9 forskjellige utsegn, kor dei vart bedde om å ta stilling til om påstandane vart ytra eller ikkje gjennom å svare *nei* eller *ja*. Dei fire ytra utsegna i kommentarfeltet handlar om at (1) respekten til lærarane må tilbake, (2) at lærarane treng ein betre praksisperiode, (3) at det bør bli strengare krav til kven som skal bli lærarar og (4) at studielånet ikkje bør bli høgare. Det korrekte svaret på desse spørsmåla er altså *ja*. På spørsmålet om at respekten må tilbake svara 89 % korrekt. På spørsmålet om at lærarstudentane treng ein betre praksisperiode svara 72 % korrekt. På spørsmålet om at det bør bli strengare krav til kven som skal bli lærarar svara 84 % korrekt. På spørsmålet om at studielånet ikkje bør bli høgare svara 70 % korrekt.

Dei fem andre utsegna som *ikkje* var ytra i det gitte kommentarfeltet var (1) at lærarar bør få høgare lønn, (2) at lærarar bør ta meir kollektiv trafikk, (3) at lærarstudentane har for mykje pensum, (4) at det er for vanskeleg å komme inn på lærarhøgskulen og (5) at lærarstudiet bør forbli ein treårig bachelor. Det korrekte svaret på desse spørsmåla er altså *nei*. På spørsmålet om at lærarar bør få høgare lønn svara 54 % korrekt. Forvirringa kán vere på grunnlag av kommentaren som ytra at studielånet ikkje bør blir høgare. På spørsmålet om at lærarar bør ta meir kollektiv trafikk svara 98 % korrekt. På spørsmålet om at lærarstudentane har for mykje pensum svara 87 % korrekt. På spørsmålet om at det er for vanskeleg å komme inn på lærarhøgskulen svara 96 % korrekt. På spørsmålet om at lærarstudiet bør forbli ein treårig bachelor svara 76 % korrekt. I det sistnemnde er det også rom for forvirring, då fleire av ytringane tross alt var negative til forslaget om at den skal bli femårig.

I attgjevinga av utsegn frå kommentarfelta ser det ut til at eit solid fleirtal av respondentane har tatt spørjeundersøkinga seriøst. Sjølv om oppslutninga er lågare enn det som er ideelt, vart respondentane likevel spurde om å ta stilling til kor einige dei var i dei forskjellige ytringane som faktisk vór med i kommentarfeltet. Her var fråfallet under 2 %. Eg vil kontrollere desse forholda nærmare i ein regresjonsanalyse nedst i analysekapittelet, og attgjevingsspørsmåla kan



ein sjå nærmare på i oppgåvas vedlegg. Dersom koeffisienten som gjer uttrykk for effekten av å vere i eksperimentgruppa vert lågare når eg kontrollera for respondentanes attgjeving, tolkar eg dette som at effekten er sterkare når respondentane har fått meg seg eksperimentas stimuli. Dersom den blir høgare, må eg drøfte om det ligg andre variablar bak.

## 4.2 Spørsmål i forkant av stimuliane

### 4.2.1 Utvalets nyheitskjelder

I forkant av stimuliane vart respondentane spurde om hyppigheit i bruk av nyheitskjelder. Dette er relevant for å sjå om respondentane i det heile tatt har anlegg for å bli eksponert for kommentarfelt. I tabell 7 har eg presentert resultatata i rekkjefølgje av hyppigheit:

**Tabell 7: Hyppigheit i bruk av nyheitskjelder:**

	<b>Papiravis</b>	<b>TV</b>	<b>Vener</b>	<b>Nettavis</b>	<b>Sosiale media</b>
<b>Aldri</b>	19 %	7 %	2 %	1 %	0 %
<b>Ein gong i månaden</b>	<b><u>27 %</u></b>	14 %	8 %	2 %	1 %
<b>Fleire gongar i månaden</b>	23 %	22 %	24 %	7 %	6 %
<b>Fleire gongar i veka</b>	14 %	<b><u>25 %</u></b>	<b><u>42 %</u></b>	17 %	18 %
<b>Kvar dag</b>	12 %	22 %	17 %	34 %	35 %
<b>Fleire gongar dagleg</b>	4 %	9 %	6 %	<b><u>38 %</u></b>	<b><u>39 %</u></b>
<b>N</b>	99 %	99 %	98 %	99 %	99 %

Som ein kan sjå er det utvilsamt nettaviser og sosiale media som skårar høgst på hyppigheit. Dei fleste respondentane svara at dei sjekka nettaviser både kvar dag og fleire gongar dagleg,

og det same gjaldt når det gjeldt å bli eksponerte for nyheiter gjennom sosiale media. Det vil seie at den neste statistikken eg skal beskrive, som omhandlar bruken av kommentarfeltet, representera eit utval som har eit høgt sannsyn for å bli eksponerte for nettdebattar. Den hyppige bruken kán ha ein samanheng med at utvalet er rekruttert nettopp via sosiale media, og at det sånn sett er naturleg at dei også er aktive på desse plattformane. Eg ser uansett ein større nytte av å analysere kommentarfeltets påverknad på dei som faktisk har anlegg for å bli eksponert for nettdebattar, enn eit utval som ikkje er det. Samtidig treng ikkje respondentanes hyppige nyheitsoppdateringar nødvendigvis å vere kopla med å vere hyppigare eksponert for kommentarfelt. Tala frå neste tabell gjer eit betre bilete av dette, samt bruken av dei.

#### 4.2.2 Bruk av nyheitsartiklanes kommentarfelt

I teorikapittelet nemnde eg at forskingsresultata i boka «Liker - Like ikke» (Enjolras et al. 2013) viste at dei som er aktive i kommentarfelta forholdsvis gjeld ei mindre gruppe. Samtidig hevda eg at dei som *les* er utelatt frå denne statistikken, og at dette potensielt gjeld ei langt større gruppe. I tabell 8 har eg lagt fram resultat som viser den passive og aktive tilnærminga respondentane har til kommentarfeltet:

**Tabell 8: Bruk av kommentarfelt – Kor ofte respondentane:**


	<b>Skriv</b> kommentarar under nyheitsartiklar	<b>Les</b> kommentarar under nyheitsartiklar	<b>"Liker"</b> kommentarane under ein nyheitsartikkel
<b>Aldri</b>	<b><u>62 %</u></b>	4 %	32 %
<b>Sjeldan</b>	25 %	26 %	<b><u>37 %</u></b>
<b>Under nokre artiklar</b>	11 %	<b><u>46 %</u></b>	24 %
<b>Under mange artiklar</b>	2 %	23 %	5 %
<b>Under kvar artikkel</b>	0 %	1 %	0 %
<b>N</b>	99 %	99 %	100 %

På lik linje med det Enjolras (et al. 2013) hevda, ser ein at dei som er aktive i kommentarfelta gjeld ei sær s lita gruppe. Samtidig ser ein at det er sær få som aldri les kommentarfelt, og at dei fleste les kommentarfelt i ein eller anna hyppig grad. Dette tyder på at påstanden min tidlegare i oppgåva, om at det er mange fleire som les kommentarar enn som skriv dei, ser ut til å stemme overeins med verkelegheita. Medan 62 % seier at dei aldri ytrar seg i kommentarfeltet under ein nyheitsartikkel, svara til saman heile 96 % at dei i ein eller anna hyppig grad les kommentarfeltet under ein nyheitsartikkel. Det ser likevel ut til at ein har lettare for å "like" ei ytring i kommentarfeltet enn å skrive ei ytring sjølv, og at det er meir attraktivt å ta stilling til artikkelens emne på denne måten. Dette er også eit klart teikn på at respondentanes interaksjon med kommentarfelt i hovudsak er passiv, ikkje aktiv. Dette tolkar eg som ein solid føresetnad for å hevde at dei fleste har eit forhold til kommentarfelt, noko som styrkar betydinga av å forske på effektane av dei. Sjølv om dette er konstatert, ser eg på respondentanes oppleving av kommentarfelt som seriøs debattarena som like viktig, fordi eg ser på det som vesentleg for sjølv påverknadseffekten.

### **4.2.3 Kommentarfelt som seriøs arena for debatt**

Respondentane vart også spurde i kva grad dei opplev at kommentarane i kommentarfelta generelt er saklege eller usaklege. Her fekk respondentane også definisjonar på omgrepa «sakleg kommentar» og «usakleg kommentar» under spørsmålet, som har parallellar med omgrepsavklaringa av uhøflege og høflege kommentarar i teorikapittelet. Med «usakleg kommentar» meina ein at kommentaren har ein unødig nedlatande tone, og at den ikkje kommentera artikkelen eller trådens emne. Med «sakleg kommentar» er det altså meint at kommentaren har ein god tone, og kommentera artikkelen eller trådens emne. På neste side har eg presentert resultata i ein graf, medan tabellen under viser den prosentvise oppslutninga for kvar verdi:

**Tabell 9: Generell oppleving av kommentarfelt – Usakleg | Sakleg:**



På grafen over ser ein at 41 % svara verdien 3, noko som plassera store delar av det totale utvalet under *Både og*. Den kumulative prosentten vert på heile 98 % ved verdien 3, noko eg tolkar som at dei aller færreste opplev kommentarfelt som generelt saklege. Grafen viser at respondentane lenar mot å ha ein generell oppfatning av kommentarfelt som ein mindre sakleg arena. Dette kan affektare påverknadseffekten eg prøvar å måle, fordi respondentanes bevisste forhold til uhøflig framferda i kommentarfeltet kan gjere at dei avviser ytringas argument fordi den er uhøflig. I tabell 10 på neste side tar utvalet stilling til ei rekkje påstandar til kommentarfelt, og resultata av desse bekreftar forholdet respondentane har til kommentarfeltet som arena for ein seriøs debatt:

**Tabell 10: Påstandar – Grunnar til å lese kommentarfelt:**

	<b>Kommentarane får fram poeng som ikkje står i artikkelen</b>	<b>Kommentarane gjer meg eit innblikk i artikkelens innhald så eg slepp å lese den</b>	<b>Kommentarane er informative</b>	<b>Kommentarane er underhaldande</b>
<b>Ja</b>	17 %	5 %	10 %	53 %
<b>Av og til</b>	52 %	18 %	42 %	33 %
<b>Nei</b>	31 %	77 %	48 %	14 %
<b>N</b>	100 %	100 %	100 %	100 %

Det mest oppsiktsvekkjande funnet er kanskje at 53 % svara *ja* og 33 % *av og til* at dei les kommentarane fordi dei finn dei underhaldande. Samtidig viser det fyrste utsagne at 52 % svara *av og til* og 17 % *ja* til at kommentarfelta får fram poeng som ikkje står i artikkelen. Dette indikera at store delar av respondentane fyrst og fremst oppsøker kommentarfelt fordi dei finn kommentarane underhaldande, men at ytringane i nettdebatten likevel har anlegg for å vise til poeng ved nyheitsemne som ikkje står i den gitte artikkelen. Dette tyder likevel på at respondentane ikkje ser på kommentarfeltet som ein seriøs arena for debatt, men heller som ein arena for tåpelege utsegn eller liknande. Resultata viser også at berre 10 % generelt finn kommentarane i kommentarfelta som informative, medan 42 % finn dei som informative av og til. Dette viser at til tross for at respondentane opplev kommentarfeltet som ein mindre seriøs arena for debatt, finn dei likevel informative utsegn iblant. Eg konkludera både med at respondentane jamt over opplev kommentarfeltet som ein lite seriøs arena for debatt, men også med at når ytringane fyrst er konstruktive, er dei med på å informere lesarane om sider ved artikkelens emne som er utelatt.

## 4.3 Variansanalyse: Respondentanes respons på artikkelen

### 4.3.1 Positiv eller negativ til artikkelens emne?

Eg skal no gå over på å vise dei effektane som er i studiets hovudinteresse: På kva måte kan tonen i kommentarfeltet ha innverknadar på persepsjonen av eit nyheitsemne? Før eg viser

resultata frå variansanalysen vil eg gjengi ein krysstabell for å vise korleis analysens resultat ser ut ved fyrste augekast. I teorikapittelet gjer tidlegare forskning uttrykk for at uhøflege ytringar i kommentarfeltet kan ha innverknad på lesaranes persepsjon av eit nyheitsemne. Forskarane bak artikkelen (Anderson et al. 2013) har gjett uttrykk for at den gruppa som vart eksponert for eit uhøfleg kommentarfelt i større grad vart negativ til artikkelens emne. Gjennom ein krysstabell kan eg få ei intuitiv oversikt over kor vidt desse effektane er til stades. Jamfør hevdningane til den tidlegare forskinga kan eg forvente at eksperimentgruppa i større grad har ei oppslutning i den negative enden av skalaen. Resultata er presenterte under:

**Tabell 11: Krysstabell - Kor positive respondentane er til nyheitsemne:**

<u>Lærarutdanninga</u> <u>vert femårig</u>	<b>Eksperimentgruppe</b>	<b>Kontrollgruppe</b>
<b>Veldig positiv</b>	7 %	14 %
<b>Ganske positiv</b>	32 %	38 %
<b>Verken eller</b>	35%	33 %
<b>Litt negativ</b>	17 %	11 %
<b>Negativ</b>	9 %	4 %
<b>Totalt</b>	272	271
<b>Pearsons Kjikkvadrat Sig.</b>		.002

Som ein kan sjå ser det ut som at eksperimentgruppa har ein tendens til å vere meir negativ til artikkelens emne enn kontrollgruppa. Slår ein saman dei prosentvise fordelingane for respondentane som har valt *litt negativ* og *negativ* får ein ei fordeling på 15 % i kontrollgruppa mot 26 % i eksperimentgruppa. Slår ein saman dei prosentvise fordelingane for respondentane som har valt *ganske positiv* og *veldig positiv* får ein ei fordeling på 39 % i eksperimentgruppa mot 52 % i kontrollgruppa. Med omsyn til at mange av respondentane har stilt seg nøytrale til emne ved å velje verdien *verken eller*, er forskjellen mellom dei som er att relativt markante. Dei intuitive resultata ser ut til å stemme overeins med tidlegare forskning når det kjem til at uhøflege kommentarar gjer at lesarane i større grad blir negative til artikkelens emne. Pearsons

kjikkvadrat-test viser også at krysstabellen er statistisk signifikant. I neste tabell har eg framsynt snittverdiane frå ein variansanalyse:

**Tabell 12: Variansanalyse - Kor positive respondentane er til nyheitsemne:**

<b>Independent Samples T-test</b>		<b>N</b>	<b>Mean</b>	<b>Standard avvik</b>	<b>SE</b>	<b>Sig.</b>
<b>Positiv til at lærarutdanninga vert femårig</b> (1=negativ, 5=positiv)	Ekspérimentgruppe	272	<b><u>3.10</u></b>	1.065	.065	.000
	Kontrollgruppe	271	<b><u>3.46</u></b>	.995	.060	

Under den forventa verdien (mean) ser ein at eksperimentgruppa har ein lågare verdi enn kontrollgruppa, noko som stemmer overeins med det ein kunne observere i krysstabellen. I søken etter forskjellar mellom grupper i eksperimentelle design ser ein gjerne etter små forskjellar mellom gruppene. Forskjellen mellom snittverdiane her er 0.36, men med omsyn til at variablane totalt har fem verdier, og at store delar av gruppene valde den nøytrale verdien 3, tolkar eg dette som eit markant og interessant funn. I tillegg er p-verdien tilstrekkeleg under 0.05 nivå, og eg kan konkludere med at t-testen er statistisk signifikant.

### 4.3.2 Analyse av dei polariserande effektane

Til no har eg vist at det er forskjellar mellom dei målte gruppene med omsyn til kor positive dei er til artikkelen. Forskarane bak «The Nasty Effect» (Anderson et al. 2013) og Gervais (2015) har også hevda at dei uhøflege ytringane kan ha polariserande effektar, som følgje av at respondentane vart meir ueinige enn dei var i utgangspunktet. I teorikapittelet framsynte eg ein visuell framstilling av kva den polariserande effekten inneber, i form av at utvalet går kvar sin veg mot polane framfor å gå mot midten eller i same retning. Det at så mange i eksperimentgruppa valde *verken eller* gjer ved fyrste augekast uttrykk for at dei polariserande effektane ikkje har vore til stades. Ekspérimentgruppa ser ut til å vere like sentrert mot midten som kontrollgruppa, noko som står i strid med hevdingane frå tidlegare forskning.

Før eg trekk slutningar om at dei polariserande effektane er kontekstuelle, vil eg fyrst sjå nærmare på forskjellane mellom dei venstre- og høgreorienterte respondentane innanfor eksperiment- og kontrollgruppa. Som nemnd i teorikapittelet var det til dømes i situasjonar kor

demokratar og republikanarar diskuterte. Dersom partane braut normene for høfleg diskusjon vart partane meir ueinige, og lengre frå ein felles einigheit (Gervais 2015: 167). Sidan aktørane ikkje har dei same føresetnadane for å bli personleg fornærma, og sidan artikkellemne er relativt nøytralt, kunne ein sett føre seg at dei polariserande effektane frå uhøfleg framferd ikkje er til stades. Eg har likevel endå ikkje sett på forskjellane mellom politisk orientering. Sidan forslaget om at lærarutdanninga skal bli femårig er ein del av Høyre og Frp sin regjeringsplattform, nemnde eg i metodekapittelet at det lagar meining å undersøkje forskjellen mellom respondentanes politiske orientering. I den neste tabell har eg difor framsynt endå ei intuitiv tilnærming mellom dei målte gruppene, og ved å dummy-kode den politiske orienteringa til venstre og høgre, er desse observerte forskjellane også tilgjengelege:

**Tabell 13: Krystabell - Polariserande effektar som følgje av politisk orientering:**

<u>Lærarutdanninga</u> <u>vert femårig</u>	<b>Eksperimentgruppe</b>		<b>Kontrollgruppe</b>	
	Høgre	Venstre	Høgre	Venstre
<b>Negativ</b>	8 %	10 %	3%	4 %
<b>Litt negativ</b>	<b><u>8 %</u></b>	<b><u>25 %</u></b>	11 %	11 %
<b>Verken eller</b>	<b><u>39 %</u></b>	<b><u>31 %</u></b>	34 %	32 %
<b>Ganske positiv</b>	33 %	31 %	37 %	39 %
<b>Veldig positiv</b>	<b><u>12 %</u></b>	<b><u>3 %</u></b>	14 %	13 %
N	121	151	115	156
<b>Pearsons Kjikkvadrat Sig.</b>	.001		.989	

I resultatata til kontrollgruppa ser ein at resultatata omtrent er identiske mellom dei politiske orienteringane. Signifikansnivået frå Pearsons kjikkvadrat-test viser også at sjølv dei små forskjellane i tabellen ikkje er signifikante. I resultatata til eksperimentgruppa ser ein derimot større forskjellar mellom dei venstre- og høgreorienterte respondentane. Forskjellane på respondentane som har valt *litt negativ* er utvilsamt den største, kor dei venstreorienterte har 25 % oppslutning mot dei høgreorientertes 8 %. Signifikansnivået frå Pearsons kjikkvadrat-test



viser også at dei observerte forskjellane i krysstabellen er signifikante. På same måte som eg framsynte snittverdiane som følgje av den førre krysstabellen, har eg gjort det same i tabellen nedanfor:

**Tabell 14: Variansanalyse - Polariserende effektar som følgje av politisk orientering**

<b>Independent Samples T-test</b>	<b>Politisk orientering</b>	<b>N</b>	<b>Mean</b>	<b>Standard avvik</b>	<b>SE</b>	<b>Sig.</b>
<b>Eksperimentgruppe</b>	Venstre	151	<u><b>2.93</b></u>	1.044	.085	.003
	Høgre	121	<u><b>3.31</b></u>	1.057	.096	
<b>Kontrollgruppe</b>	Venstre	156	<u><b>3.46</b></u>	1.006	.081	.948
	Høgre	115	<u><b>3.47</b></u>	.985	.092	

Variansanalysen konfirmera den same tendensen som i krysstabellen. I snittverdiane mellom dei politisk orienterte gruppene til kontrollgruppa endrar den seg med så lite som ein desimal. Signifikansnivået til kontrollgruppa er også langt frå 0.05, noko som igjen tilseier at forskjellane mellom dei politisk orienterte gruppene til kontrollgruppa ikkje er statistisk signifikante. I eksperimentgruppa derimot, ser ein at forskjellane mellom dei venstre- og høgreorienterte gruppene er mykje større enn i kontrollgruppa. Den observerte variansen internt i eksperimentgruppa er 0.38. Samanlikna med den førre variansanalysen, kor forskjellen var 0.36, gjer den slående likskapen mellom verdiane at det ser ut til å vere parallellar mellom resultatane. Resultata gjer uttrykk for at det uhøflege kommentarfeltet ikkje berre gjer at respondentane i eksperimentgruppa blir meir negative til nyheitsemne, men at det skjer som ein konsekvens av ein politisk orientering. Kor vidt ein kan kalle desse observasjonane for polarisering vil bli diskutert i drøftingskapittelet.

### **4.3.3 Dårleg eller god kvalitet på artikkelen**

Til no ser resultatane ut til å stemme overeins med tidlegare forskning, som hevdar at persepsjonen av eit nyheitsemne kan endrast avhengig av om kommentarfeltet har ein høfleg eller uhøfleg tone. Tidlegare forskning hevda også at kommentarfeltet kunne endre persepsjonen på korleis utvalet opplevde kvaliteten på artikkelen. Forskingsartikkelen «The Nasty Effect» hevda at dei som les aggressive kommentarfelt raskt bestemte seg for at kronikken var av lav kvalitet, og at

artikkelens innhald umogleg kunne vere sant. Konklusjonen var basert på at dei informantane som vart eksponert for eit aggressivt kommentarfelt endra meining om teksten i større grad enn dei som las eit godt formulert kommentarfelt (Anderson et al. 2013: 385). Dette dannar grunnlaget for den neste variansanalysen, som målar den opplevde kvaliteten av artikkelen kor verdien 1 er dårleg og verdien 5 er god:

**Tabell 15: Opplevd kvalitet på artikkelen:**

<b>Variansanalyse</b>		<b>N</b>	<b>Mean</b>	<b>Standard avvik</b>	<b>SE</b>	<b>Sig</b>
<b>Opplevd kvalitet på artikkelen</b> (1=dårleg, 5=god)	Ekspérimentgruppe	269	<b><u>2.93</u></b>	.828	.050	.234
	Kontrollgruppe	270	<b><u>3.01</u></b>	.836	.051	

For det fyrste ser ein at testen ikkje er har ein p-verdi under 0.05. Dette fortel at sjølv dei små forskjellane i denne gjennomsnittsanalysen ikkje er statistisk signifikante. Sjølv om eg ikkje har presentert krysstabellen, er det kanskje ikkje vanskeleg å tenkje seg at dei aller fleste respondentane har valt verdien 3, som var *verken eller*. Dette kan kanskje forklarast med grunnlag i lengda på nyheitsartikkelen, som var mykje kortare enn dei fleste nyheitsartiklar. I metoden forklarte eg valet av den korte artikkelen med at det skulle motivere respondentane til å fullføre spørjeundersøkinga.

Sjølv om dette metodiske valet kan ha vore uheldig med omsyn til å teste kommentarfeltets påverknad på persepsjonen av kvaliteten av artikkelen, trur eg fortsatt det har vore hensiktsmessig med omsyn til å få fleire til å fullføre spørjeundersøkinga. Nyheitsartikkelen ligg som vedlegg om ein vil sjå nærmare på den. Med omsyn til masteroppgåvas viktigaste problemstilling, ser ein uansett at kommentarfeltet ser ut til å ha hatt en effekt på nyheitsemne. Fråveret av effekten kan også vere med grunnlag i at eg har nytta andre kontekstuelle rammevilkår enn dei tidlegare forskinga. I dei neste avsnitta skal eg presentere korleis respondentane frå dei ulike gruppene har oppfatta innhaldet i kommentarane, og drøfte i kva grad kommentarfeltets tone har hatt innverknadar på korleis respondentane har opplevd argumenta.

## 4.4 Variansanalyse: Respondentanes respons på kommentarfeltet

### 4.4.1 Kommentarfeltet belyser andre viktige sider

I metodekapittelet gjor eg greie for at dei to forskjellige kommentarfelta i hovudsak viser til fire like sider av saka, men at tonen i ytringane er annleis. Desse fire sidene gjeld som nemnd respekten til lærarane, større krav til kven som skal bli lærarar, at lærarstudentane treng ein betre praksisperiode og at studielånet til lærarstudentane ikkje bør bli høgare. I tabell 16 har eg lagt fram snittverdiane til kor vidt respondentane synes at kommentarane belyser andre viktige sider ved lærarutdanninga, kor verdien 1 er *svært liten grad* og verdien 5 er *svært stor grad*:

**Tabell 16: Kommentarfeltet belyser andre viktige sider ved lærarutdanninga:**

<b>Independent Samples T-test</b>		<b>N</b>	<b>Mean</b>	<b>Standard avvik</b>	<b>SE</b>	<b>Sig</b>
<b>Belyse andre viktige sider</b> (1=Svært liten grad, 5=Svært stor grad)	Ekspérimentgruppe	269	<u><b>2.23</b></u>	1.278	.078	.000
	Kontrollgruppe	271	<u><b>3.70</b></u>	.961	.058	

Her ser ein tydelegare forskjellar i snittverdi. På eit spenn frå 1 til 5 er forskjellane mellom snittverdien til gruppene heile 1.47, og i tillegg er p-verdien under eit nivå på 0.05. Dette viser at respondentane i gruppene har hatt statistisk signifikante forskjellige opplevingar med omsyn til kor vidt ytringane har belyst andre viktige sider ved lærarutdanninga. I teorikapittelet nemnde eg Gervais (2015) som forska på korleis høfleg versus uhøfleg framferd påverkar diskusjonen. Han presisera at når ein bryt normene på korleis ein skal ha ein sakleg debatt, er dette ein taktikk som kan vere veldig irriterande, spesielt når man neppe er einige med den gitte artikkelens emne til å begynne med. Gervais (2015: 181) meina at den auka frekvensen av uhøfleg åtferd i trådar som kommentarfelt og diskusjonsforum forklarast med at desse ytringane har ein spesiell evne til å få merksemd. På same måte som det å rope, meina han at uhøflege tekstbaserte utsegn ein like sikker måte å få merksemda til den du debattera med. Resultata frå tabellen over viser likevel at ein uhøfleg retorikk ikkje nødvendigvis er konstruktive når det kjem til å få fram argumentet.

I teorikapittelet viste eg også til Winsvold (2013) som poengterte at målet med å undersøkje fleire demokratiske potensial er å gje ein meir balansert vurdering av nettdebatters demokratiske verdi, identifisere dens meritter, og ikkje berre dens manglar. Her vil eg dra fram at dei respondentane som har blitt eksponert for eit kommentarfelt som ikkje bryt normene for ein høfleg debatt reagera meir positivt enn eksperimentgruppa. Dette kan gje uttrykk for at ein høfleg tone, det å vise til forskning og i tillegg ha ei sakleg framferd ser ut til å belyse argumenta sterkare enn om ein nyttar uhøflege ytringar. Dette kan karakteriserast som ein meritt, og gjer uttrykk for eit potensial for den saklege debatten Habermas (1985: 18) ynskjer mellom samfunnsborgarane.

#### 4.4.2 Opplevd grad av saklegheit

I tillegg til variabelen som måla korleis utvalet opplevde at ytringane belyste andre viktige sider ved saka, har respondentane også karakterisert kommentarfeltas saklegheit. Dette er ein viktig variabel for å fastslå at respondentane har opplevd kommentarfelta på forskjellig måte, med omsyn til den overordna problemstillinga. Respondentane vart spurde om å karakteriserte kommentarfelta på ein skala frå 1 til fem, kor verdien 1 er *usakleg* medan verdien 5 er *sakleg*:

**Tabell 17: Oppleving av kommentarfeltets saklegheit:**

Independent Samples T-test		N	Mean	Standard avvik	SE	Sig
<b>Oppleving av kommentarfeltets saklegheit</b> (1=usakleg, 5=sakleg)	Ekspertimentgruppe	267	<b><u>1.63</u></b>	.796	.049	.000
	Kontrollgruppe	268	<b><u>4.24</u></b>	.798	.049	

Medan ekspertimentgruppa har ein snittverdi på 1.63, har kontrollgruppa ein snittverdi på 4.24. Dette plassera gruppene i kvar sin ende av skalaen, og utgjer den variabelen frå variabelsettet med størst kontrastar. Sidan t-testen er statistisk signifikant, kan eg konkludere med at ekspertiment- og kontrollgruppa utan tvil har opplevd kommentarfelta slik intensjonen var. Dette styrkar også resultatata som viste kor positive respondentane var til nyheitsemne. Resultata frå ekspertimentgruppa kan moglegvis også forklare kvifor respondentane opplevde at ytringane ikkje var med på å belyse andre sider av saka. Som vi skal sjå i dei neste avsnitta, er likevel

ikkje snittverdiane i tabellen over nødvendigvis eit tal på om respondentane synes at argumenta var saklege. Tala må heller sjåast som ei måling på om utvalet opplevde at dei var lagt fram på ein sakleg måte.

### 4.4.3 Einigheit i ytringane

I tabell 18 har eg lagt fram kor einige respondentane er i dei forskjellige ytringane. Som tidlegare nemnd nemner dei forskjellige kommentarfelta fire like sider ved lærarutdanninga, men med forskjellig retorikk. I teorikapittelet nemnde eg Habermas (1985: 18) sine teoretiske perspektiv på krafta i det betre argument som utgangspunkt for ein deliberativ diskusjon. Resultata frå den neste variansanalysen er interessante med omsyn til om graden av høflegheit i ytringane ser ut til å affektere kva respondentane synes om sjølve poenga i argumenta. Utvalet vart spurde om å ta stilling til påstandane på ein skala frå 1 til 5, kor 1 er *svært ueinig* medan 5 er *svært einig*:

**Tabell 18: Einigheit i ytringane:**

Independent Samples T-test		N	Mean	Standard avvik	SE	Sig
<b>Respekten til lærarane må tilbake</b>	Ekspérimentgruppe	268	<b><u>3.98</u></b>	.928	.057	,017
	Kontrollgruppe	268	<b><u>4.17</u></b>	.948	.058	
<b>Betre praksisperiode</b>	Ekspérimentgruppe	268	<b><u>4.02</u></b>	.816	.050	,428
	Kontrollgruppe	268	<b><u>3.96</u></b>	.923	.056	
<b>Krav til kven som skal bli lærarar</b>	Ekspérimentgruppe	267	<b><u>3.89</u></b>	.939	.057	,257
	Kontrollgruppe	268	<b><u>3.99</u></b>	1.046	.064	
<b>Studielånet til lærarstudentar bør ikkje bli høgare</b>	Ekspérimentgruppe	267	<b><u>3.51</u></b>	1.016	.062	,681
	Kontrollgruppe	268	<b><u>3.47</u></b>	1.185	.072	

Noter: Samlege av variablane har fem verdjar kor 1=Svært ueinig og 5=svært einig.

Til tross for at eksperimentgruppa ga uttrykk for at argumenta ikkje var med på å belyse andre viktige sider ved artikkelen, ser det bortsett frå fyrste argument ikkje ut til å vere signifikante forskjellar i kor einige gruppene er i utsegna. Dette kan til dømes forklarast med at respondentane ikkje synest *måten* dei vart belyst på var særleg god, men at *poenget* i argumenta fortsatt er viktige. Det kan også forklarast jamfør Popkin (1991) sine teoriar om predisposisjon. Han understreka at den gjeldande persepsjonen til ein enkeltperson på eit emne i nokre tilfelle vanskeleg underleggjast av nye synspunkt. I tillegg hevda han at det er særleg ved informasjonsbehandling rundt *komplekse* politiske spørsmål at folk er avhengige av mentale snarvegar for å gjere sosiale dommar (Popkin 1991: 73). Argumenta i kommentarfelta er kanskje ikkje særleg komplekse, men heller noko dei fleste kan relatere seg til. Sjølv om det berre er snittverdiane til den fyrste ytringa som er statistisk signifikant, er samanlikninga mellom snittverdiane frå denne tabellen og dei to tidlegare tabellane fortsatt interessante.

#### **4.4.4 Utsegna i kommentarfeltet er viktigare enn nyheitsemne**

Den neste tabellen heng kanskje mykje ilag med førre tabell, og resultatane må kanskje vurderast deretter. Dei neste snittverdiane målar nemleg om respondentane synest at utsegna i kommentarfelta er viktigare enn nyheitsemne. For å ta ein av ytringane som utgangspunkt, vart utvalet spurd om dei synest at strengare krav til kven som skal bli lærarar er *viktigare* enn at lærarutdanninga vert femårig. Snittverdiane i tabell 19 er truleg meir styrt av respondentanes predisposisjon enn av ein effekt frå kommentarfeltet. Det er likevel interessant å sjå etter klare tendensar mellom eksperiment- og kontrollgruppa, eventuelt klare fråverande effektar. Resultata frå denne analysen er presenterte på neste side:

**Tabell 19: Argumentet i ytringane - Viktigare enn at lærarutdanninga blir femårig:**

<b>Independent Samples T-test</b>		<b>N</b>	<b>Mean</b>	<b>Standard avvik</b>	<b>SE</b>	<b>Sig</b>
<b>Respekten til lærarane må tilbake</b>	Ekspérimentgruppe	271	<u><b>3.09</b></u>	1.241	.075	.662
	Kontrollgruppe	267	<u><b>3.13</b></u>	1.213	.074	
<b>Betre praksisperiode</b>	Ekspérimentgruppe	270	<u><b>3.80</b></u>	1.058	.064	.582
	Kontrollgruppe	268	<u><b>3.75</b></u>	1.046	.064	
<b>Krav til kven som skal bli lærarar</b>	Ekspérimentgruppe	269	<u><b>3.75</b></u>	1.076	.066	.491
	Kontrollgruppe	266	<u><b>3.69</b></u>	1.037	.064	
<b>Studielånet til lærarstudentar bør ikkje bli høgare</b> (1=Svært ueinig, 5=svært einig)	Ekspérimentgruppe	270	<u><b>2.62</b></u>	1.062	.065	.571
	Kontrollgruppe	266	<u><b>2.57</b></u>	1.164	.071	

Noter: Samlege av variablane har fem verdiar kor 1=Svært ueinig og 5=svært einig.

For det fyrste ser ein at ingen av t-testane er statistisk signifikante. Snittverdiane for om gruppene synest argumenta i kommentarfeltet er viktigare enn at lærarutdanninga blir femårig stemmer heller ikkje heilt overeins med snittverdiane for kor einige dei er i argumenta. Sidan ingen av t-testane er statistisk signifikante, er eg likevel forsiktig med å trekke konklusjonar, anna enn at tonen i kommentarfeltet ikkje ser ut til å affektare korleis respondentane opplev poenga i sjølve argumenta.

## 4.5 Lineære regresjonsanalysar

I den fyrste og viktigaste variansanalysen viste resultatata at eksperimentgruppa hadde ein lågare snittverdi med omsyn til å vere positiv til artikkelens emne. Eg skal no kontrollere effekten av å vere i eksperimentgruppa i ein lineær regresjonsanalyse, kor variabelen for eksperiment- og kontrollgruppa blir den viktigaste uavhengige variabelen. Eksperimentgruppa har fått verdien 1 og kontrollgruppa verdien 0. Eg har nytta respondentanes haldningar for kor positive dei er til at lærarutdanninga vert femårig som avhengig variabel. I modell 1 i tabell 20 har eg berre

nytta desse variablane, medan eg har kontrollert forholdet ved å inkludere variablar eg ser på som viktige med omsyn til teorikapittelet i to andre modellar.

I valet av kontrollvariablar har eg nytta variablar som eg ser på som viktige med utgangspunkt i teorikapittelet. I modell 2 har eg inkludert tre kontrollvariablar. Som fyrste kontrollvariabel har eg valt variabelen som målar kunnskap om lærarutdanning. Denne har eg valt for å kontrollere respondentanes predisposisjon, og om forskjellane mellom eksperiment- og kontrollgruppa skyldast interne forskjellar med grunnlag i kunnskap til artikkelen. Som andre kontrollvariabel har eg valt den som målar respondentanes opplevde kvalitet på artikkelen. På denne måten kontrollera eg at variasjonane i forholdet mellom eksperimentgruppa og den avhengige variabelen ikkje skyldast effekten av artikkelen framfor effekten av tonen i kommentarfeltet. Som tredje kontrollvariabel har eg valt variabelen som plassera respondentane på ein politisk venstre-høgreorientert, for å kontrollere at dei respondentane i eksperimentgruppa som er negative til artikkelen ikkje utelokkande er med grunnlag i politisk orientering. Som eg framsynte i variansanalysen, såg dette likevel ut til å spele ei rolle.

I modell 3 har eg inkludert variabelen kor dei respondentane som oppgjer at dei oppsøker kommentarfelta fordi dei finn kommentarane underhaldande har fått verdien 1. På denne måten kan eg kontrollere om effektane frå å vere i eksperimentgruppa blir sterkare eller lågare, med omsyn til at desse kanskje ikkje ser på kommentarfelt som ein seriøs arena for debatt. I denne modellen har eg også inkludert variabelen for politisk interesse. Dei polariserte effektane til det uhøfleige kommentarfeltet som vart observert i variansanalysen såg ut til å vere avhengig av den politiske orienteringa. Når eg inkludera variabelen som målar respondentanes politiske interesse, finn eg det interessant å sjå om effekten av eksperimentgruppa vert lågare, og om den fortsatt er statistisk signifikant:



**Tabell 20: Regresjonsmodellar som kontrollera forholdet mellom eksperimentgruppa og kor positive ein er til at lærarutdanninga blir femårig:**

	Modell 1		Modell 2		Modell 3	
	B	Beta	B	Beta	B	Beta
<b>Constant</b>	3.465*		3.116*		2.678*	
<b>Eksperimentgruppa</b> 1=Eksperimentgruppe 0=Kontrollgruppe	-.362*	-.173*	-.363*	-.173*	-.373*	-.178*
<b>Kunnskap om lærarutdanning</b> 1=Mye/noe Kunnskap 0=Lite/ingen kunnskap			-.253*	-.121*	-.304*	-.145*
<b>Opplevd kvalitet på artikkelen</b> 1=Dårleg kvalitet 5=God kvalitet			.189*	.150*	.185*	.147*
<b>Politisk orientering</b> 1=Venstreorientert 9=Høgreorientert			.082*	.156*	.094*	.178*
<b>Underhaldande</b> 1=Ja 0=Andre					-.152	-.072
<b>Politisk interesse</b> 1=Lav 9=Høy					.033	.064
	<b><u>R<sup>2</sup></u></b>	<b><u>.030</u></b>	<b><u>.096</u></b>		<b><u>0.107</u></b>	

Noter: Avhengig variabel=Haldningsvariabelen for kor positiv respondentane er til at lærarutdanninga blir femårig . Alle koeffisientar merka med (\*) er statistisk signifikante med ein p-verdi under 0.05.

For det fyrste ser ein at beta-koeffisienten til eksperimentgruppa er statistisk signifikant i samlege modellar. Dette gjer uttrykk for at sjølv når eg kontrollera for variablar som jamfør teorikapittelet skal ha anlegg for å svekke variasjonane i forholdet mellom eksperimentgruppa og den avhengige variabelen, er den lineære samanhengen fortsatt signifikant. Dette gjer uttrykk for at tonen i kommentarfeltet faktisk har hatt ein effekt. I modell 1 ser ein at korrelasjonskoeffisienten  $R^2$  er 0.030. Dette gjer uttrykk for at den uavhengige variabelen som utgjer eksperimentgruppa ser ut til å forklare 3 % av styrken og retninga av den lineære avhengigheten mellom variablane. I eksperimentelle design ser ein likevel etter dei små

forskjellane. Sjølv om korrelasjonskoeffisienten er låg, er det viktigaste at stimuliane truleg hár hatt ein effekt.

I ei samanlikning av beta-koeffisientenane til eksperimentgruppa i modell 1 og 2 ser ein at den i all hovudsak er den same. Dette gjer også uttrykk for at effekten frå stimuliane ikkje vert svekka når eg kontrollera for variablane i modell 2. Korrelasjonskoeffisienten stig heller ikkje særleg mykje i modell 2, då dei fire variablane til saman forklara 7 % meir av variasjonen i den avhengige variabelen. Til samanlikning med korrelasjonskoeffisienten som beskriv forholdet mellom den avhengige variabelen og eksperimentgruppa, er det faktum at denne forklara 3 % av variasjonen aleine ikkje så lågt som den gjer uttrykk for ved fyrste augekast.

Variabelen som beskriv respondentanes kunnskap til lærarutdanning har negativt forteikn, noko som gjer uttrykk for at dei jo meir kunnskap ein har om lærarutdanning, jo større sannsyn er det for at ein er negativ til at lærarutdanninga vert femårig. Jamfør Popkin (1991) sine teoriar om predisposisjon, forklarte han korleis den gjeldande persepsjonen til ein enkeltperson i nokre tilfelle vanskeleg kunne underleggjast av nye synspunkt. Sidan variabelen til eksperimentgruppa fortsatt er signifikant, kan eg i større grad utelukke at dei respondentane i eksperimentgruppa som er negative til artikkelen ikkje berre er med grunnlag i at dei har sterke predisposisjonar. Eg vil difor rette merksemda mot Scheufele og Lewenstein (2005) sine teoriar om heuristikk og mentale snarvegane, og med grunnlag i at Anderson (et al. 2013) sine hevdingar om at desse mentale snarvegane vert nytta når respondentane vert eksponert for uhøflege ytringar.

Anderson (et al. 2013) meinte at desse mentale snarvegane, som følgje av uhøfleg framferd, ikkje berre hadde evne til å polarisere respondentane, men at dei også kunne gjere at respondentane raskt bestemte seg for at kvaliteten på artikkelen var dårleg. Ikkje overraskande ser det ut til at dei som opplevde kvaliteten på artikkelen som god også var meir positive til nyheitsemne, med omsyn til at forteikne på koeffisienten er positiv. I variansanalysen såg ein at snittverdiane på den opplevde kvaliteten på artikkelen mellom eksperiment- og kontrollgruppa ikkje var statistisk signifikant. Saman med resultata frå denne regresjonsanalysen, ser det heller ikkje ut til at den opplevde kvaliteten på artikkelen spelar særleg inn på forholdet mellom eksperimentgruppa og den avhengige variabelen.

Koeffisienten til variabelen som målar den politiske orienteringa har positivt forteikn, noko som bekreftar resultata frå variansanalysen, som viste at respondentane som var høgreorienterte var mindre negative til forslaget. Sidan signifikansnivået til eksperimentgruppa fortsatt er statistisk signifikant, kan eg i større grad understreke at variasjonen i den avhengige variabelen ikkje utelukkande er på grunnlag av politisk orientering.

I modell 3 ser ein at variabelen kor dei respondentane som oppgjer at dei oppsøker kommentarfelta fordi dei finn kommentarfelta underhaldande har fått verdien 1 ikkje er statistisk signifikant. Det same gjeld for variabelen som målar respondentanes politiske interesse. Ved å inkludere desse variablane var det tenkt at styrken til koeffisienten til eksperimentgruppa skulle bli lågare, med omsyn til at effektane ser ut til å ha ein samanheng med politisk orientering. Tvert imot ser koeffisienten til eksperimentgruppa ut til å få ein sterkare beta-koeffisient når eg kontrollera for desse forholda, noko eg tolkar som at det også er andre sider ved dei uhøflege ytringane som ser ut til å forklare kvifor eksperimentgruppa i større grad er negative til nyheitartikkelens emne.

Med omsyn til å sjå på kva som styrker og svekka koeffisienten til eksperimentgruppa, har eg også køyrt ein regresjonsmodell kor eg har inkludert variablar som beskriv dei respondentane som faktisk hadde fått med seg stimuliane. For å samanlikne endringa i koeffisienten til eksperimentgruppa, har eg på same måte som i førre regresjonsanalyse latt denne stå aleine som uavhengig variabel i modell 1. Den fyrste variabelen i modell 2 beskriv respondentane som hadde fått med seg at forslaget om at lærarutdanninga skal bli femårig er ein del av Høyre og Frp sin regjeringsplattform. Den andre variabelen beskriv respondentane som hadde fått med seg at årsaken bak forslaget var med omsyn til at lærarstudentane skulle få meir kunnskap om kor dei kunne finne forskingsbasert kunnskap. I modell 3 har eg inkludert fire variablar som beskriv respondentane som svara korrekt på kva for kommentarar som vart ytra i kommentarfeltet.

**Tabell 21: Regresjonsmodellar som kontrollera for attgjeving:**

	Modell 1		Modell 2		Modell 3	
	B	Beta	B	Beta	B	Beta
<b>Constant</b>	3.465*		3.673*		3.824	
<b>Eksperimentgruppa</b>	-.362*	-.173*	-.349*	-.167*	-.330*	-.158*
<b>Artikkel:</b> Regjeringsplattform			-.156	-.050	-.115	-.037
<b>Artikkel:</b> Forskingsbasert kunnskap			-.087	-.024	-.057	-.016
<b>Kommentar:</b> Respekt					-.027	-.009
<b>Kommentar:</b> <b>Betre</b> praksisperiode					-.124	-.054
<b>Kommentar:</b> Krav til kven som skal bli lærarar					-.022	-.008
<b>Kommentar:</b> Ikkje høgare studielån					-.135	-.060
	<b><u>R<sup>2</sup></u></b>	<b><u>0.30</u></b>	<b><u>.033</u></b>		<b><u>.041</u></b>	

Noter: Avhengig variabel=Haldningsvariabelen for kor positiv respondentane er til at lærarutdanninga blir femårig . Alle koeffisientar merka med (\*) er statistisk signifikante med ein p-verdi under 0.05. Respondentane som hadde korrekt har verdien 1, respondentane som hadde feil har verdien 0.

Ingen av dei inkluderte variablane, bortsett frå variabelen som beskriv eksperimentgruppa, er statistisk signifikante. Endringa av styrken på koeffisienten til variabelen som beskriv eksperimentgruppa er fortsatt interessant. I modell 2 ser ein at beta-koeffisienten til eksperimentgruppa har vorte noko lågare. Dette gjer uttrykk for at effekten er større for dei respondentane som hadde fått med seg innhaldet i artikkelen. På ein måte er det viktigare at respondentane har fått med seg innhaldet av kommentarfeltet, med omsyn til dei ulike effektane

frå tonen kommentarfeltet. På ein anna side såg det ut til at nokre av effektane var med grunnlag i ein politisk høgre- og venstreorientering, og sånn sett er det viktig at respondentane har fått med seg at dette er Høyre og Frp sitt forslag. I modell 3 har variablane som beskriv respondentane som hadde fått med seg innhaldet i kommentarfelta inkludert. Her svekkast beta-koeffisienten til variabelen som beskriv eksperimentgruppa endå litt til. Dette gjer igjen uttrykk for at effekten av kommentarfeltas tone svekkast når respondentane ikkje har fått med seg stimuliane.



## 5 Drøfting

I dette kapittelet skal eg drøfte resultatata opp mot den overordna problemstillinga: På kva måte kan tonen i kommentarfelt ha innverknadar på persepsjonen av eit nyheitsemne? Eg skal altså drøfte korleis den uhøflege tonen har påverka respondentane. Med omsyn til den tidlegare forskinga som er nemnd i teorikapittelet, inneber dette at eksperimentgruppa i større grad er negative til kvaliteten på artikkelen. Årsaken skal vere at den uhøflege tonen gjer at respondentane raskt bestemmer seg for at kvaliteten i artikkelen er dårleg, og at dei skal blir meir ueinige og polariserte i kvar sin ende av haldningsvariabelen enn kontrollgruppa. Eg skal drøfte resultatata opp mot det utopiske- og dystopiske perspektivet, og kartleggje korleis respondentane sitt generelle forhold til kommentarfelt står overeins med korleis dei ser ut til å verte påverka.

### 5.1 På kva måte kan tonen i kommentarfeltet ha innverknadar på persepsjonen av ein nyheitsartikkel?

#### 5.1.1 Polariserande effekt?

Eg skal no drøfte om dei polariserande effektane frå det uhøflege kommentarfeltet såg ut til å vere til stades. Jamfør teorikapittelet skulle ein finne respondentane frå eksperimentgruppa på kvar sin pole i den avhengige haldningsvariabelen, som følgje av den uhøflege tonen i kommentarfeltet. I teorikapittelet nemnde eg at resultatata frå forskingsartikkelen til Gervais (2015) viste at dei polariserande effektane var sterkare når informantane vart eksponerte for uhøflege kommentarar som ramma "deira side". I konteksten av denne forskingsartikkelen var dette avhengig av om respondentane var demokratar eller republikanarar. Når dei aktive aktørane si "side" vart fornærma, vekka det følelsar av sinne og avsky. Dette polariserte respondentane, og gjorde i tillegg at informantane ikkje var tilfredse med diskursen i kommentarfeltet (Gervais 2015: 180). Sidan respondentane i mi eiga forskning ikkje sjølve blir fornærma, og at det ikkje er ein så konkret "sidetaking", er dette truleg ein kontekstuell ramme som kan forklare eit eventuelt fråver av den polariserande effekten.

I den fyrste krysstabellen såg fordelinga mellom eksperimentgruppa ut til å vere like sentrerte, sett bort i frå at respondentane i eksperimentgruppa i større grad var negative til artikkelens emne enn kontrollgruppa. For å kartleggje om dette hadde skjedd som ein konsekvens av

polarisering, samanlikna eg snittverdiane for kor positive respondentane er til nyheitsemne med omsyn til den politiske orienteringa innad i gruppene i tillegg. Analysen viste at dei venstreorienterte respondentane hadde vorte meir negative i eksperimentgruppa enn i kontrollgruppa. Spørsmålet eg vil stille her er om dei uhøflege ytringane gjer at respondentane verkeleg har vorte polariserte, noko som er avhengig av at dei høgreorienterte også har vorte meir positive.

For at ein skal kalle det polarisering må altså dei "utsette" i eksperimentgruppa, i dette tilfelle dei høgreorienterte, i større grad støtte si eiga politiske orientering når den vert kritisert med uhøflege ytringar, medan dei venstreorienterte respondentane i større er negative. For det fyrste vil eg peike på at resultatata til dei venstreorienterte respondentane i eksperimentgruppa viste at berre 3 % var veldig positive, mot dei høgreorientertes 12 %. Til samanlikning hadde kontrollgruppa ein fordeling kor dei venstreorienterte hadde ei oppslutning på 13 % og dei høgreorienterte ei oppslutning på 14 %.

Resultata gjer uttrykk for at dei høgreorienterte respondentane ikkje i større grad blir positive, men berre at dei venstreorienterte i mindre grad blir positive til forslaget. Det same gjeld for den andre enden av skalaen. Med omsyn til å velje verdien *litt negativ*, har respondentane frå den høgre- og venstreorienterte fordelinga i kontrollgruppa identisk oppslutning på 11 %. På den same verdien i eksperimentgruppa er oppslutninga til dei høgreorienterte 8 % medan dei venstreorienterte har ein oppslutning på 25 %. Sjølv om det er litt færre som er *litt negativ* av dei høgreorienterte respondentane i eksperimentgruppa, viste resultatata samtidig at det var større oppslutning på å vere *negativ* igjen.

Dette vart bekrefta ved snittverdiane frå variansanalysen. Medan fordelinga i kontrollgruppa viste ein snittverdi på 3.46 for dei venstre- og 3.47 for dei høgreorienterte, viste fordelinga til eksperimentgruppa ei fordeling på 2.93 for dei venstre- og 3.31 for dei høgreorienterte. Variansanalysen for kontrollgruppa i dette tilfellet vart ikkje statistisk signifikant, men saman med den intuitive oversikta mellom gruppene gjer det likevel uttrykk for at det ikkje er snakk om ei polarisering. Den gjer heller uttrykk for at forskjellane kjem som følgje av at dei venstreorienterte respondentane blir negative til artikkelen, medan dei uhøflege ytringanes effekt på dei høgreorienterte i større grad er fråverande. Fråveret av den polariserande effektane



forklarar eg med at respondentane i mitt eige studie ikkje sjølv blir fornærma av kommentarane. Tidlegare forskning (Gervais 2015) understreka at polariseringa helst skjedde dersom respondentane følte at si eiga side vart angrepet. Med omsyn til at nyheitsemne ikkje nødvendigvis handlar om ei hjertesak som har ein konkret politisk orientering, kan dette også vere med på å forklare fråveret. Jamfør Anderson (et al. 2013) stressa også at dei uhøflege kommentaranes effekt også var ein konsekvens av ein styrka risikopersepsjon. Med omsyn til at nyheitsemne omhandlar eit relativt ufarleg emne, kan dette også forklare noko av fråveret. Seinare i dette kapitlet har eg også vurdert nokre kritiserbare aspekt rundt analysens resultat, kor eg også legg fram ei drøfting av kvifor inndelinga mellom dei høgre- og venstreorienterte er uheldig.

### **5.1.2 Det utopiske- versus det dystopiske perspektivet**

Med utgangspunkt i problemstillinga har eg også prøvd å kartleggje korleis utvalet føreheld seg til kommentarfelt generelt, for å kartleggje om dei ser på nettdebatten som ein seriøs arena for meiningsutveksling. Med omsyn til det utopiske og dystopiske perspektivet på nettdebatten, ser resultatata frå spørjeundersøkinga ut til å lene mot det sistnemnde perspektivet. Kommentarfelt som seriøs arena for debatt ser ut til å skåre relativt dårleg både når det kjem til å få fram poeng som ikkje står i artikkelen og når det kjem til å vere informativt. Den generelle opplevinga av kor vidt ytringar blir lagt fram på ein sakleg måte ser heller ikkje ut til å lene mot eit utopisk perspektiv, då respondentane i større grad gjer uttrykk for at dei ser på kommentarfelt som ein arena for underhaldning. Til tross for dette ser dei uhøflege ytringane likevel ut til å kunne påverke korleis respondentane oppfattar nyheitsemne. Jamfør Habermas (1984) sine idear om den sivile deliberative diskusjon, kor krafta i det betre og mest fornuftige argumentet skal styre debatten, gjer den samla kartlegginga frå analysen ut til å gje eit slags dobbel-dystopisk bilete av nettdebatten: Utvalet gjer uttrykk for at kommentarfelta er ein arena for underholdning, og i tillegg har ser dei uhøflege ytringane likevel uheldige effektar.

Forskarane Anderson (et al. 2013), Gervais (2015), Coe (et al. 2015) og Santana (2013) har gjeitt uttrykk for at uhøfleg framferd i nettdebattar hindrar den deliberative diskusjonen, fordi den nedlatande tonen hindrar ein konstruktiv måte å argumentere på. I samanheng med dette la eg fram ein variansanalyse som viste snittverdiane av kor einige eksperiment- og kontrollgruppa var i dei ulike argumenta, for å sjå om graden av høflegheit påverka kor einige respondentane var i dei fire ulike argumenta. Eksperimentgruppa ga tydeleg uttrykk for at dei verken syntes at

dei uhøflege stimuliane var lagt fram på ein sakleg måte, og heller ikkje belyste andre viktige sider ved lærarutdanninga. Når dei derimot vart spurde om kor einige dei var i dei forskjellige argumenta, såg det likevel ut til at forskjellane mellom dei målte gruppene ikkje var statistisk signifikante. Dette gjer mat til det utopiske perspektivet, med omsyn til at opplevinga av sjølve poenget i argumenta ikkje ser ut til å verte affekterte av tonen i kommentarfeltet. Respondentane ser også ut til å reagere positivt på at dei høflege normene for diskusjon ikkje vert brotne, med omsyn til at dei syntes det høfleg manipulerte kommentarfeltet belyste andre viktige sider ved nyheitsemne på ein god måte.

I det dystopiske perspektivet nemnde eg blant anna Schumpeter (1976: 250), som meina at demokrati og politisk engasjement berre kan skape eit betre samfunn gjennom dei mest *fornuftige* borgarane i samfunnet. Nokre av resultatane frå analysen kan også tyde på at den sivile debatten ikkje latar til å fungere, med omsyn til at utvalet gjer uttrykk for at dei høflege normene for delibarativ debatt ikkje vert følgt. I staden for å gje opp potensialet i nettdebatten hevdar eg likevel at ein kan sjå nærmare på dei tilfella kor meiningsutvekslinga faktisk har fungert på ein konstruktiv måte. Dette studiet føreslår på same måte som Stroud (et al. 2014) at det sakna inntoget frå journalistar, ekspertar og samfunnstoppar i nettdebatten bør styrkast. Resultata frå mi eiga analyse viste tross alt at respondentane reagerte positivt på det høflege kommentarfeltet, men at den generelle opplevinga av kommentarfelt som ein seriøs arena for debatt var relativt dårleg.

I val av stimuli valde eg eit relativt nøytralt nyheitsemne, kor dei uhøflege ytringane ikkje innebar noko særleg grad av personangrep. Når sjølv desse uhøflege ytringane ser ut til å kunne affektare lesarane, som ikkje ein gong er personleg involverte, må eg stresse kor alvorlege effektane av realitetar som netthets, seksualiserte truslar og diskriminering kan ha. Medan denne masteroppgåva har prøvd å forklare nokre av effektane ved uhøflege ytringar, treng truleg årsaken bak ei djupare forståing. I teorikapitlet nemnde eg at Santana (2013) har peika på ein tilsynelatande enkel grunn for uhøfleg framferd på nettet: anonymitet. Med omsyn til at ein så stor del av mitt eige datamateriale gjer uttrykk for at kommentarfeltet ikkje fungera som ein seriøs arena for debatt, trur eg likevel at det er fleire aspekt som gjer at dei høflege normene for diskusjon ikkje vert følgt. Ei djupare forståing av predisposisjon og politisk misnøye er nokre av forslaga, men dette må bli opp til vidare forskning å studere.

### 5.1.3 Kritiserbare aspekt rundt analysens resultat

Fyrst vil eg kritisere fråveret av dei polariserande effektane. For det fyrste må eg påpeike den uheldige frekvensfordelinga mellom dei venstre- og høgreorienterte, kor dei på høgresida i eksperimentgruppa hadde ein frekvens på 121 mot venstresidas 151, medan dei på høgresida i kontrollgruppa hadde ein frekvens på 115 mot høgresidas 156. Dersom dei politiske orienteringane hadde ei likare fordeling, kan eg ikkje utelukke at det potensielt hadde vore fleire på høgresida som vart positive i eksperimentgruppa. Her tenkjer eg til dømes at fleire ville "forsvare" eller støtte si eiga politiske orientering når den vert kritisert av uhøflege ytringar.

For det andre må eg peike på korleis den politiske orienteringa er fordelt. På ein skala frå 1 til 9 (Venstre - 4, 3, 2, 1, 0, 1, 2, 3, 4 - Høgre) vart dei fire fyrste kategorisert som venstreorientert og resten som høgreorientert. Dette vil til dømes seie at dei som har valt verdien 0 har hamna i den høgreorienterte gruppa, og sånn sett ikkje nødvendigvis går i "forsvarsmodus" som følgje av at forslaget til dei politiske partia Høyre og Frp vert kritiserte. Her rettar eg merksemda til den siste ytringa i kommentarfeltet til eksperimentgruppa, som startar med utsegne *"..Dette er så typisk Høyre!"*. Dersom eg hadde ei jamnare fordeling mellom venstre- og høgreorienterte respondentar i utvalet, kan eg ikkje utelukke at eg hadde hatt sterkare anlegg for å observere ein polarisert oppslutning i eksperimentgruppa.

Med omsyn til den fyrste lineære regresjonsanalysen, som kontrollerte den lineære samanhengen mellom eksperimentgruppa og å vere negativ til artikkelens emne, kunne eg kanskje også inkludert andre uavhengige variablar, og eventuelt køyrt fleire modellar. Regresjonsanalysens viktigaste intensjon er likevel å sikre at det ikkje ligg andre spuriøse effektar bak forholdet mellom studiets viktigaste uavhengige variabel og den avhengige variabelen. Etter å ha jobba mykje med datamaterialet såg få variablar ut til å gje utslag på p-verdien til den lineære samanhengen av å vere i eksperimentgruppa og å vere negativ til nyheitsemne. Dette, til tross for å ha kontrollert for variablar som sjåast som teoretisk viktige, men også variablar som har sett ut til å ha stor korrelasjonskoeffisient. Eg har likevel valt å utelatt resultatata frå dei sistnemnde variablane, fordi openbare lineære samanhengar ikkje er med på å forklare effektane til tonen i kommentarfeltet. Her rettar eg til dømes merksemd til den lineære samanhengen mellom å syntes at krava til kven som skal bli lærarar er viktigare enn at lærarutdanninga vert femårig.

Eg må også understreke at forskingsdesignene er kvasiexperimentelt, og ikkje eit ekte eksperiment. Eg har sånn sett hatt lite kontroll over respondentane, og kan ikkje utelukke at nokre av tendensane og utfalla er ein konsekvens av heilt tilfeldige grunnlag. Samtidig er eg jamt over nøgd med omsyn til at intensjonen bak designe i all hovudsak har fungert som tenkt, og opplev at den kvasiexperimentelle tilnærminga har gjeitt meg tilgang til eit datamateriale som i andre design ville vore vanskeleg å observere. Ved respondentanes attgjeving av stimuliane har eg også fått eit bilete av kor mange som har tatt spørjeundersøkinga seriøst, og til tross for nokre uheldige oppslutningar, er eg nøgd med at så mange respondentar i det heile tatt fullførte spørjeundersøkinga. Som nemnd i metoden var målet å samle inn 300 respondentar, og med omsyn til at utvalet er på 545 personar, hevdar eg at dette gjer opp for nokre av dei som ikkje ser ut til å ha fått med seg stimuliane. I den siste lineære regresjonen såg ein at beta-koeffisienten vart noko svakare når eg kontrollerte for dei som hadde svara korrekt på samlege av studiane. Med omsyn til at p-verdien fortsatt var statistisk signifikant, er eg likevel jamt over nøgd med val av forskingsdesign.

## 5.4 Konkluderande avslutning

For det fyrste gjer respondentane uttrykk for at nettdebatten er ein lite seriøs arena for konstruktive diskusjonar. Resultata viser samtidig at respondentane har eit bevisst forhold til kommentarfelt generelt. Dei målte gruppene har tydelege kontrastar med omsyn til korleis dei opplev at tonen i kommentarfeltet er med på å belyse andre viktige sider ved saka. Gruppa som vart eksponert for eit uhøfleg kommentarfelt ga også tydeleg uttrykk for at dei ikkje syntes at ytringane var lagt fram på ein sakleg måte. Til tross for dette såg utsegna i kommentarfelta likevel ut til å ha innverknadar på gruppene avhengig av ytringanes høflegheitsgrad, då gruppa som vart eksponert for eit uhøfleg kommentarfelt hadde ein tendens til å vere meir negativ til artikkelen. Årsaken bak ser ut til å vere at respondentane som er venstreorienterte i større grad vert negative til nyheitsemne, noko som kan ha grunnlag i at forslaget i artikkelen er frå Høyre og Frp.

Tidlegare forskning har hevda at uhøflege kommentarfelt også skal ha polariserande effektar, kor aktørane vert meir ueinige enn kva dei var i utgangspunktet. Sjølv om dei venstreorienterte respondentane i eksperimentgruppa i større grad vart negative, såg ikkje dei høgreorienterte respondentane til å bli meir positive i eksperimentgruppa enn i kontrollgruppa. Fråveret av den

polariserande effektane forklarar eg med at respondentane i mitt eige studie ikkje sjølv blir fornærma av kommentarane, og at inndelinga mellom dei høgre- og venstreorienterte respondentane er noko uheldig. Tidlegare forskning understreka også at polariseringa helst skjedde dersom respondentane følte at si eiga side vart angrepet. Med omsyn til at nyheitsemne ikkje handlar om ei konkret hjertesak som er politisk orientert, er dette også eit aspekt som kan forklare fråveret av den polariserande effekten.

Tidlegare forskning har også hevda at uhøflege ytringar gjer at lesarane raskt bestemmer seg for at artikkelen er av dårleg kvalitet. Desse effektane ser heller ikkje ut til å ha vore til stades. Dette kan vere som følgje av at artikkelen i mitt eige studie var relativt kort, og at mange av respondentane difor stilte seg relativt nøytrale til kor vidt dei syntes kvaliteten på artikkelen var god eller dårleg. Det kan også ha med at nyheitsartikkelen ikkje har anlegg for å legge til rette for ein styrka risikopersepsjon, noko som tidlegare forskarar på emne har understreka som ein viktig variabel. Eg konkludera difor, med omsyn til masteroppgåva som ein replikasjon av tidlegare eksperiment, at nokre av effektane frå eit uhøfleg kommentarfelt er avhengig av kontekstuelle rammevilkår. Dette studiet kan likevel confirmere at dei uhøflege kommentarane ser ut til å gjere at lesarane i større grad vert negative til innhaldet i nyheitsartikkelen. Respondentane som vart eksponert for eit høfleg kommentarfelt ser også ut til å reagere positivt på at normene for ein høfleg debatt ikkje vert brotne. Dei gjer uttrykk for å oppleve ytringane i kommentarfelta som saklege, og at ytringane belyser andre viktige sider ved artikkelen på ein god måte.



# Referanseliste

Anderson, Ashley A., Dominique Brossard, Dietram A. Scheufele, Michael A. Xenos og Peter Ladwig (2013) *The ‘Nasty Effect’: Online Incivility and Risk Perceptions of Emerging Technologies*. Journal of Computer-Mediated Communication, Vol. 19, 3. Utgåve, ss. 373-387

Brønmo, Hanne (2014) *Fem årig lærerutdanning*. Henta 29.02.16 frå <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Fem-arig-larerutdanning-fra-2017-7591176.html>

Coe, Kevin, Kate Kenski og Stephen A. Rains (2014) *Online and Uncivil? Patterns and Determinants of Incivility in Newspaper Website Comments*. Journal of Communication, Vol. 64, 4. Utgåve, ss. 658-679

Enjolras, Bernard (2008) *Nettverkssamfunn og frivillig organisering*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Enjolras, Bernard, Rune Karlsen, Kari Steen-Johnsen og Dag Wollebæk (2013) *Liker – Liker ikke*. Oslo: Cappelen Damm AS

Gamliel, Eyal og Eyal Peer (2006) *Positive versus Negative Framing Affects Justice Judgements*. Social Justice Research. Vol 19, 3. Utgåve, ss. 307-322

Gervais, Bryan T. (2015) *Incivility Online: Affective and Behavioral Reactions to Uncivil Political Posts in a Web-based Experiment*. Journal of Information Technology & Politics Vol. 12, 2. Utgåve, ss. 167-185

Govier, Trudy (1983) *Teaching Philosophy*. Vol 6, 1. utgåve, ss. 13-24

Habermas, Jürgen (1985) *The theory of communicative action, Volume One: Reason and the Rationalization of Society*. Boston: Beacon Press.

Hagen, Aina Landsverk (2015) *Meningers mot – netthat og ytrings-frihet i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk/IJ-forlaget

Herbst, Susan (2010) *Rude democracy: Civility and incivility in American politics*. Philadelphia: Temple University Press.

Holm, Erling Dokk (2006) *Offentleg rom*. Henta 05.01.16 frå <http://voxpública.no/2006/12/offentleg-rom/>

Krimsky, Sheldon og Dominic Golding (1996) *Social theories of risk*. Westport: Greenwood Publishing Group.

McQuail, D. (1994). *Mass communication theory: An introduction*. 3. Utgåve. Thousand Oaks, CA: Sage.

Midtsjø, Line (2011) *VG Nett stenger for anonym debatt*. Henta 16.02.16 frå <http://e24.no/media/vg-nett-stenger-for-anonym-debatt/20088307>

Moen, Bjørg-Elin (2008) *Risk perception, priority of safety, and demand for risk mitigation in transport*. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse.

NESH - Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (2014) *Forskningsetiske retningslinjer for Internettforskning*. Utkast til nasjonal høringsrunde mai 2015. Oslo: De Nasjonale Forskningsetiske Komitéene

Nesvold, Anette, Rasmus Sjurseike og Carl Cato Wadel (2014). *Å bruke nettdebatter som kilde i forskning*. Tidsskrift for samfunnsforskning, ss. 106-120.

Papacharissi, Z. (2004). *Democracy online: Civility, politeness, and the democratic potential of online political discussion groups*. *New Media & Society*, Vol. 6, 2. Utgåve, ss. 259-283

Popkin, Samuel L. (1991). *The reasoning voter: Communication and persuasion in presidential campaigns*. Chicago: University of Chicago Press.

Public Religion Research Institute. (2010). *PRRI/RNS religion news survey*. Henta 10.02.16 frå [www.publicreligion.org](http://www.publicreligion.org)

Ringdal, Kristen (2013) *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. 3. Utgåve. Bergen: Fagbokforlaget

Røsjø, Bjarne (2008) *Internett endrar demokratiet*. Henta 26.01.16 frå <http://forskning.no/internett-data/2008/04/internett-endrar-demokratiet>

Saglie, Jo, Harald Baldersheim, Anne Krogstad, Rune Karlsen, Morten Øgård, Elin Haugsgjerd Allern og Signe Bock Seggaard (2008) *Makten på nettet, makten i nettet: Informasjonsregimer i 24-timersdemokratiet*. Norges Forskningsråd: Program for kommunikasjon, IKT og medier.



Santana, Arthur D. (2014) *Virtuous or Vitriolic*. Journalism Practice. Vol. 8, 1. Utgåve, ss. 18-33

Scheufele, Dietram A., og Bruce V. Lewenstein (2005) *The public and nanotechnology: How citizens make sense of emerging technologies*. Journal of Nanoparticle Research, 7(6), 659–667.

Schumpeter, Joseph A. (1976) *Capitalism, Socialism & Democracy*. London: Routledge

Shadish, Willam R., Thomas D. Cook og Donald T. Campbell (2002) *Experimental and quasiexperimental designs for generalized causal inference*. Boston: Houghton Mifflin

Skog, Ole-Jørgen (2013) *Å forklare sosiale fenomener – En regresjonsbasert tilnærming*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Stroud, Natalie Jomini, Joshua M. Scacco, Ashley Muddiman og Alexander L. Curry (2014) *Changing Deliberative Norms on News Organizations' Facebook Sites*. Journal of Computer-Mediated Communication. Vol 20, 2. Utgåve, ss. 188-203

Tufte, Per Arne (2013) *Å studere sosiale årsakssammenhenger*. Sosiologi i dag, Årgang 43. ss. 91-109

Uslaner, Eric M. (1993). *The decline of comity in Congress*. Ann Arbor: University of Michigan Press.

Winsvold, Marte (2013). *Deliberation, Competition, or Practice? The Online Debate as an Arena for Political Participation*. Nordicom Review. Vol. 34, 1. utgåve, ss. 3-15.

# Vedlegg - Spørreundersøkelse og stimuli



## Artikler og kommentarfelt CIVI

Side 1 av 8

### Velkommen!

Hei, og velkommen til denne spørreundersøkelsen!

Formålet med denne spørreundersøkelsen er å undersøke folks holdninger rundt nyhetsartikler og kommentarfelt. Datamaterialet vil bli brukt i undertegnedes mastergradsoppgave ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Din deltakelse er frivillig, og alle svar vil bli behandlet konfidensielt. Datamaterialet vil bli anonymisert ved prosjektslutt, senest ved utgangen av 2016.

Du samtykker i å delta ved å svare på spørsmålene og sende dem inn ved å klikke på «Ferdig» på siste side. Vennligst besvar alle spørsmålene i én økt. Bryter du av underveis, må du starte på nytt.

Tusen takk for at du er villig til å delta!

Kristoffer Støylen Refvik  
mastergradsstudent

Toril Aalberg  
professor, veileder  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU

[Neste](#)

### Innledningsspørsmål

1. Kjønn

- Mann  Kvinne  Annen oppfatning av kjønn

2. Alder

3. Hva gjør du?

- Student  Jobber  Arbeidssøkende  Annet

4. Hvor høy politisk interesse har du?

	Lav	1	2	3	4	5	6	7	Høy	
Lav politisk interesse	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	Høy politisk interesse

5. Hvor venstre- eller høyreorientert er du på en politisk skala?

	Venstre	3	2	1	0	1	2	3	Høyre	
Venstre	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	Høyre

6. Hva kommer du til å stemme ved neste valg?

- Arbeiderpartiet  
 Fremskrittspartiet  
 Høyre  
 Kristelig Folkeparti  
 Miljøpartiet De Grønne  
 Rødt  
 Senterpartiet  
 Sosialistisk Venstreparti  
 Venstre

**Artikler og kommentarfelt**

7. Hvor ofte får du med deg artikler og nyheter gjennom de følgende mediene?

	Aldri	En gang i mnd.	Flere ganger i mnd.	Flere ganger i uka	Hver dag	Flere ganger daglig
Gjennom venner (Samtaler etc.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Papiraviser (VG, Dagbladet, Aftenposten..)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
TV (TV2 Nyhetene, NRK Nyhetene..)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nettaviser (AP.no, NRK.no, VG.no, DB.no..)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Sosiale medier (Facebook, Twitter, Instagram, etc.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

8. Hvor ofte leser du kommentarfeltet under en artikkel?

	Aldri	Sjelden	Under noen artikler	Under mange artikler	Under hver artikkel	Ofte
Aldri	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

9. Hvor ofte deler du en artikkel i sosiale medier?

	Aldri	Noen ganger i mnd.	Noen ganger i uka	Hver dag	Ofte
Aldri	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

10. Hender det at du "likker" kommentarer under nyhetsartikler?

	Aldri	Sjelden	Under noen av likler	Under mange av likler	Under hver av likkel	Ofte
Aldri	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

11. Skriver du kommentarer under nyhetsartikler selv?

	Kommenterer aldri	Kommenterer sjelden	Av og til	Under noen artikler	Under mange artikler	Ofte
Aldri	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Tilbake

Neste

### Ta stilling til påstandene

12. Når jeg leser kommentarfeltet under en artikkel, så er det fordi:

	Ja	Nei	Leser ikke kommentarfelt
Kommentarene får fram poenger som ikke står i artikkelen.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kommentarene er underholdende.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kommentarene gir meg ett innblikk i artikkelens innhold så jeg slipper å lese den.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kommentarene er informative.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Jeg er blitt "tagget/merket" i ett.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

13. Kommentarfelt er gjerne ment for å skape en god offentlig debatt. Hvordan opplever du kommentarene i kommentarfeltene generelt?

Usaklig: Kommentarene har en unødig nedlatende tone, og kommenterer ikke artikkelen eller trådens emne.

Saklig: Kommentarene har en god tone, og kommenterer artikkelen eller trådens emne.

	Usaklige	Litt usaklige	Både og	Litt saklige	Saklige	
Usaklig	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	Saklig

14. På neste side skal du lese en kort artikkel om lærerutdanning, og et kort kommentarfelt med fire kommentarer. Hvor mye kunnskap har du om lærerutdanning fra før?

	Ingen kunnskap	Litt kunnskap	Noe kunnskap	Grei kunnskap	Mye kunnskap	
Lite	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	Mye

[Tilbake](#)

[Neste](#)

## Les nøye gjennom artikkelen og kommentarfeltet på neste side.

På neste side skal du lese en kort artikkel og ett påfølgende kommentarfelt. Les nøye gjennom artikkelen og kommentarene - det kommer spørsmål om disse på neste side.

Tilbake

Neste

Les nøye gjennom artikkelen og det påfølgende kommentarfeltet:

## Fem-årig lærerutdanning fra 2017

KUNNSKAPSPROJEKTET

2017-2020

**Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen innfrir regjeringens lærerløft og innfører lærerutdanning på masternivå.**



Det femårige løpet blir en forskningsbasert utdanning der studentene skal skrive masteroppgave, sier kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen (H).



- Lærerutdanningene og læreryrket i Norge må i enda større grad kjennetegnes av god innsikt forskning og utviklingsarbeid, sier han.



Han tror masterutdanning er veien å gå.

- Som masterstudenter vil framtidige lærere få vite mer om hvordan forskningsbasert kunnskap kan finnes og brukes. Med en utdanning som vektlegger forskningsbasert kunnskap, vil lærerne stå bedre rustet til å forbedre undervisningen, sier han.

Løftet om en femårig lærerutdanning er nedfelt i Høyre og Frps regjeringsplattform.

LES OGSÅ



Fra 2017 vil lærerutdanningen bli en masteroppgave.  
© NTB - Per Arne Skjold

## Kontrollgruppas stimuli:



### Aftenposten

Hva synes du om at lærerutdanningen blir femårig?

Like · Comment · 4 timer

👍 65 likes this.



**Astrid** Dette er veldig positivt! Samtidig føler jeg at man også må drøfte dagens respekt for lærere og pedagoger, og hvordan vi kan få denne respekten tilbake.

4 timer sid · Like · 👍 12



**Erik Bølgvik** Jeg tror at man også må legge opp selve utdanningskabalene bedre. Mange lærerstudenter klager over at kommunikasjonen mellom høgskolene og praksisplassene må bli bedre, og disse stemmene må høres! Sikter til denne artikkelen: <http://universitas.no/nyheter/57059/problemer-i-praksis>

3 timer siden · Like · 👍 9



**Kristian Buldsæter** Flott at regjeringen holder dette kunnskapsløftet! Men bør man ikke også ha strengere krav til hvem som skal bli lærere? I Finland bruker finske lærerutdanningen både intervjuer og vurderinger av egnethet som opptakskriterier for å sikre motiverte lærere: <http://www.nokut.no/Documents/NOKUT/Artikkelbibliotek/Kunnskaps>

3 timer siden · Like · 👍 6



**Trine Sværaas** Jeg støtter dette forslaget, men da bør man også få ettergivelse av gjelden på studielånet. Læreryrket i Norge er dårlig betalt i forhold til andre land i Skandinavia, og som Kristian foreslår, bør Regjeringen rette øynene mot den finske lærerutdanningen.

13 · Like · 👍 4

Write a comment...

Tilbake

Neste

## Eksperimentgruppas stimuli:



### Aftenposten

Hva synes du om at lærerutdanningen blir femårig?

Like · Comment · 4 timer siden

65 likes this.



**Astrid Tønes** Forskningsbasert kunnskap? Dette er bare pølsevev. Da jeg var ung var det respekt for lærerne som gjaldt, og det er denne respekten som må tilbake!!

4 timer siden · Like · 12



**Erik Bølgvik** Jeg tror ikke Regjeringen har peiling på hva som faktisk fungerer!! Skjønner de ikke at det er snakk om et pedagogisk problem!?!? Lærerne trenger mer praksis og mindre teori, de som mener noe annet vet ikke hva de snakker om!

3 timer siden · Like · 9



**Kristian Buldsæter** Faen for noe piss. Det som er problemet er at hvilket som helst fjols kan bli lærere i dag, de slipper inn hvem som helst!!

3 timer siden · Like · 6



**Trine Sværaas** Dette er så typisk Høgre! Dette er bare for å sørge for at lærerne, som allerede er dårlig betalt, skal få enda mer i studielån!

13 m · Like · 4

Write a comment...



**Artikkelen**

15. Hva var bakgrunnen for at regjeringen gjør lærerutdanningen en femårig master?

Framtidige lærere vil få mer pedagogisk kompetanse og praksis.	Framtidige lærere vil få vite mer om hvordan forskningsbasert kunnskap kan finnes og brukes.	Framtidige lærere vil få mer respekt fra elevene sine.	Framtidige lærere vil få vite mer om hvordan de skal legge opp skolehverdagen.
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

16. Løftet om en femårig lærerutdanning er nedfelt i en regjeringsplattform. Hvem sin?

Arbeiderpartiet og Venstre	Frp og Høyre	Rødt og Miljøpartiet De Grønne	SV og Senterpartiet
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

17. Hva synes du om kvaliteten på artikkelen?

Dårlig	Ganske dårlig	Verken eller	Ganske god	God	God kvalitet
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

18. Hvor positiv er du til at lærerutdanningen blir femårig?

Negativ	Litt negativ	Verken eller	Ganske positiv	Veldig positiv	Positiv
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Tilbake

Neste

**Kommentarfeltet**

19. I hvilken grad synes du dette kommentarfeltet er med på å belyse andre viktige sider ved lærerutdanningen?

Svært liten grad	Liten grad	Verken eller	I noen grad	Svært stor grad
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

20. I hvilken grad synes du kommentarene i kommentarfeltet ble lagt fram på en saklig måte?

Svært liten grad	Liten grad	Verken eller	I noen grad	Svært stor grad
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

21. Ble disse kommentarene ytret i kommentarfeltet?

	Ja	Nei
Lærere bør få høyere lønn.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lærere bør ta mer kollektiv trafikk.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Respekten til lærerne må tilbake.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lærerstudentene har for mye pensum.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lærerstudentene trenger en bedre praksisperiode.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det er for vanskelig å komme inn på lærerhøgskolen.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det bør bli strengere krav til hvem som skal bli lærere.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studielånet til lærerstudenter bør ikke bli høyere.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lærerstudiet bør forbli en treårig bachelor.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

22. Hvor enig er du i de følgende utringene?

	Svært uenig	Litt uenig	Verken eller	Litt enig	Svært enig
Respekten til lærerne må tilbake.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lærerstudentene trenger en bedre praksisperiode.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Strengere krav til hvem som skal bli lærere.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studielånet til lærerstudenter bør ikke bli høyere.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

23. Ta stilling til de følgende påstandene:

	Svært uenig	Litt uenig	Verken eller	Litt enig	Svært enig
At respekten til lærerne må tilbake er viktigere enn at lærerutdanningen blir femårig.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
En bedre praksisperiode i lærerutdanningen er viktigere enn at lærerutdanningen blir femårig.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Krav til hvem som skal bli lærere er viktigere enn at lærerutdanningen blir femårig.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det er viktigere at lærerutdanningen ikke får høyere studielån enn at lærerutdanningen blir femårig.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Tilbake

Ferdig